


STRYN KOMMUNE

Årsmelding 2023



Innhold

1.Kommunedirektøren si innleiing og oppsummering	5
2.Kommunen som organisasjon	7
2.1.Tilsette i Stryn kommune	7
2.2.Internkontroll, kvalitetssikring og likestilling	8
3.Folketalsutvikling 4. Kvartal 2023	20
4.Sysselsetting i kommunen	21
5.Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering.....	22
5.1.KOSTRA og begrepsforklaringar	24
6.Økonomisk status og måloppnåing	27
6.1.Økonomiske måltal og måloppnåing.....	27
6.2.Avvik mellom rekneskap og budsjett på overordna nivå	29
6.3.KOSTRA hovudtal.....	32
7.Oppfølging av klima	33
8.Kommunen sine tenesteområder	37
8.1.Sentraladministrasjon	37
8.1.1.Tenesteområdebeskriving	37
8.1.2.Utvikling og utfordringar	38
8.1.3.Viktige hendingar.....	41
8.1.4.Status økonomi.....	42
8.1.5.KOSTRA Nøkkeltal.....	44
8.1.6.Status økonomiplantiltak.....	45
8.1.7.Status investeringsprosjekt	46
8.1.8.Sjukefråvær.....	47
8.2.Oppvekst.....	47
8.2.1.Tenesteområdebeskriving	47
8.2.2.Utvikling og utfordringar	48
8.2.3.Viktige hendingar.....	50
8.2.4.Status økonomi.....	50
8.2.5.KOSTRA Nøkkeltal	52
8.2.6.Status økonomiplantiltak.....	52
8.2.7.Status investeringsprosjekt	53
8.2.8.Sjukefråvær.....	53
8.3.Helse og sosial	54
8.3.1.Tenesteområdebeskriving	54

8.3.2.Utvikling og utfordringar	55
8.3.3.Viktige hendingar.....	57
8.3.4.Status økonomi.....	59
8.3.5.KOSTRA Nøkkeltal	60
8.3.6.Status økonomiplantiltak.....	61
8.3.7.Status investeringsprosjekt	62
8.3.8.Sjukefråvær.....	63
8.4.Samfunnsutvikling	63
8.4.1.Tenesteområdebeskriving	63
8.4.2.Utvikling og utfordringar	67
8.4.3.Viktige hendingar.....	70
8.4.4.Status økonomi	71
8.4.5.KOSTRA Nøkkeltal	76
8.4.6.Status økonomiplantiltak.....	76
8.4.7.Status investeringsprosjekt	77
8.4.8.Sjukefråvær.....	79
9.Status investeringsprosjekt.....	80
9.1.Sentraladministrasjon	80
9.2.Oppvekst.....	81
9.3. Helse og sosial	81
9.4. Samfunnsutvikling	82
9.4.1. Status investeringsprosjekt.....	82
9.4.2.Sjølvkost.....	83
10.Årsrekneskap	84
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd	84
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	85
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	85
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	86
1. Investeringar i varige driftsmidlar	86
2. Tilskot til andre sine investeringar	88
3. Investeringar i aksjar og andelar	88
4. Utlån	88
Økonomisk oversikt drift etter § 5-6	88
§5-8 Balanse	89
§5-9 Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar	92
Rekneskapsprinsipp.....	93

Årsmelding 2023

Note 1 Arbeidskapital	96
Note 2 Pensjon	97
Note 3 Garantiansvar	104
Note 4 Utlån	105
Note 5 Aksjar og andelar	105
Note 6 Avsetning og bruk av fond	106
Note 7 Kapitalkonto.....	107
Note 8 Sal av finansielle anleggsmiddel	108
Note 9 Anleggsmiddel	109
Note 10 Investeringoversikt	110
Note 11 Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel	111
Note 12 Obligasjonar til forfall	111
Note 13 Langsiktig gjeld og avdrag.....	112
Note 14 Tidligere endringar i rekneskapsprinsipp	113
Note 15 Sjølvkostområde	114
Note 16 Tal årsverk og ytingar til leiande personar og revisor	115
Note 17 Betinga tilhøve og hendingar etter balansedagen	115
Note 18 Samla ekstern gjeldsforplikting IKS og KF	116
Note 19 Endring i Rekneskapsprinsipp i året	116

1. Kommunedirektøren si innleiing og oppsummering

Vi har lagt bak oss eit år med meir normal drift. Krigen i Ukraina held fram og Stryn kommune har teke i mot 85 nye flyktningar i 2023. Vi merker no at det er meir utfordrande med kapasitet på bustad, skule, barnehage og helsetenester. Vi har redusert lovnad på mottak av flyktningar for 2024 i høve til 2023. Vi skal ha stor merksemd på integrering i høve språk og å få flyktningane i arbeid.

Stryn kommune har mange verksemdområder som også skal driftast og utviklast kvar dag heile året uavhengig av ekstraordinære situasjonar. For å utvikle Stryn Kommune vidare er det særst viktig at kommunen sine planar er oppdaterte. Vi er forsinka på dette området og det må prioriterast vidare i året som kjem. Vi har arbeidd mykje med kommunedelplan samfunn - *Stryn mot 2035*. Prosessen må sikre god involvering av innbyggjarar og politikarar slik at vi får eit godt grunnlagsdokument som gjev tydleg retning og som vi legg til grunn for utviklinga av Stryn Kommune. Planen skal slutførast i løpet av 2024.

Vi ser også at utviklingstrekka både i oppvekst og omsorg for eldre vil gje oss utfordringar som krev tilpassing og omstilling dei komande åra.

Stor fleksibilitet hjå tilsette og flinke frivillige som har stilt opp meir enn forventa, har gjort at Stryn Kommune har klart seg bra gjennom 2023.

Takk til alle!

Økonomi

Årsrekneskapen for Stryn kommune for 2023 viser eit positivt netto driftsresultat på i overkant av 2,2 millionar kroner - tilsvarande 0,3 %. Etter to år med kraftig auke i skatteinngongen i 2020 og 2021, var det forventa ein vesentleg tilbakegang i 2022. Det vart det også, men ikkje så stor nedgang som budsjettert og prognostisert gjennom 2023. Dette ilag med auke i rammeoverføringane frå Staten bidrog til at ein trass kostnadsveksten klarte å kome ut med eit positivt netto driftsresultat også i 2023.

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen. Handlingsrommet er gjenspegla i *disposisjonsfondet* – som gjennom overskotet på drifta utvikla seg positivt med nærare 3 mill. i 2023. Disposisjonsfondet er på 56,3 mill. pr. 31.12.23.

Vi har dessverre framleis ein sjukefråværsprosent som er for høg. Dette medfører stor auke både i direkte og indirekte lønnskostnader samt slitasje på personell som står i denne situasjonen. Siste åra har Stryn kommune vore nøydde å bruke kjøpte vikartenester for å fylle nødvendig minimumsbemanning innan helsesektoren. I 2023 har ein gjennom målretta arbeid og fokus klart å redusere desse kostnadane med nær 10 mill. kroner.

Det er gledeleg at folketalet i Stryn syner vekst også dette året. Ved inngangen til 2024 var vi 7.271 innbyggjarar i Stryn kommune. Innbyggjartalet er den viktigaste indikatoren på at vi kan få til vekst og utvikling i Stryn kommune. Går ein bak tala i veksten ser vi at fødselsoverskotet er negativt i 2023 og det er den betydelege innvandringa som skapar folketalveksten. Situasjonen i Ukraina medfører

mange ekstra flyktningar også til vår kommune og det er særst viktig at vi klarer å følgje opp alle flyktningane med kapasitet i våre tenester.

Vi må også ha nok administrativ kapasitet og kompetanse samt meir effektive prosessar slik at vi kan følgje opp forventningar i samfunnet. Vi har mange viktige oppgåver som står i kø og må løysast på dette område. Forventningane hjå innbyggjarar og besøkande til kommunen er stor.

Miljø og berekraft

Stryn kommune merkar godt at miljø og berekraft vert meir og meir ein del av kvardagen vår. Dette gjeld både innan lover og reglar, direktiv, planarbeidet, saksbehandlingsprosessar, utdanning, klimatiltak, kapasitet og infrastruktur på rein energi og ladestasjonar for å nemne noko. I sum verkar dette inn på alt vi arbeider med. Vi har prioritert sertifisering som *Miljøfyrtårn* som ein del av dette arbeidet. Kommuneadministrasjonen (3. etasje) vart sertifiserte i februar 2024 og vi har laga plan for sertifisering av alle einingar i kommunen i løpet av 2024/25.

Kommunikasjon, informasjon og samfunnskontakt

Vi har frå hausten 21 og vidare gjennom 2022 og 2023 jobba ein del med å utvikle kommunikasjonen både med politikarar og samfunnet. Vi er opptekne av å ha ein open dialog og informere både politikarar og innbyggjarar om saker og tiltak det vert jobba med. Det er viktig og få tilbakemeldingar slik at vi i størst mogleg grad kan samhandle om viktige tiltak for vekst og utvikling i heile kommunen. Konkrete tiltak som er gjennomført er at kommunedirektøren eller fagpersonar har ein eigen sekvens på kvart formannskapsmøte og / eller kommunestyremøte med informasjon. Vi har også etter valet i 2023 gjennomført 3 samlingar med politikarane i det nye kommunestyret. *Samforum* – samhandling med næringsorganisasjonar og Stryn næringshage - med faste møter, fungerer no godt. Vi stiller opp etter behov i ulike fora som partimøter, «Innom» (uformelt frukostmøte for alle næringsdrivande i kommunen), opne fagmøter og møter i bygdeutviklingslag. Vi har også fått etablert ei ny stilling i Stryn Kommune som førstekonsulent Næring - som koordinerer dialogen og tiltak.

I tillegg arbeider vi kontinuerleg med å forbetre våre kommunikasjonskanalar.

Organisasjon

Vi har no gjennomført 8 samlingar med ca 50 leiarar i Stryn Kommune i 2023 i regi av KS konsulent. Dette programmet vart avslutta og evaluert i november 2023. I tillegg har vi hatt samlingar med leiargruppa. «10-faktor» står sentralt i dette arbeidet og kvar etat / eining arbeider med å utvikle verksemda si innan definerte områder med konkrete mål og tiltak. Dette er viktig for tenesteleveransen og gjennomføringsevna. Eit gjennomgåande tiltak er tydlegare rolleklarheit. Rekruttering er eit anna viktig område som vi arbeider mykje med. Det er avgjerande viktig at vi klarer å rekruttere motiverte medarbeidarar i alle deler av verksemda.

Vi har arbeidd mykje med organisasjonstilpassing og -utvikling dei siste åra. Hausten 2023 vart organisasjonsstrukturen bestemt og no skal vi ha fokus på kontinuerleg forbetring, rolleavklaring, fullmakter og tverrfagleg samhandling. Vi er også opptekne av å ta i bruk ny teknologi som kan effektivisere prosessar.

Stryn Kommune har i løpet av 2023 rekruttert fleire nye medarbeidarar i organisasjonen. Desse må få tid til å kome seg inn i oppgåvene, men vi erfarer raskt at desse tilfører organisasjonen mykje.

Årsmelding 2023

Det er mange flinke folk i Stryn kommune som går på jobb kvar dag for å gjere det beste dei kan for innbyggjarane i kommunen. Ikkje alt er like synleg for alle. Eg har stor respekt for den jobben dei tilsette gjer kvar dag og håper at innbyggjarane gjer det same.

Eg vil også takke alle som har slutta i 2023 for innsatsen. Det vert viktig at vi framover klarer å prioritere rett og arbeide klokt innanfor dei rāmene vi har.

Kommunedirektøren vil takke alle tilsette, folkevalde og særleg ordførar samt engasjerte innbyggjarar, for godt samarbeid.

2. Kommunen som organisasjon

2.1. Tilsette i Stryn kommune



Figur 1: organisasjonen Stryn kommune desember 2023

I 2024 er "Bygg og vedlikehald" flytta frå stab til etat for Samfunnsutvikling. Ny kommunalsjef for Samfunnsutvikling, Steinar Nesdal, er på plass frå 1. mars 2024.

Organisasjonen Stryn kommune hadde 735 tilsette per 31.12.2023, fordelt på 606 årsverk, med følgjande fordeling mellom etatane:

Tabell 1: tilsette og årsverk i Stryn kommune i 2023.

	2023			2022
Stryn kommune	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Årsverk	606	499	107	606
Tilsette	735	602	133	745
Sentraladministrasjonen				
Årsverk	51	32	19	49
Tilsette	64	42	22	59
Skule og kultur				
Årsverk	256	220	36	270
Tilsette	308	265	43	321
Helse og sosial				
Årsverk	250	226	24	252
Tilsette	352	316	36	339
Samfunnsutvikling				
Årsverk	49	21	28	35
Tilsette	67	30	37	37

**Når ein summerer årsverk for kvar etat stemmer det overeins med totalsummen av årsverk i kommunen. Då nokre tilsette har stilling i to etatar, kan den same tilsette blir telt to gongar. Sum tal tilsette stemmer såleis ikkje 100% med summen av tilsette i dei einskilde etat.*

Tala inkluderer fast tilsette, vikarar og engasjement. Vakante stillingar der det ikkje er tilsett vikar, er ikkje med i grunnlaget då årsverka for vakante stillingar ikkje kjem fram av rapporten. Folkevalde, støttekontakter, flyktningar i introduksjonsprogram m.m, inngår heller ikkje i grunnlaget.

I tillegg er det 10 lærlingar i helsefag og to lærlingar i Barne- og ungdomsarbeidarfaget på ulikt stadiet i utdanninga si i 2023. Legar og fysioterapeutar med driftsavtale kjem også i tillegg. Det same gjeld oppdragstakarar som støttekontakt, besøksheimar, fosterheimar. Personar som mottok omsorgsløn er heller ikkje rekna med.

2.2. Internkontroll, kvalitetssikring og likestilling

Generelt om internkontroll, kvalitetssikring og likestilling

Stryn kommune har etablert føresegner, prosedyrar og rutinar (i Compilo) for å sikre internkontroll og dermed tryggleik og ein høg etisk standard blant tilsette. Kommunen har utarbeida etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Stryn kommune. Prosedyrar er til for å følgjast. Dette krev at leiarane og dei tilsette får stadig opplæring i desse, samt at alle tek medansvar og set seg inn i prosedyrane som er relevante i arbeidet. Til slutt er kontinuerleg revisjon avgjerande slik at prosedyrane er oppdaterte ihht lovverk og interne vedtak. Alle leiarane har delteke i eit leiarutviklingsprogram som vart avslutta i 2023 med mål å forbetre prosessar som er avhengige av godt leiarskap. Programmet blir leia av KS i tett samarbeid med leiargruppa og HR-avdelinga.

Eit viktig prinsipp i kommunen er at ansvar og mynde skal delegerast til lågast mogleg nivå når dette er mogeleg. Saker som er av prinsipiell eller alvorleg karakter, skal slusast til sentralt nivå. I slike

saker er målet å sikre mest mogleg lik og rettmessig handsaming av tilsette innan tema som tilsettingar, avgangar (skriftlege oppseiingar), handtering av permisjonar, lønsrelaterte tilhøve, advarslar osv. Samtidig er det viktig at leiarar på alle nivå utøver det mandatet dei har slik at unødige mange saker må handterast sentralt. Ei viktig årsak til at ein samordna HR-ressursar i 2019, var nettopp at ein skulle sikre lik tilnærming innan viktige tema uavhengig av arbeidsplass.

I løpet av dei seks fyrste månadene skal nytilsette ha fleire pålagde samtalar med leiar. Eitt av formåla med samtalanene er at leiar skal ta opp tema ein opplever utfordrande på ein konstruktiv måte. Dette kan vere måte å behandle brukarar på, årvåkenheit i arbeidet, haldningar mm. Like viktig er sjølvstilt positive tilbakemeldingar til den nytilsette. Målet er alltid at tilsette som ikkje held den standarden ein er avhengige av for å skjytte samfunnsoppdraget ein kommune har, fortrinnsvis skal guidast til å kunne utvikle seg med mål å nå forventna standard, eventuelt at arbeidsforholdet blir avslutta.

Kommunen har fokus på at både tilsettingsprosessar og saksgang generelt skal vere transparente. Tilsette skal vere opne om styreverv, aksjepostar og andre tilhøve som kan tenkjast å sette habiliteten i fare i høve objektiv saksgang.

Også teieplikta er avgjerande i kommunen, då mykje av arbeidet består i å handtere menneske i sårbare situasjonar. Temaet har høgt fokus på den einskilde arbeidsplassen og den etiske standarden synes høg også på dette punktet. Når dette er sagt, ser vi at tilsette i einskilde høve har for lite forståing av kva informasjon som kan delast på sosiale medium. Å opplyse om dette arbeidet er ei viktig oppgåve for arbeidsgjevar. Teieplikta er og gjeldande også etter at arbeidsforholdet er avslutta.

I Stryn kommune skal tilsette så langt som mogleg oppleve tryggleik i arbeidet, men og i prosessane dei inngår i. Sjølv om tilsette tidvis vil vere ueinig i konklusjonen av ein saksgang, skal dei vere trygge på at saksprosessen held fagleg og etisk mål. Det er difor ein kritisk føresetnad at all relevant informasjon blir dokumentert og lagra i websak+. Dette for å sikre tryggleiken til både arbeidsgjevar og den tilsette ved eventuelle seinare spørsmål til prosessen.

Utover dette syner ein her til kommunen sine etiske retningslinjer.

Diskriminering

Arbeidsgjevar skal følgje opp alle varsel og avvik som blir kjende eller meldt inn. Kommuneleiinga har ingen indikasjon på at det føregår (ei systematisk) diskriminering av individ basert på kjønn, etnisitet eller andre tilhøve når ein går gjennom varsla. Ein har og eit tett samarbeid med organisasjonane og verneomboda dersom/når temaet opplevd diskriminering blir løfta fram. Det har ikkje blitt meldt inn nokon saker til Arbeidsmiljøutvalet innan dette temaet i 2023.

Gjennom vernerundane, avvikssystemet og varslingssystemet kan og dei tilsette melde inn tilhøve knytt til diskriminering. Det har ikkje kome fram at det føregår alvorlege brot eller eit antal «mindre brot» som indikerer ein ukultur blant tilsette. Kommunen har heller ikkje vore involvert i saker som har vore fremma av td den sentrale diskrimineringsnemda i 2023. Einskildsaker skal handterast iht utarbeidd prosedyre.

I Stryn kommune arbeider mange tilsette i alle aldrar, av begge kjønn og frå mange nasjonalitetar. Kommunen er årvaken på om det utviklar seg subkulturar mellom ulike grupper tilsette, og om språkproblem, haldningar ol kan true den etiske standarden. Sjølv om ein kan oppleve einskildpersonar eller -situasjonar som må handterast, har kommunen ikkje noko grunnlag for å konkludere annleis enn at det etiske nivået i kommunen er høgt.

Når dette er sagt, er problemstillingar knytt til diskriminering tema som blir drøfta, ofte også etter initiativ frå arbeidsgjevar. Dette gjeld td spørsmål knytt til løn, lønsnivået til nytilsette vs tilsette med

lang erfaring, nivå på personlege tillegg som einskilde får, mm. Organisasjonen arbeider systematisk for å møte problemstillingane på best mogleg måte, eit arbeid som ikkje alltid er like enkelt å balansere.

Likestilling/likeløn

Kjønn/heiltid og deltid

Det er iverksett eit prosjekt i samarbeid med organisasjonane og hovedverneombodet med mål at fleire skal arbeide heiltid i kommunen. Dette er og eit viktig grunnlag for lønsutjamning mellom kjønna. Meir heiltid er viktig for den tilsette, men og for andre tilhøve relatert til kvaliteten på tenestene vi skal yte.

Tabell 2 og 3 syner fordelinga av tal tilsette som arbeider heiltid i Stryn kommune.

Tabell 2. Heiltid- og deltid i Stryn kommune. **Kvinner**. Antal stillingar, tilsette og årsverk. Tal pr 01.12.2023. (Kilde: KS sitt PAI-register)

Sektor	Heltid/ deltid	Stillinger			Gjennomsnittlig størrelse på stilling	Ansatte			
		Antall stillinger	Andel av stillinger i sektoren			Andel av ansatte i sektoren	Stillingsstørrelse per ansatt	Ansatte	Årsverk
Alle	Alle	739		67%		81%	611	496	
	Deltid	498	67%	51%	53%	64%	324	208	
	Heltid	241	33%	100%	47%	100%	287	287	
Administrasjon	Alle	82		66%		66%	82	54	
	Deltid	58	71%	52%	71%	52%	58	30	
	Heltid	24	29%	100%	29%	100%	24	24	
Undervisning	Alle	182		72%		85%	154	130	
	Deltid	104	57%	50%	48%	68%	74	50	
	Heltid	78	43%	100%	52%	100%	80	80	
Barnehager	Alle	98		86%		86%	98	84	
	Deltid	42	43%	67%	43%	67%	42	28	
	Heltid	56	57%	100%	57%	100%	56	56	
Helse/pleie/omsorg	Alle	356		60%		70%	303	213	
	Deltid	284	80%	50%	72%	59%	218	128	
	Heltid	72	20%	100%	28%	100%	85	85	
Samferdsel og teknikk	Alle	9		72%		72%	9	6	
	Deltid	3	33%	16%	33%	16%	3	0	
	Heltid	6	67%	100%	67%	100%	6	6	
Annet	Alle	12		65%		65%	12	8	
	Deltid	7	58%	41%	58%	41%	7	3	
	Heltid	5	42%	100%	42%	100%	5	5	

Årsmelding 2023

Forklaring: Her blir alle stillingane til ein tilsett inkludert – ein person kan altså ha to stillingar på 17% i ulike etatar, men samla ha ei deltidsstilling på 34%. Eller ein person kan ha to 50%-stillingar, og då (i denne tabellen) bli rekna som ein heiltidstilsett.

Ein tilsett kan ha fleire stillingar. Om ein tilsett har stillingar i flere etatar, vil vedkomande bli telt i kvar av desse sektorane. Derfor kan summen av tilsette over etatane vere høgare enn tal tilsette.

PS: ein ser at det i KS sine grunndata er skilnad på tal årsverk vs Stryn kommune sine egne tal. Dette skuldast både tidpunkt for når rapporten er teken ut, men ikkje minst at KS sin rapport ekskluderer vikarar. Dette gjeld alle tabellar frå KS/PAI-registeret.

Tabell 3. Heiltid- og deltid i Stryn kommune. **Menn.** Antal stillingar, tilsette og årsverk. Tal pr 01.12.2023. (Kilde: KS sitt PAI-register)

Sektor	Heltid/ deltid	Stillinger			Ansatte			
		Antall stillinger	Andel av stillinger i sektoren	Gjennomsnittlig størrelse på stilling	Andel av ansatte i sektoren	Stillingsstørrelse per ansatt	Ansatte	Årsverk
Alle	Alle	175		59%		68%	153	104
	Deltid	104	59%	31%	50%	35%	76	27
	Heltid	71	41%	100%	50%	100%	77	77
Administrasjon	Alle	32		86%		89%	31	28
	Deltid	9	28%	51%	26%	57%	8	5
	Heltid	23	72%	100%	74%	100%	23	23
Undervisning	Alle	42		69%		78%	37	29
	Deltid	20	48%	35%	41%	47%	15	7
	Heltid	22	52%	100%	59%	100%	22	22
Barnehager	Alle	9		75%		75%	9	7
	Deltid	4	44%	44%	44%	44%	4	2
	Heltid	5	56%	100%	56%	100%	5	5
Helse/pleie/omsorg	Alle	43		50%		60%	36	22
	Deltid	35	81%	39%	67%	40%	24	10
	Heltid	8	19%	100%	33%	100%	12	12
Samferdsel og teknikk	Alle	41		31%		34%	37	13
	Deltid	31	76%	8%	73%	9%	27	2
	Heltid	10	24%	100%	27%	101%	10	10
Annet	Alle	8		79%		79%	8	6
	Deltid	5	63%	67%	63%	67%	5	3
	Heltid	3	38%	100%	38%	100%	3	3

Ein tilsett kan ha fleire stillingar. Om ein tilsett har stillingar i flere etatar, vil vedkomande bli telt i kvar av desse etatane. Derfor kan summen av tilsette over etatane vere høgare enn tal tilsette totalt. Stillingsstorleik pr tilsett er tal årsverk som arbeider i etaten, delt på tal tilsette i etaten. Har ein person fleire stillingar i etaten, tel alle med i stillingsstorleiken. Årsverk desse tilsette yter i ein annan etat eller kommune blir ikkje teke med i utrekninga av stillingsstorleiken.

Årsmelding 2023

Forklaring: Her blir alle stillingane til ein tilsett inkludert – ein person kan altså ha to stillingar på 17% i ulike etatar, men samla ha ei deltidsstilling på 34%. Eller ein person kan ha to 50%-stillingar, og då (i denne tabellen) bli rekna som ein heiltidstilsett.

Kommunedirektøren har som mål at delen av heiltidsstillingar skal auke i dei komande åra.

Gjennomsnitt tal veker foreldrepermisjon for kvinner og menn

I Stryn kommune har svært få menn søkt utvida periode for foreldrepermisjon. Det er også svært få menn som søker omsorgspermisjon pga born under ti år.

Løn

I lønspolitisk plan er det avgjerande prinsippet lik løn for likt arbeid, korrigert for kjønnsnøytrale variablar som td utdanning. Lønsfastsetting i kommunen skjer gjennom sentralt HR-kontor. Dette er for å sikre at løn så langt som mogleg blir fastsett korrekt i den einskilde tilsettinga uavhengig av kjønn, kjennskap og andre tilhøve. I Stryn kommune har td kommunalsjefane i leiargruppa tilnærma lik løn, eit prinsipp som så langt som mogleg også er gjeldande nedover i organisasjonen blant tilsette/leiarar i same stillingskategoriar (justert for avtalte faktorar). Den overordna lønsfastsettinga inngår som del av partssamarbeidet ifm lønsforhandlingane. Tilsette kan og krevje innsyn i andre tilsette si løn på visse vilkår.

Både lønssamtalar og rett til ekstraordinære lønsforhandlingar skal bidra til at tilsette opplever ikkje å få drøfta løna si i ein transparent saksprosess iht HTA.

Nokre utfyllande data om lønsutviklinga i Stryn kommune i 2023 (Tal pr. 1.12.2022 og 1.12.2023 basert på KS sitt PAI-register).

Tabell 4: Lønsutvikling for fast- og timeløna hoved- og bistillingar i Stryn kommune.

Kjønn	Månedsfortjeneste 2023	Grunnlønn 2023	Endring i månedsfortjeneste 2022-2023	Endring i grunnlønn 2022-2023	Ansatte 2023	Årsverk 2023	Endring i årsverk 2022-2023
Kvinner og menn	49.862	46.817	5,5%	4,9%	764	599	3,1%
Kvinner	49.510	46.362	5,5%	5,1%	611	496	4,1%
Menn	51.540	48.994	5,5%	4,6%	153	104	-1,4%

Grunnløn 2023' syner gjennomsnittleg løn utan avtalte faste og variable tillegg. 'Månedsfortjeneste 2023' syner grunnlønn inkludert avtalte faste og variable tillegg. Til dømes vil då overtid ikkje vere med i grunnlaget. Tabell 4 syner at kvinnene og menn har hatt ei jamn lønsutvikling det siste året, medan det i 2022 var det mennene som hadde den beste utviklinga.

Årsmelding 2023

Tabell 5: Lønstilhøve justert for ulike faktorar. Stryn kommune.

Gjennomsnittleg fortjeneste pr. månadsverk og gjennomsnittleg grunnlønn pr. månadsverk for kvinner i prosent av menn si løn. Tal pr. 1.12.2021, 1.12.2022 og 1.12.2023.

Justert for	Årstall		2022		2023	
	2021					
	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns	Kvinnens månedsfortjeneste i prosent av menns	Kvinnens grunnlønn i prosent av menns
Ujustert	98,0	96,1	96,1	94,2	96,1	94,6
Alder	98,0	96,1	96,1	94,2	96,1	94,6
Stillingsgruppe	99,1	98,0	98,6	97,5	98,4	97,6
Stillingskode	99,6	100,4	98,9	99,2	97,9	98,3
Utdanning	99,9	98,8	96,2	95,1	98,4	99,6

Tabell 5 stadfestar utviklinga i tabell 4. Tala gjev uttrykk for kva kvinner si løn som andel av menn si løn ville ha vore dersom kvinner og menn hadde hatt same årsverksfordeling innanfor kvar av variablane det er justert for. Tala justert for stillingsgruppe eller stillingskode bør brukast som mål på kjønnsforskjell i løn, sidan tala i stor grad held utenfor den delen av lønsskilnaden som skuldast ulike yrkesval.

Tabellen syner at lønsnivået i Stryn kommune praktisk talt var heilt likt mellom kjønna i 2021 når løn er justert for stillingsgruppe og -kode, medan skilnaden har auka i 2022 og i 2023 viser tilsvarande avstand som i 2022. Denne trenden vil arbeidsgjevar følge opp og søke forklart. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane vil ha fortsatt ha trykk på dette temaet. Det skal ikkje skje lønsmessig diskriminering i Stryn kommune.

Lønsskilnadar på ulike stillingsnivå/grupper

Tabell 6 og 7 gjev innsyn i ev lønsskilnadar på ulike stillingsnivå/grupper mellom kjønna.

Tabell 6 Stryn kommune. Kapittel og arbeidstakergruppe. **Kvinner.** Tilsette etter antal, årsverk, gjennomsnittleg månadsfortjeneste, grunnlønn og variabel overtid pr. månadsverk. Tal pr. 1.12.2023. Endring av løn og årsverk 2022 – 2023

Kapittel	Arbeidstakergruppe	Antall ansatte	Antall årsverk	Månedsfortjeneste	Grunnlønn	Variabel overtid	Vekst i månedsfortjeneste 1.12.22-1.12.23	Vekst i grunnlønn 1.12.22-1.12.23	Vekst i årsverk 1.12.22-1.12.23
Alle	Alle	611	496	49.510	46.362	1.287	5,5%	5,1%	4,1%
3	Alle	16	16	64.724	64.710	0	4,2%	4,2%	-11%
	Ledere kap. 3.4.1	1	1	66.667	66.667	0	-15%	-15%	0,0%
	Ledere kap. 3.4.2	15	15	64.594	64.579	0	5,6%	5,6%	-11%
4	Alle	579	467	48.807	45.467	1.365	5,7%	5,3%	5,0%
	Ledere kap. 4	36	35	56.801	56.465	404	7,1%	6,9%	2,6%
	Stillinger uten særskilt krav om utdanning	155	98	41.294	37.095	1.801	6,1%	5,9%	12,1%
	Fagarbeiderstillinger/tilsvarende fagarbeiderstillinger	147	117	45.565	40.584	2.146	5,5%	4,8%	1,3%
	Stillinger med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	1	0	55.793	43.992	10.060	6,1%	5,4%	0,0%
	Lærer og Stillinger med krav om 3-årig U/H-utdanning	131	115	51.073	48.074	1.489	5,9%	5,3%	8,9%
	Adjunkt og Stillinger med krav om 4-årig U/H-utdanning	37	32	51.125	49.458	643	6,1%	5,6%	8,6%
	Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillinger med krav om 5-årig	69	62	56.220	53.965	0	6,4%	6,8%	-9,7%
	Lektor og Stillinger med krav om mastergrad	5	5	53.230	51.707	0	7,6%	7,4%	66,7%
	Lektor med tilleggsutdanning	3	2	57.250	55.969	0	-0,6%	-2,8%	273%
5	Alle	17	12	56.356	56.356	0	9,1%	9,1%	-5,5%
	Ledere	4	4	59.893	59.893	0	7,7%	7,7%	0,0%
	Andre	12	8	54.932	54.932	0	10,1%	10,1%	-8,5%
	Utdanningsstillinger	1	1	54.825	54.825	0	3,8%	3,8%	0,0%

Årsmelding 2023

Tabell 7 Stryn kommune. Kapittel og arbeidstakergruppe. **Menn.** Tilsette etter antal, årsverk, gjennomsnittleg månadsforteneste, grunnlønn og variabel overtid pr. månadsverk. Tal pr. 1.12.2023. Endring av løn og årsverk 2022 - 2023.

Kapittel	Arbeidstakergruppe	Antall ansatte	Antall årsverk	Månedsforteneste	Grunnlønn	Variabel overtid	Vekst i månedsforteneste 1.12.22-1.12.23	Vekst i grunnlønn 1.12.22-1.12.23	Vekst i årsverk 1.12.22-1.12.23
Alle	Alle	153	104	51.540	48.994	2.545	5,5%	4,6%	-1,4%
3	Alle	5	4	78.718	78.718	0	13,4%	13,4%	-40%
	Ledere kap. 3.4.1	3	2	88.037	88.037	0	12,6%	12,6%	-28%
	Ledere kap. 3.4.2	2	2	68.611	68.611	0	9,3%	9,3%	-50%
4	Alle	133	88	48.883	45.877	2.719	7,7%	6,8%	1,0%
	Ledere kap. 4	9	9	54.087	53.892	925	7,4%	7,2%	-1,9%
	Stillingar uten særskilt krav om utdanning	34	18	43.168	38.509	3.657	9,9%	9,5%	-13%
	Fagarbeiderstillingar/tilsvarende fagarbeiderstillingar	51	24	43.985	41.420	5.838	4,9%	2,8%	6,8%
	Stillingar med krav om fagbrev og 1-årig fagskoleutdanning	1	1	45.100	45.100	0	.	.	.
	Lærer og Stillingar med krav om 3-årig U/H-utdanning	17	14	51.834	47.338	1.722	10,7%	7,5%	8,6%
	Adjunkt og Stillingar med krav om 4-årig U/H-utdanning	4	3	50.691	49.219	0	6,0%	5,3%	-28%
	Adjunkt med tilleggsutdanning og Stillingar med krav om 5-årig	18	18	56.193	53.547	0	6,0%	6,3%	6,0%
	Lektor med tilleggsutdanning	1	1	50.967	50.967	0	2,5%	5,0%	16,3%
5	Alle	17	12	61.806	61.806	2.140	-1,9%	-1,9%	4,3%
	Ledere	3	3	82.333	82.333	8.216	46,0%	46,0%	52,5%
	Andre	14	9	54.576	54.576	0	-15%	-15%	-6,2%

I kapittel 4 er snittet i løn mellom kjønna relativt like. Mennene har eit høgre snitt enn kvinnene. Både i kapittel 3 og 5 er skilnadene del-forklarbare mtp stilling. I kapittel 5 sit menn i leiarstillingar/stillingar som dreg snittet oppover – stillingar som ligg over snittet mtp fag eller funksjonsområde. I kapittel 3.4.2 ligg fleire årsverk som er knytt til dei best betalte overordna leiarstillingane utanom kapt 3.4.1. Menn sit i eit fleirtal av desse stillingane.

Arbeidsgjevar vil analysere desse data grundig og involvere organisasjonane ifm «aktivitets- og redegjæringsplikta» ila 2024.

Alder

Tabell 8. Oversikt per 31.12.2023 syner at det er 128 tilsette som har alder 58+. (2022:128, 2021:122, 2020: 123, 2019: 136). Til saman utfører desse 128 personane 98,4 årsverk. Desse 128 tilsette er fordelte mellom etatane slik:

Utval: +58 i Stryn kommune	Tilsette (%)	Årsverk
Sentaladministrasjonen	7 (5,5%)	5,9
Skule og kultur	38 (29,7%)	31,6
Helse og sosial	69 (53,9%)	47,9
Samfunnsutvikling	14 (10,9%)	13,0
Sum	128 (100%)	98,4

Over halvparten av dei som er 58 + i organisasjonen arbeider i helse og sosial. Ser ein på kor mange gruppa av 58+ utgjer av det totale talet på tilsette i etaten, finn vi at prosenten er:

Det er eit betydeleg rekrutteringsarbeid som må skje i åra framover for å erstatte leiarar og fagstillingar. Det er viktig at vi får til ei gradvis ut- og innfasing av denne arbeidskrafta for å sikre nødvendig kompetanse i organisasjonen. Det er avgjerande at kommunen iverkset overlappende prosessar i god tid før kritisk fagpersonell skal slutte.

Tilsette i ufrivillig deltid

Stryn kommune har intensøkerliste der tilsette i organisasjonen kan melde inn ønske om auka stillingsprosent. Ser vi på helse og sosial er det ein stor nedgang i antal tilsette som søker om auka stillingsprosent. Vi er komne godt i gang med arbeidet med å redusere ufrivillig deltid, og dette er noko vi vil arbeide vidare med i prosjekt som omhandlar heiltidskultur.

Vernerunde

Kvar arbeidsplass skal gjennomføre vernerunde ved årsskiftet som del av internkontroll-tiltaka og utarbeide ein handlingsplan for HMS. Vernerunde og handlingsplan skal skje i regi av leiar der verneombodet er ein viktig samarbeidspart. Vernerunde og handlingsplan ivaretek arbeidsgjevar sitt ansvar for å kartlegge og setje inn tiltak for å sikre eit «fullt forsvarleg arbeidsmiljø» i verksemda, jfr. Aml. § 4-1. Prosedyre for vernerunde og handlingsplan skal, blant fleire tiltak, sikre ein planmessig gjennomgang av det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet. Bedriftshelsetenesta er ein viktig samarbeidspart for å følgje opp både det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet. Tiltak som krev midlar utover det den einskilde avdelinga/sektor har tilgjengeleg (c-tiltak), blir sendt inn til HR-avdelinga og hovedverneombodet for registrering og oppfølging.

I 2023 blei c-tiltaka som vart meldt inn vurderte og rangerte av hovudverneombodet, seksjonsleiar bygg og vedlikehald og HR-sjef før eit prioritert utval av tiltak til ein estimert kostnad på ca 1 million blei fremma til Arbeidsmiljøutvalet og teke med vidare i budsjettprosessen. Det blei politisk bestemt i 2021 å sette av ein sum tilsvarande 1 000 000,- årleg som kan nyttast til å følgje opp dei tiltaka AMU prioriterer. Dette var ei viktig beslutning som vil styrke engasjementet rundt vernearbeidet.

Eit utval av dei mindre kostbare tiltaka som ikkje blir vedtekne i AMU, blir likevel utbetra i regi av seksjonsleiar bygg og vedlikehald gjennom året så sant ein finn ressursar til dette.

HR-avdelinga nyttar resultatet frå vernerundane som del av grunnlaget for analyse av td sjukefråværet i dei einskilde avdelingane.

AKAN-utval

Det er nedsett eit AKAN-utval i kommunen. Utvalet er underutval til Arbeidsmiljøutvalet og er sett saman av følgjande medlemmer: Kommunalsjef Helse og sosial, HR-sjef, Hovudverneombodet, to AKAN-kontaktar – ei for området Vikane/Olden og ei for resterande område. Også Bedriftshelse1 er representert. Utvalet har i 2023 revidert og kvalitetssikra eksisterande prosedyrar for AKAN-arbeidet. Det er avgjerande at arbeidsgjevar har klare retningslinjer for intervensjon når tilsette har ei rus- eller spelutfordring. Kommuneoverlegen har delteke i dette arbeidet og slik kvalitetssikra at prosedyrene er tilpassa og synkronisert med legane sitt mandat i det oppfølgjande arbeidet.

AKAN-kontaktane skal vere til stades på relevante avdelingsmøte og presentere seg og oppgåvene knytt til rolla. Slik ønsker ein å styrke det førebyggjande arbeidet gjennom oppdatert kunnskap blant leiarane.

AKAN-kontaktane har ikkje blitt kontakta av tilsette i 2023. Truleg er det ein bøyg for dei det gjeld å kontakte ein kollega om så vanskelege tema. Det kan og vere at målgruppa opplever at det allereie er tilstrekkeleg involverte når arbeidsgjevar, fastlege og andre interne og eksterne ressurspersonar er inne i saka. Erfaringa frå desse er at lokal leiar og kollegaene synes å ha eit sterkt ønske om å få dei det gjeld attende til ordinært arbeid.

Arbeidet for å støtte tilsette som har eit spel- eller rusproblem er viktig for kommunen.

Inkluderande arbeidsliv

Stryn kommune vart Inkluderande arbeidslivsbedrift 01.09.2002 og har også tilslutta seg noverande sentrale avtale med varigheit ut 2024.

Stryn kommune har etablert fire overordna IA-mål i lys av føringane i sentral avtale:

1. Førebygge / forkorte sjukefråvær gjennom eit systematisk og dokumentert HMS-/IA-arbeid.

a) Kommuneleiinga og leiar på den einiskilde arbeidsplass/avdeling skal, på bakgrunn av data frå medarbeidarundersøkinga, vernerunden, medarbeidarsamtalar, avdelings-/kvartalsmøte og avviksmeldingane, iverksette arbeidsrelaterte tiltak som fremjar jobbengasjement og hindrar arbeidsrelatert sjukdom/fråvær. Tiltaka skal samlast i HMS-/IA handlingsplan. Gjennomføre kurs etter fastlagd plan.

b) Overordna målsetting for Stryn kommune for 2023 var minst 94 prosent nærvær for alle kommunalt tilsette.

2. Legge til rette for at personar med redusert funksjonsevne/ andre tilretteleggingsbehov får arbeid/arbeidstrening på kommunale arbeidsplassar.

a) Kommunen skal, gjennom dokumenterte tiltak, så langt som mogleg tilrettelegge for dei som får si funksjonsevne redusert.

b) Stryn kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar også for personar med redusert funksjonsevne. Arbeidsevne/kompetanse er det sentrale tilsettingskriteriet.

c) I samarbeid med NAV vil kommunen legge til rette for at personar - utan tilsettingsforhold i kommunen - som ønsker/treng arbeidspraksis, så langt som mogleg kan få dette i Stryn kommune. Dette gjeld også eigne tilsette som midlertidig treng tilbod om anna arbeid for å utprøve si arbeidsevne.

3. Hindre og/eller avslutte arbeidsrelaterte konflikhtar.

Alle varsel og for arbeidsgjevar kjende konflikhtar skal løysast etter føringane gjevne i prosedyre for konflikthandtering og varsling.

4. Auke den yrkesaktive alderen / pensjonsalderen.

Arbeide aktivt for å legge til rette for at tilsette arbeider ut over 62 år, jf. lokal seniorpolitikk.

Tiltaka er utarbeidde i samarbeid med hovudverneombodet og Bedriftshelse1, og vedtekne i AMU. Status på tiltaka blir lagt fram i utvalet med jamne mellomrom.

Bedriftshelse1 har ein viktig funksjon i utøvinga av ein del av desse tiltaka, mellom anna gjennomføring av helsekontrollar.

Bedriftshelsetenesta

Stryn kommune har signert samarbeidsavtale med Bedriftshelse1. Døme på oppdrag bedriftshelsetenesta har hatt i 2023 er helsekontrollar/medisinske testar, vaksinar, arbeidsplassbesøk, konsultasjonar, dialogmøte, innsatsteam, kartleggingar av arbeidsmiljø, behandlingar, rapportar, rådgjeving i høve støy ol, opplæring mm. Utførte oppgåver var i samsvarar med vedteken HMS-/IA-plan. Ein eigen årsrapport frå BHT blir framlagt og gjennomgått i Arbeidsmiljøutvalet (møte 1). Denne rapporten blir sendt til alle verneomboda i organisasjonen.

Avtalen med Bedriftshelse1 gjekk ut i 2022, og BHT-avtalen har såleis vore på anbod. Bedriftshelse1 blei valt som samarbeidsaktør også dei neste to åra (med ein opsjon på ytterlegare to år).

Arbeidsmiljøundersøking (10-faktor)

Det vart i 2018 og 2022 gjennomført 10-faktor undersøking for å kartlegge arbeidsmiljøet på dei ulike avdelingane i Stryn kommune.

I lys av undersøkinga har Stryn kommune etablert fleire mål og tiltak som det har blitt arbeidd med i 2023, og det har bitt sett mål for ny undersøking.

Resultatmål

- I neste merdarbeiderundersøking skal Stryn kommune ha lik eller betre snittskåre på alle variablar i høve snittet i kommunenorge.
- I neste medarbeidarundersøking Stryn kommune ha betre snittskåre enn kommunenorge på variablane:
- Mestringsorientert leiing
- Relevant kompetanseutvikling
- Rolleklarheit

Tiltak

Tiltaksområde 1: Mestringsorientert leiing

- Alle leiarar har delteke på Leiarutviklingsprogrammet som blei gjennomført i Stryn kommune ut 2023. Leiinga vil, i samarbeid med KS, sikre at tema som kan styrke mestringsorientert leiing i organisasjonen, men og dei andre prioriterte områda, får høg fokus på samlingane. Tema blei planlagt i leiargruppa saman med KS. Leiarane skal aktivt følgje opp og utøve kunnskapen dei får i den praktiske kvardagen.

Tiltaksområde 2: Kompetanse

- Det skal utarbeidast ein strategisk kompetanseplan for heile kommunen som skal legge grunnlaget for at organisasjonen får tilført rett kompetanse ved nyttilsettingar, men og at kompetansen kommunen allereie har blir forvalta rett i lys av behov. Dette betingar ein god analyse av kva kompetanse vi har per i dag, kva komeptansepåfyll (grupper av) tilsette må ha, kva kompetanse vi må tilsette dei komande åra og til slutt: kva (spesial-)kompetanse skal vi kjøpe/samarbeide om som vi ikkje må ha/har råd til i eigen organisasjon.
- Det skal nedsettast eit utval som skal utarbeide denne planen, beståande av representantar frå leiargruppa/sectorane, HTV, HVO samt andre med relevant kompetanse. Utvalet rapporterer til leiargruppa og Amu.

- Alle leiarar skal årleg gå gjennom kompetansebehovet hos den tilsette i medarbeidersamtalen for å avklare om den tilsette opplever å ha nødvendig kompetanse for å utføre sine arbeidsoppgåver per i dag eller treng styrka kompetanseutvikling i lys av samfunnsoppdraget som skal løysast i framtida.

Tiltaksområde 3: Rolleklarheit

- Alle leiarar og tilsette skal ha ei stillingsomtale som sikrar høg grad av rolleklarheit (kva ein skal gjere, inkl ansvarsomfang)

Alle leiarar skal årleg gå gjennom stillingsomtalen i medarbeidersamtalen for å avklare om det er:

- 1) grunnlag for å endre denne som konsekvens av endra behov, og
- 2) for å avklare om der er tilhøve den tilsette opplever uavklart.

Alle tilsette skal følge opp avtalt innhald i stillingsomtalen, og ev formidle forslag til endring i rolle- og ansvarsstrukturen (fordeling av arbeidsoppgåver ol) og andre organisatoriske tilhøve som kan skape betre vilkår for måloppnåing. Det er viktig at tilsette har ein arena der slike innspel kan diskuteras (avdelingsmøte ol). Nokre av tiltaka vil næraste leiar ha mandat til å følge opp, andre tilhøve må formidlast til kommunalsjef.

Leiargruppa forventar at sjølve arbeidet og fokuset på rolleklarheit også vil ha positiv effekt på kompetanse-faktorane. Gode diskusjonar rundt tema rolleklarheit, vil og utløyse ei meir medviten haldning til kva vi gjer/burde gjere og slik kva kompetanse vi har/treng for å utføre rolla vår iht stillingsomtale og interne/eksterne forventningar til rolla vår.

Internkontroll

Etter føresegnene for internkontroll er det verksemdene sitt eige ansvar skriftleg å klargjere mål, ansvar og oppgåver knytt til arbeidet og arbeidsplassen. Føresegnene understrekar leiinga sitt særlege ansvar, men der alle tilsette sin medverknad er eit grunnleggande premiss for å sikre ein trygg arbeidsplass. Det er viktig at arbeidsleiarane nyttar seg av den kompetansen som verneomboda sit inne med etter ei skulering på 40 timars grunnkurs. Viktigheita av eit tett og tidleg samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde og vernetenesta lokalt, er understreka av både kommunedirektør, HTV og HVO.

Arbeidsgjevar er ansvarleg for at arbeidet med internkontroll blir gjennomført etter intensjonen.

Tilsette skal rapportere uønska hendingar, merknadar og personskadar på tilsette eller brukarar i Compilo. Avvika blir rapportert elektronisk og leiar for tenesteområdet vurderer og handsamar avvika i ettertid. Meldinga går tenesteveg, og vil – dersom næraste leiar ikkje handsamar dette innan fristen, bli sendt vidare til leiaren sin leiar. HR-avdelinga har nå innført strengare rutiner på å overvåke varsel som ikkje er blitt handtert innan frist. Ein kan og registrere forbettringsforslag i Compilo. HR-avdelinga vil ha større fokus også på desse innspela framover.

Alle tilsette har ansvar for å melde avvik. Meldingane skal alltid vere nøytrale slik at namn på brukar eller tilsette som kan vere årsak til avviket, ikkje blir nemnde. Formålet med avviksmeldingane er vanlegvis, i tillegg til å synleggjere uønska hendingar, å avklare kva som kan gjerast annleis for å forebygge heller enn å sjå kven som forårsaka avviket. For å sette meir fokus på Compilo som internkontrollsystem og varslingsystem har dette vore tema på leiar- og avdelingsmøter.

Årsmelding 2023

I Stryn kommune er avvika kategoriserte etter følgjande alvorsgrad dei siste fire åra:

Tabell 9: Avvik 2019-2023

Årstal	Alvorsgrad			
	Samla	Låg	Middels	Høg
2019	796	257	324	215 (27%)
2020	886	309	339	238 (27%)
2021	721	354	269	98 (14%)
2022	685	339	259	87 (12%)
2023	926	617	247	63 (6,8%)

Tabell 10:

Ser ein på registrerte avvik fordelt mellom etatane, fordeler desse seg slik i 2023 (Høg alvorsgrad av tal registrerte i etaten i parantes):

	Alvorsgrad			
	Samla	Låg	Middels	Høg
Helse og sosial	443	235	162	46 (10%)
Skule og kultur	432	347	71	15 (3,5%)
Samfunnsutvikling	18	11	6	1 (5,6%)

Overordna er det gledeleg at vi ser ei god utvikling i registrering av antal innmelde avvik, dette fordi vi ynskjer at systemet skal bli brukt for at vi skal bli stadig betre i vårt arbeid med HMS. At stadig færre avvik blir registrerte med høg alvorsgrad er meir venta sidan ein tidlegare for raskt har karakterisert avvik med for høg alvorsgrad i lys av retningslinjene.

HR-sjef nettverket i Nordfjord

HR-sjefane (eller tilsvarande) i Gloppen, Bremanger, Stryn, Kinn, Stad og Sunnfjord har hatt jevnlege møter i 2023. Grappa er nyttig både med tanke på gjensidig læring, felles forståing og som støttefunksjon i vanskelege spørsmål. Nettverket har og ein viktig funksjon med tanke på å etablere felles uttale eller tilnærming i saker som må løysast interkommunalt, til dømes etter føringar frå kommunedirektør-nettverket. I 2023 har ein mellom anna diskutert lønsforhandlingar, ansiennitetsreglar – tolkning av reglar, avtalestruktur og kollektiv arbeidsrett, likestillingsrapportering med meir.

3.Folketalsutvikling 4. Kvartal 2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal ved inngangen av kvartalet	7 130	7 118	7 207	7 244
Fødde	68	64	54	57
Døde	55	48	61	76
Fødselsoverskot	13	16	-7	-19
Innvandring	73	140	140	122
Utvandring	22	54	44	61
Innflytting, innanlands	195	200	192	232
Utflytting, innanlands	274	209	245	245
Netto innvandring og flytting	-28	77	43	48
Folkevekst	-12	89	37	27
Folketalet ved utgangen av kvartalet	7 118	7 207	7 244	7 271

Folketalsutvikling - aldersfordelt

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	Endring 2023 - 2024
0 - åringer	82	68	83	90	76	66	63	71	68	55	56	1
Barnehage (1-5 år)	446	445	411	422	416	400	392	380	382	367	350	-17
Grunnskole (6-15 år)	961	951	981	977	961	957	918	905	916	931	926	-5
Videregående (16-19 år)	388	390	398	398	403	392	401	395	387	384	366	-18
Voksne (20-66 år)	4 149	4 162	4 135	4 152	4 141	4 115	4 080	4 058	4 109	4 149	4 210	61
Eldre (67-79 år)	735	780	789	803	828	856	901	921	955	964	968	4
Eldre (80-89 år)	283	267	284	283	287	292	293	304	307	309	326	17
Eldre (90 år og eldre)	90	92	87	93	83	89	82	84	83	85	69	-16
Total	7 134	7 155	7 168	7 218	7 195	7 167	7 130	7 118	7 207	7 244	7 271	27

Det har vore nòk eit år med samla folketalvekst i Stryn kommune. Frå ein vekst i 2022 på samla 37 personar vart det ein auke på 27 personar i 2023. Som trenden er siste åra, blir vi stadig fleire vaksne og eldre i kommunen. Vi opplever ein negativ trend i alle årstrinn frå eitt til tjue år, medan den desidert største veksten finn vi også i 2023 i gruppa 20-66 år - altså den yrkesaktive aldersgruppa. Det er sjølvsagt bra at vi blir fleire yrkesaktive som kan bidra til verdiskapinga i kommunen. Likevel må vi nok eit år konstatere den negative utviklinga blant dei yngste.

Analyserer ein tala grundigare veit vi at folketalveksten også i Stryn i 2023 er "redda" av flyktning-situasjonen. Det er ein viktig ambisjon å motivere til at mange av dei som kjem til Stryn som flyktning blir verande. Utviklinga med stadig nedgang av innbyggjarar i barnehage- og skulealder er bekymringsfull. Det er sjølvsagt klare målsetjingar og håp om å snu trenden og få auke også i desse aldersgruppene.

Det er òg forventa ei demografiutvikling i vår kommune med fleire eldre og færre barn, som må leggast til grunn for økonomiske prioriteringar dei komande åra.

4.Sysselsetting i kommunen

		2023	2022		
	Ledige 31.12.23	% av arbeids- stokken	% av arbeids- stokken	Endring frå 2022 antal	Endring frå 2022 prosent
4647 Sunnfjord	140	1,1	1,0	13	10,2
4648 Bremanger	26	1,5	1,3	4	18,2
4649 Stad	92	1,9	1,5	19	26,0
4650 Gloppen	34	1,1	1,4	-10	- 22,7
4651 Stryn	60	1,5	2,0	-20	- 25,0
I alt Vestland	5899	1,7	1,8	-258	- 4,2

Ifølge tabellen over viser talla frå NAV at arbeidsløysa i Stryn ved utgangen av 2023 var på 1,5%. Dette er ein gledeleg tilbakegang frå forrige år då prosenten var 2,0. Det er alltid interessant å samanlikne med nabokommunane og fylket generelt. Som vi ser er både situasjonen og utviklinga for Stryn sin del veldig god i 2023. Med berre 60 personar heilt utan arbeid er det grunn til å tru at arbeidsmarknaden i kommunen er god og dermed at situasjonen for bedriftene våre generelt er bra.

	Sysselsette etter næring Stryn kommune						Endring 2022 - 2023
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	
00-99 Alle næringer	3829	3847	3765	3828	3875	3899	24
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	230	229	237	232	226	221	-5
05-09 Bergverksdrift og utvinning	31	31	33	38	32	40	8
10-33 Industri	712	731	730	733	747	776	29
35-39 Elektrisitet, vann og renovasjon	78	71	69	69	49	48	-1
41-43 Bygge- og anleggsvirksomhet	373	376	383	401	408	391	-17
45-47 Varehandel, reparasjon av motorvogner	464	471	438	464	479	478	-1
49-53 Transport og lagring	233	205	192	180	178	189	11
55-56 Overnattings- og serveringsvirksomhet	267	283	248	265	267	262	-5
58-63 Informasjon og kommunikasjon	21	21	28	28	24	24	0
64-66 Finansiering og forsikring	27	21	19	17	22	20	-2
68-75 Teknisk tjenesteyting, eiendomsdrift	134	134	147	147	138	134	-4
77-82 Forretningsmessig tjenesteyting	101	102	110	122	123	126	3
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	102	105	108	114	105	116	11
85 Undervisning	263	272	257	262	274	272	-2
86-88 Helse- og sosialtjenester	664	660	641	632	655	652	-3
90-99 Personlig tjenesteyting	93	93	95	99	118	116	-2
00 Uoppgitt	36	42	30	25	30	34	4

Statistikken over sysselsettinga innafor dei ulike næringane i kommunen syner samla sett ei gledeleg utvikling også i 2023. Etter tilbakegangen i 2020 har vi opplevd vekst både i 2021, 2022 og 2023 - og vi er tilbake og forbi nivået før pandemien. Veksten frå 2022 er størst innanfor gruppa "Industri". Størst tilbakegang finn ein i gruppa "Bygge- og anleggsvirksomhet". Dette harmonerer med signala frå bygge-marknaden generelt i Norge og det er openbart ei næring som er gjennom tøffe tider. Utfordringane også vår kommune opplever med rekruttering til helse- og sosialsektoren er òg spennande. Heldigvis viser statistikken berre ein marginal tilbakegang frå 2022 til 2023, men det blir veldig spennande å sjå utfordringane i denne gruppa med omsyn til auka behov for å rekruttere til sektoren og mangelen på tilgjengelege ressursar.

5.Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen er avlagt i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk, herunder kommunale rekneskapsstandarder (KRS) utgjevne av "Foreningen for god kommunal regnskapsskikk" (GKRS). Notar til rekneskapen er sett opp i samsvar med "Forskrifta om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og åreberetning for kommuner".

Kommunerekneskapen er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Inntekter og kostnader skal tidsmessig plasserast i det året som følgj av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet tyder at alle kjende kostnader, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd skal framgå av drifts- eller investeringsrekneskapen i året enten dei er betalte eller ikkje.

I den grad ein skilde kostnader, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast konkret ved tidspunktet for rekneskapsavslutninga vert det registrert eit berekna beløp i årsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar i berre balansen vert ikkje gjort. For lån er berre den delen av lånet som faktisk vert brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt er ført som memoriapost.

Ved lånefinansiering av investeringar er renteutgiftene lagt til anskaffelseskost i samsvar med tilrådd løysing i KRS nr. 2.

Klassifisering

Klassifisering av anleggsmiddel og omløpsmiddel

Anleggsmiddel er egedelar meint for varig eige eller bruk for kommunen. Andre egedelar er omløpsmiddel.

Krav knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon, samt marknadsbaserte verdipapir som inngår i ei handelsportefølje er omløpsmiddel. Andre marknadsbaserte verdipapir er klassifiserte som omløpsmidlar med mindre kommunen har føreteke investeringa ut frå næringspolitiske eller samfunnsmessige omsyn. I slike tilfelle er verdipapira klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til bataling innan eitt år etter kjøpstidspunktet. Elles er dei klassifiserte som anleggsmiddel. Neste års avdrag på utlån inngår i anleggsmiddel.

Kommunen følgj KRS nr. 4 Avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden har betydning for skiljet mellom vedlikehald og påkostning i høve anleggsmiddel. Utgifter for å oppretthalde anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet utover standarden ved anskaffelsen vert utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Klassifisering av gjeld

Langsiktig gjeld er knytta til føremåla i kommunelova med unntak av likviditetstrekkrett/likviditetslån. All anna gjeld er kortsiktig gjeld.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av anskaffelseskostnad og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurderte til verkeleg verdi.

Uteståande fordringar er vurderte til pålydande med frådrag av forventta tap.

Anleggsmiddel

Anleggsmiddel er vurderte til anskaffelseskostnad. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne med like store årlege beløp over anlegget si levetid. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er anskaffa / teke i bruk av verksemda.

Anleggsmiddel som har hatt vesentleg verdifall som ikkje er vanta å vere mellombels er nedskrivne til verkeleg verdi i balansen.

Gjeld

Vurderingane for anleggsmiddel gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskostnad er gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunkt gjelda vert stifta. Lånekostnader (gebyr, provisjonar, m.m.) samt over- og underkurs er finanskostnader og -inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig krav/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert haldne til forfall.

Sjølvkost

For dei tenester der sjølvkost er sett som rettsleg ramme for kva kommunen kan krevje av brukarbetaling reknar kommunen sjølvkost etter retningslinjer gjevne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

For dei tenestene der kommunen sjølv har valt å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet føler kommunen dei same retningslinjene.

Mva-plikt og Mva-kompensasjon

Kommunen føler reglane i mva-lova for dei tenesteområda som er omfatta av lova. For kommunen si øvrige verksemd krev kommunen mva-kompensasjon. Motteken kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunesektoren gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet.

Organisering av kommunen si verksemd

Den samla verksemda til kommunen er organisert innafor kommunen sin ordinære organisasjon, med unntak av:

Renovasjon, som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid med fem andre kommuner i Nordfjord - *Nordfjord Miljøverk (NOMIL) IKS*. Gløppen kommune er vertskommune. Selskapet avlegg sjølvstendig rekneskap som ikkje inngår i Stryn kommune sin drifts- og investeringsrekneskap.

Hamnevesen som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid med fire andre kommuner i Nordfjord - *Nordfjord Hamn IKS*. Vågsøy kommune er vertskommune. Selskapet avlegg sjølvstendig rekneskap som ikkje inngår i Stryn kommune sin drifts- og investeringsrekneskap.

"Vestland Revisjon" som frå og med 2020 er drive gjennom eit kommunalt oppgåvefellesskap med femten andre kommuner i gamle Sogn og Fjordane. Sunnfjord kommune er vertskommune.

Nordfjordrådet, samarbeidsorgan for alle fire Nordfjordkommunane, som vert drive gjennom eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova. Stad kommune er vertskommune.

Kommunane rapporterer rekneskapsinformasjon og informasjon om tenester til staten ved Statistisk Sentralbyrå (SSB). Data som er rapportert inn, blir publisert på SSB sine nettsider kalla "KOSTRA" som grunnlagsdata eller sett saman og publisert som nøkkeltall.

Nøkkeltall og grunnlagsdata skal bidra til å gi innbyggjarane, media, kommunesektoren sjølv, staten og andre, høve til å få informasjon om det meste av kommunane og fylkeskommunane si verksemd.

Denne informasjonen skal også bidra til åpenheit, gjennomsiktighet og å gje høve til å forbetre tenestetilbodet i kommunesektoren.

Kommunen sine tenester er kopla mot KOSTRA funksjonskontoplan.

5.1.KOSTRA og begrepsforklaringar

I dette kapittelet kan du lese meir om mellom anna KOSTRA, og korleis ein les KOSTRA-analysen i denne årsmeldinga.

KOSTRA er ei forkorting for «Kommune-Stat-Rapportering». Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar og fylkeskommunar inn tal frå sine tenesteområder til Statistisk sentralbyrå. Kommunar og fylkeskommunar rapporterer rekneskapsinformasjon og informasjon om tenester til staten ved SSB. Data som er rapportert inn, blir publisert på SSB sine nettsider om KOSTRA som grunnlagsdata, eller sett saman og publisert som nøkkeltal.

Nøkkeltal og grunnlagsdata skal bidra til å gje innbyggjarane, media, kommunesektoren sjølv, staten og andre høve til å få informasjon om det meste av kommunane- og fylkeskommunane si verksemd. Denne informasjonen skal også bidra til openheit, gjennomsiktighet og å gje grunnlag og høve for forbetringar av tenestetilbodet i kommunesektoren.

Rekneskapsrapporteringa

Veiledaren til kontoplanen i KOSTRA gjev informasjon om og retningsliner for inndelinga i «funksjonar» og «artar» (ressursbruken i kommunane) i rekneskapsrapporteringa i KOSTRA. Statsforvaltarane og Kommunal- og moderniseringsdepartementet svarar løpande på kontoplanspørsmål til veiledaren.

Regelverk om rapportering i KOSTRA

Kommunar og fylkeskommunar plikter etter kommunelova å gje departementet løpande informasjon om ressursbruk og tenesteyting til bruk i nasjonale informasjonssystem

KOSTRA-tal per tenesteområde

Begrepet "tenesteområde" i KOSTRA-samanheng er samanlignbart med dei Stryn kommune brukar (teneste/funksjon). Tenesteområda er samansette av KOSTRA-funksjonar innan hovedområda. KOSTRA har for eksempel samla alle utgifter til pleie og omsorg i eitt tenesteområde. Her inngår alle utgifter til institusjonar, heimebuande, aktivisering, KAD-senger og institusjonslokaler. Tenester til hjemmeboende er delt på planområde 11 Helse og 12 Omsorg. Institusjonslokaler legger i planområde 7 Bygg/eiendom/areal. Slik vil det være i de fleste av tjenesteområdene brukt i KOSTRA.

For alle områder ser vi netto driftsutgifter inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som mellom anna øyremerka tilskot og brukarbetalingar, er trekt frå. Innbyggjartal er per 31.12. i rapporteringsåret. Kva KOSTRA-funksjonar som er inkludert er beskrive under kvart enkelt område. Vi brukar også mange tal som er korrigert med deflator (løns- og prisvekst) og for utgiftsbehov. Du finn ei nærare forklaring av disse, og andre begrep, lenger ned på denne sida.

Samanligningskommunar

Stryn kommune har brukt nabokommunar, Vestlandet og KOSTRA-gruppe 1 (ny inndeling fra 2020 hjå SSB) som samanligningsgrunnlag. Innanfor Vestlandet er variasjonane store i storleik og drift, og nytten av å samanligne oss med disse områda er begrensa. KOSTRA-gruppe 1 (K01) er samansett av

39 kommunar som er samanlignbare med Stryn. I SSB sin definisjon av K01 ser vi at gruppa består av "Kommuner med 2.000-9.999 innbyggere, lave bundne kostnader og lave korrigererte inntekter". Vi benytter derfor K01 som samanligningsgruppe. I tillegg tek vi med "Landet uten Oslo". Vi har valt å samanlikne oss med nabokommunane Stad (kostragruppe 2), Gloppen (kostragruppe 4) og Volda (kostragruppe 7):

Nokre begrep brukt i KOSTRA-analysane

Mange av talla som beskriv økonomi er av typen "Netto driftsutgifter per innbygger justert med deflator og utgiftsbehov". For analyseformål er det oftast nødvendig å justere nøkkeltalet for utgiftsbehovet berekna av staten.

KOSTRA Nøkkeltal

	Stryn 2022	Stryn 2023	Stad	Gloppen
- Prioritet	-	-	-	-
➤ Annet forebyggende helsearbeid <u>nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)</u> ⓘ	267	311	389	42
➤ Barn med melding i barnevernet ift. talet på innbyggjarar (prosent) ⓘ	2,7	2,6	3,6	2,3
➤ Barnevern brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) ⓘ	1 433	1 522	1 783	2 062
➤ Barnevernstiltak når barnet er plass. av barnev. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) ⓘ	622	636	909	847
➤ Diagnose, behandling, re-/habilitering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) ⓘ	3 872	4 316	3 445	3 804

Netto driftsutgifter: Driftsutgifter inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, slik som øyremarka tilskot og brukarbetalingar er trekte frå.

Antall innbyggere: For kvartår er det innbyggjartalet per 31.12. som er brukt.

Deflator: Deflatoren for kommunesektoren er ei vekting av prisstigninga på det kommunane kjøper: løn, varer og tenester (driftskostnader) og investeringer.

Utgiftsbehov: Dette seier noko om kor mykje ei kommune, eller en teneste i ei kommune, kostar å drive samanlikna med andre kommunar. I ei kommune med stor tilflytting vil ein naturleg ha større utgifter per innbyggjar til barnehage og skule enn i ei kommune med fråflytting. For å berekne ei kommune sine frie midlar frå staten bereknar staten utgiftsbehovet den aktuelle kommunen har. Når ein skal samanlikne nøkkeltal for ulike kommunar, justerer ein grunnlagstala for utgiftsbehovet - for å kunne samanlikne kommunar som m.a. har ulik demografi.

(B): Når det står ein (B) bak indikatoren, betyr dette at talet er berekna av Framsikt. Talla er berekna ut frå kommunen sine rapporterte KOSTRA-tall hjå SSB.


KOSTRA-gruppe 01 (K01): Ei samannsetning av 39 mellomstore kommunar med 2.000 -9 .999 innbyggjarar, låge bundne kostnader og låge korrigererte inntekter. SSB definerer at ei mellomstor kommune har mellom 5000 og 19.999 innbyggjarar.

Årsmelding 2023

Du kan lese meir om gruppering av kommunar i denne rapporten: "Gruppering av kommuner etter folkemengde og økonomiske rammebetingelser 2020".

Korleis ein les KOSTRA-talla i årsmeldinga?

I bildet under ser vi eit eksempel frå årsmeldinga. Framfor kvar indikator er det ei pil til høgre. Når ein trykker på den, kjem det fram ein graf som viser talla for Stryn og samanlikningskommunane dei siste fire åra. I bildet ser vi historisk visning, der kommunane står saman i blokker per år. Grafikken viser på ein lettfatteleg måte utviklinga i nøkkeltalet og korleis Stryn "gjer det" målt mot dei vi har valt å samanlikne med:



Planområder/sectorar og ansvar/einingar

I Stryn har kommunestyret vedteke at det skal vere ei tenestebasert inndeling når det gjeld budsjett og økonomiplan. Kommunestyret fordeler budsjettmidlane på 4 sektorar med fleire ansvar og tenestemråde:

1 Sentraladministrasjon	2 Oppvekst
10 Politisk styring	20 Oppvekst Administrasjon
11 Kommunedirektør	21 Grunnskule
12 Økonomiavdeling	22 Skulefri
13 HR-avdeling	23 Barnehage
14 Plan- og næringsavdeling	24 PPT
15 Bygg- og vedlikehaldsavdeling	25 Vaksenopplæring
16 Avdeling for service- og kommunikasjon	26 Leirskule
17 Samfunnshelse	27 Kultur
18 Kyrkjelege fellesråd	

3 Helse og sosial	▼	4 Samfunnsutvikling	▼
30 Administrasjon helse og sosial	>	40 Samfunnsutvikling adm.leiing	>
31 Flyktningtenesta	>	41 Kart og oppmåling	>
32 Pleie- og omsorg Vikane	>	42 Plan	>
33 Pleie- og omsorg Stryn	>	43 Brann- og ulykkesvern	>
34 Miljø- og velferd	>	44 Kommunalteknikk	>
35 Helsetenester	>	45 Berekraft og næring	>
36 Kommunale bustadar	>	46 Kultur	>
37 Sosiale tenester (NAV)	>	47 Bygg- og eigedomsforvaltning	>
38 Barnevern	>		

6. Økonomisk status og måloppnåing

6.1. Økonomiske måltal og måloppnåing

Staten har utarbeidd måltal og nøkkeltal for kommunane som anbefaling og “rettesnor” for ei sunn drift og ein sunn kommuneøkonomi - både på kort og lenger sikt. Nøkkeltalla er både innafør drift, likviditet og soliditet. Blant størrelsane har Stryn kommune bestemt å ha følgjande hovudmål for si økonomiforvaltning:

- *Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på minimum 1,75 %.*
- *Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fråtrekt balanseført premieavvik skal vere minimum 20 %.*
- *Disposisjonsfondet til kommunen skal vere minimum 10 % av brutto driftsinntekter*
- *Samla netto lånegjeld (langsiktig gjeld minus pensjonsforpliktelsane, utlån og ubrukte lånemidlar) skal ikkje vere større enn 75 % av brutto driftsinntekter*

Netto driftsresultat:

- Etter at kommune-Norge i 2022 opplevde gode netto driftsresultat var det spenning knytt til 2023. Stor løns- og prisvekst, flyktning-situasjonen og usikkerheit knytt til rammeoverføringane frå Staten og kor stor tilbakegangen på skatteinntektene til kommunane ville bli, skapte usikkerheit. Seinast hausten 2023 viste prognosane at kommunen ville kome ut med eit negativt netto driftsresultat i 2023. Ein langt betre skatteinngang på slutten av 2023 samt større overføringar frå Staten vedr. flyktningtilskot var største positive faktorane som bidrog til at vi likevel kom ut med eit positivt netto driftsresultat på MNOK 2,3. I prosent av brutto driftsinntekter slik SSB måler det, utgjør resultatet 0,3%. Resultatet er langt under 2022 og også langt bak vedteken målsetjing på 1,75% av brutto driftsinntekter.

Årsmelding 2023

Arbeidskapitalen:




- Frå eit solid nøkkeltall i 2020 på 24 % til 14 % i 2021 og ytterlegare ned til 10,6 % i 2022, er nøkkeltalet litt betre i 2023 med 11,9 %. Det fortsatt låge nivået har samanheng med reduksjon i likvide midler brukt til mellom anna delfinansiering av investeringane og pensjonspremiebetaling. Samla omløpsmidlar er auka frå MNOK 216 ved inngangen av 2023 til MNOK 254 ved årets utgang. Samla kortsiktig gjeld er auka frå MNOK 97,1 ved inngangen av året til MNOK 106,2 pr. 31.12.23. Samtidig er premieavviket auka frå MNOK 55 til MNOK 79,8 - og bidreg vesentleg til svekkelse i nøkkeltalet.

Disposisjonsfondet:

- Det samla frie disposisjonsfondet har som konsekvens av det positive netto driftsresultatet auka frå MNOK 53,3 ved inngangen av 2023 til MNOK 56,3 pr. 31.12.23. Dette utgjør 7,5 % av brutto driftsinntekter - eit stabilt nivå frå forrige årsskifte målt mot brutto driftsinntekter.

Netto lånegjeld:

- Frå eit nivå på 86,0 % i 2021 vart lånegjelda redusert til 83,2 % i 2022 og er ytterlegare redusert til 82,0 % pr. 31.12.23. "Netto lånegjeld", slik den blir presentert i KOSTRA-statistikken, er auka frå MNOK 626 i 2022 til MNOK 660,8 ved utgangen av 2023. Samla gjeld til bankar er auka frå MNOK 648 i 2022 til MNOK 669,2 pr. 31.12.23. Når vi tek med endring i pensjonsforpliktsen, som er auka frå MNOK 819 i 2022 til MNOK 868,3 pr. 31.12.23, har den samla langsiktige gjelda auka frå MNOK 1.467 pr. 31.12.22 til MNOK 1.537,5 pr. 31.12.23. "Unytta lånemidlar" er marginalt auka frå MNOK 25,8 i 2022 til MNOK 27,2 pr. 31.12.23.



6.2. Avvik mellom rekneskap og budsjett på overordna nivå

Driftsinntekter:


Samla driftsinntekter slik SSB og Kostra-statistikken presenterer dei, er auka frå MNOK 752,8 i 2022 til MNOK 805,7 i 2023. Generell høg prisvekst bidrog til større rammeoverføringar frå Staten. Dette ilag med vesentleg større flyktningtilskot er dei største forklaringane til auken på i overkant av MNOK 50. Rammeoverføringa auka frå MNOK 261 i 2022 til MNOK 291 i 2023. Tilskot til å busetje og ta oss av den sterke auken i flyktningar auka frå omlag MNOK 28 i 2022 til MNOK 49 i 2023. Skatteinngangen fekk som forventa ein vesentleg tilbakegang i 2023 frå særst høge nivå i 2021 og 2022. Heldigvis vart ikkje tilbakegangen så stor som forventa tidleg i 2023 - og med ei sterkare avslutning på året landa tilbakegangen på omlag MNOK 14 og samla skatteinngang vart dermed MNOK 236 i 2023.

Som beskrive andre stadar i årsmeldinga hadde vi ein stor vekst i flyktningar til vår kommune også i 2023. "Integreringstilskotet" frå Staten som skal dekke meirkostnadane kommunane har med handtering av flyktningane har naturleg auka mykje siste åra. Frå eit samla tilskot i 2021 på MNOK 16 auka dette til MNOK 28 i 2022 og til omlag MNOK 49 i 2023. I det opphavlege budsjettet for 2023 var det lagt til grunn MNOK 26 mill. I regulert budsjett såg ein at antal flyktningar Stryn mottok gjennom 2023 ville innebære større tilskot - og talet vart justert opp til MNOK 38. Veksten i flyktningstraumen vart endå høgare også andre halvår som innebar at vår kommune mottok heile MNOK 49.

Øvrige inntekter har "normale" variasjonar frå 2022 til 2023. Avvik mot budsjett skuldast fleire stadar netto budsjettering og brutto inntektsføring i rekneskapen - i tråd med rekneskapsreglane.

Veksten i inntektene og meirinntekter utover budsjett, primært frå dei frie inntektene og auka integreringstilskott, var heilt nødvendig for at kommunen skulle klare å handtere den store generelle løns- og prisveksten ein opplevde gjennom 2023.

Imidlertid er det verdt å merke seg at Stryn kommune har låge/små frie inntekter pr. innbyggjar - også når ein justerer for utgiftsbehovet. Dette gjer det ekstra krevande å balansere driftsbudsjettet:



	2020	2021	2022	2023
Stryn	67 447	68 126	67 171	66 123
Stad	68 348	71 401	68 774	67 938
Gloppen	68 137	69 969	68 524	66 852
Volda	66 752	70 185	68 960	66 998
Kostragruppe 01	67 335	69 287	67 542	65 992
Vestland	68 173	70 507	69 752	67 652
Landet uten Oslo	68 310	70 403	69 215	67 223

Årsmelding 2023

Ytterlegare forklaringar til inntektene og avvik mot budsjett og 2023 framgår andre stader i årsmeldinga.

Driftskostnader:


Samla driftskostnader hamna på nærare MNOK 795 i 2023 mot i underkant av MNOK 740 i 2022.

Samla lønsrelaterte kostnader må sjåast i samanheng med refusjonar (sjuke- og svangerskapsfråvør) på inntektssida for å få det heile bildet. Ein har fortsatt for høgt samla sjukefråvør i kommunen. Dette medfører store kostnader til bruk av egne vikarar, ekstrahjelpar og overtid. Sjølv om det har vore og fortsatt er krevande å skaffe tilstrekkeleg kvalifisert personell spesielt innan helsesektoren, har ein klart å redusere bruken av kjøpte vikarar med nær MNOK 10 mill., frå MNOK 17,3 i 2022 til MNOK 7,9 i 2023.

Kostnadssida ber preg av overordna kontroll, men vi opplever meirforbruk på enkelte område og mindreforbruk på andre.

Også på kostnadssida er det nettobudsjettering på fleire større postar, medan ein rekneskapsfører brutto. Derfor er det vanskeleg å samanlikne «rett fram». Overordna er det likevel grunn til å konkludere med at ein på tross av særskilt høg løns- og kostnadsvekst i 2023 samt kostnadane knytt til flyktningesituasjonen, som var uråd å fullt ut fange opp i budsjettet, har ein klart å matche samla kostnadsvekst mot vekst på inntektssida.

Figuren under viser i samandrag kostnadsbruken i vår kommune (justert for kostnadsbehovet) pr. innbyggjar innanfor dei ulike tenesteområda - målt mot nabokommunar og Kostra/landet.




Grundigere forklaringar til avvik på kostnadssida er vist andre stadar i årsmeldinga.

Finansinntekter og -kostnader:

Også i 2023 har det vore usikkerheit og store bevegelsar i rentemarknaden. Rentenivået har vore stigane og ein har venta på “rentetoppen” gjennom heile 2023. Samla rentekostnad som er belasta driftsrekneskapan vart på MNOK 29,6 i 2023 mot MNOK 15,4 i 2022. Auken på MNOK 14,2 har naturleg medført utfordringar for salderinga av det samla driftsbudsjettet. Samla avdragsbelastning i driftsrekneskapan er på stabilt nivå med MNOK 27,1 i 2023 mot MNOK 26,7 i 2022.

Figuren under viser renter og avdrag si samla belastning på budsjettet målt om omsetninga. Linja viser snittet for vår Kostra-gruppe. Vi ser at for Stryn sin del har belastninga auka relativt mykje meir enn for dei samanliknbare kommunane:



På posotiv side har renteauken imidlertid medført større finansinntekter og betre avkastning på plasseringane i fond - det er bra. Frå MNOK 2,6 i samla renteinntekter i 2022 auka disse til MNOK 7,2 i 2023.

Netto driftsresultat:

Det er sjølvsagt gledeleg at ein landar på positiv side “av streken” når det gjeld “netto driftsresultat”. Det er viktig med tanke på både driftsnivået og at ein unngår å tære på disposisjonsfondet som ein må ved negative resultat.

2023 har vore krevande for kommune-Norge, noko ferske tal frå SSB viser. Betydeleg løns- og prisvekst og utfordrande oppgåver gjer det vanskeleg å budsjettere kostnadssida og halde rammene ein har satt. Usikkerheit knytt til skatteinngang og Staten sin medverknad gjennom frie inntekter og tilskot forøvrig gjer det heilt nødvendig med tett oppfølging av driftsbudsjettet gjennom året. 2023 medførte langt større kostnader enn ein forutsåg når budsjettet vart foreslått og vedteke i desember 2022. “Heldigvis” vart veksten totalt sett kompensert gjennom ekstra frie inntekter og statlege overføringar - og ein betre skatteinngang enn frykta.

Disponering eller dekning av netto driftsresultat:

Det er føreteke overføringar til investeringsrekneskapan i tråd med budsjettet og lowerket. Det er i tillegg inntektsført bruk av og overføringar til bundne driftsfond etter same regelverk. For å saldere driftsrekneskapan i null er det etter dette sett av MNOK 2,9 til disposisjonsfondet.

For meir detaljer rundt kvar sektor sine resultat og budsjettavvik visast det til sektorane sine kapittel i årsmeldinga.

6.3.KOSTRA hovudtal

	Stryn 2022	Stryn 2023	Stad	Gloppen	Volda	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet								
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B) *) **)	71 604	73 006	72 693	74 286	73 377	74 046	76 259	74 434
Økonomi								
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	10,6 %	11,9 %	26,3 %	4,8 %	18,0 %	14,6 %	13,0 %	16,1 %
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	67 171	66 123	67 938	66 852	66 998	65 992	67 652	67 223
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,7 %	0,3 %	0,1 %	-0,7 %	2,5 %	-0,9 %	1,1 %	1,0 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger *)	90 353	90 884	129 606	127 271	166 227	100 709	90 864	97 490
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	83,2 %	82,0 %	105,1 %	103,7 %	135,9 %	94,4 %	84,8 %	92,2 %

Netto driftsutgifter pr. innbyggjar:

Stryn kommune har ein vekst i netto driftsutgift pr. innbyggjar på kr. 1.402,- frå 2022 til 2023. Då er kostnadane både justert for evt. endringar i utgiftsbehovet og prisstigning. Veksten er i tråd med det dei fleste kommunar, fylket og landet opplevde i 2023. Nivået er ganske likt rapporterte tal for både Stad, Gloppen og "Kostragruppe 01" og vesentleg under Vestland (kr. 76.259,-) og "Landet uten Oslo" (kr. 74.434,-). Vår kommune har fokus på effektiv drift og effektiviserande tiltak i organisasjonen og vil fortsetje arbeidet i komande år.

Arbeidskapitalen:

Frå ein reduksjon arbeidskapitalen frå 2021 til 2022, viser KOSTRA-statistikken ein liten auke i 2023. Ein arbeidskapital i prosent av driftsinntektene på 11,9% er ikkje slik vi målset oss (20%). Det er store variasjonar mellom dei vi samanliknar oss med, der Stad har 26,3%, Gloppen 4,8% og Vestlands-kommunane i snitt 13,0%. Vi skal ha fokus på dette nøkkeltalet i 2024 med fortsatt mål om å etablere arbeidskapitalen rundt 20 %.

Frie inntekter:

Stryn har til liks med samanliknings-kommunane ein "jamn" nedgang i frie inntekter pr. innbyggjar når ein justerer for endring i utgiftsbehov og prisstigning (Stryn: ned frå kr. 67.171,- i 2022 til kr. 66.123,- i 2023). Ser vi vekk frå endringane i utgiftsbehovet og inflasjon, har Stryn og øvrige kommunar vekst i nominell størrelse (Stryn: opp frå 70.563,- i 2022 til kr. 72.494,- i 2023). Stryn er i 2023 fortsatt godt under nivået i nabokommunane Stad, Gloppen, Volda og Vestland sett under eitt. Dette gjer det ekstra krevande å drive i balanse.

Netto driftsresultat:

Som beskrive andre stadar er det gledeleg og bra at vi klarer å levere positivt netto driftsresultat også i 2023. På denne måten byggjer vi opp disposisjonsfondet og skaffar handlingsrom i økonomien. 0,3% netto driftsresultat er imidlertid marginalt og vi ser at samanliknings-kommunane også "strevar" rundt null i 2023. Generelt veit vi at kommune-Norge hadde eit tøft driftsår i 2023 - det tøffast på mange år når ein ser på "leverte" netto driftsresultat.

Netto lånegjeld:

I 2023 har Stryn hatt stabil utvikling i måltallet for “netto lånegjeld pr. innbyggjar” i kroner. I tider med særst “aggressiv” renteutvikling, er det spesielt bra å ha handtebar samla lånegjeld for å unngå stor auke i rentebelastinga som må dekkast gjennom drifta - på bekostning av anna drift. kr. 90.884,- er “bra” i forhold til mange av nabokommunane og landet elles.


“Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter” på 82,0% er behageleg i forhold til nabokommunane og “Kostragruppe 01”, og også litt under Vestland samla sett. Imidlertid er det grunn til å peike på at den særst store renteauken vi opplever gjennom 2022, 223 og så langt i 2024 også er veldig merkbar for vårt budsjett og drift.

7.Oppfølging av klima

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Stryn	Stad	Gloppen	Volda
Luftfart	0,0	0,0	409,8	0,0
Oppvarming	1 617,5	2 418,1	1 106,4	985,2
Avfall og avløp	783,5	1 858,5	4 558,5	562,6
Sjøfart	7 083,5	38 523,3	4 175,7	8 492,7
Veitrafikk	17 017,4	13 330,8	8 825,4	16 299,9
Jordbruk	17 178,1	15 682,6	21 339,0	15 224,3
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0
Annen mobil forbrening	3 431,3	2 660,0	3 014,7	3 740,9
Industri, olje og gass	2 304,9	0,0	1,9	0,0
Sum	49 416,1	74 473,2	43 431,4	45 305,6

Årsmelding 2023

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2 (karbondioksid)

	Stryn	Stad	Gloppen	Volda
Luftfart	0,0	0,0	406,1	0,0
Oppvarming	559,0	1 455,8	336,5	267,1
Sjøfart	7 008,8	38 159,4	4 136,9	8 413,8
Veitrafikk	16 800,1	13 154,2	8 711,0	16 079,5
Avfall og avløp	0,0	0,0	0,0	0,0
Annen mobil forbrenning	3 382,8	2 621,1	2 972,2	3 687,5
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	330,4	293,8	362,1	294,2
Industri, olje og gass	2 298,4	0,0	0,0	0,0
Sum	30 379,6	55 684,2	16 924,7	28 742,1

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CH4 (metan)


	Stryn	Stad	Gloppen	Volda
Luftfart	0,0	0,0	0,8	0,0
Oppvarming	1 025,3	928,4	745,5	691,2
Sjøfart	16,4	98,8	10,8	22,1
Veitrafikk	27,0	30,0	17,9	33,8
Avfall og avløp	733,3	1 729,9	4 481,0	463,0
Annen mobil forbrenning	10,1	9,3	8,9	11,6
Jordbruk	11 448,2	9 955,7	15 095,1	9 453,8
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	5,3	0,0	1,2	0,0
Sum	13 265,5	12 752,1	20 361,1	10 675,6

Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn N2O (lystgass)

	Stryn	Stad	Gloppen	Volda
Luftfart	0,0	0,0	2,9	0,0
Oppvarming	33,2	33,9	24,4	26,8
Sjøfart	58,3	265,2	28,0	56,9
Veitrafikk	190,2	146,7	96,5	186,5
Avfall og avløp	50,2	128,6	77,5	99,5
Annen mobil forbrenning	38,4	29,5	33,6	41,8
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	5 399,5	5 433,1	5 881,9	5 476,2
Industri, olje og gass	1,3	0,0	0,7	0,0
Sum	5 771,1	6 036,9	6 145,5	5 887,8

Utslepp av klimagassar per år

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	1 581,9	1 173,9	1 407,7	1 369,4	1 181,2	1 296,4	1 352,6	1 354,1	1 617,5
Avfall og avløp	601,3	637,8	703,5	1 144,5	979,6	1 371,9	1 092,3	914,7	783,5
Sjøfart	0,0	0,0	0,0	0,2	4 003,9	4 392,5	189,9	183,1	7 083,5
Veitrafikk	19 615,8	19 637,5	18 549,2	17 155,6	17 907,4	17 075,9	16 488,4	16 962,5	17 017,4
Annen mobil forbrenning	4 301,5	3 551,3	7 072,6	6 997,6	5 361,6	4 549,9	3 041,1	2 777,9	3 431,3
Jordbruk	19 144,1	18 882,5	18 948,0	19 035,9	18 097,1	17 842,7	17 784,0	17 774,6	17 178,1
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Industri, olje og gass	2 821,5	2 352,5	2 503,3	2 200,3	2 383,5	1 295,8	1 382,1	1 986,0	2 304,9
Sum	48 066,2	46 235,5	49 184,3	47 903,6	49 914,4	47 825,1	41 330,5	41 953,0	49 416,1

Utslepp av klimagassar per gass

Grafen viser sum utslepp fordelt per sektor og type utslepp




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2022
Luftfart	0,0
Industri, olje og gass	2 304,9
Annen mobil forbrenning	3 431,3
Oppvarming	1 617,5
Sjøfart	7 083,5
Veitrafikk	17 017,4
Avfall og avløp	783,5
Energiforsyning	0,0
Jordbruk	17 178,1
Sum	49 416,1

Utslepp av klimagassar per innbyggjar

Grafen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2013	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Stryn	6,8	6,5	6,9	6,6	6,9	6,7	5,8	5,9	6,9
Stad	7,8	7,7	9,3	9,8	7,6	7,5	6,4	6,9	7,8
Gloppen	7,7	7,4	7,8	7,6	7,7	7,7	7,1	7,1	7,4
Volda	4,5	4,5	4,6	4,3	4,3	4,3	4,3	4,2	4,2
Kostragruppe 01	7,7	7,5	7,6	7,3	7,5	7,3	7,1	7,1	7,0
Vestland	13,1	12,3	12,0	11,5	11,2	10,2	10,1	10,6	10,2
Landet uten Oslo	8,8	8,5	8,3	8,0	8,0	7,7	7,3	7,2	7,3
Sum	56,3	54,4	56,5	55,2	53,3	51,4	48,1	49,1	50,8

8. Kommunen sine tenesteområder

8.1. Sentraladministrasjon

8.1.1. Tenesteområdebeskriving

Politisk styring

Området omfattar underliggende funksjonar som ordførar, kommunestyre, formannskap, sektorutval, ulike råd og nemnder - samt val.

Kontrollutvalet skal føre tilsynet med forvaltninga i kommunen på vegne av kommunestyret. Herunder sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning. Kontrollutvalet skal mellom anna sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein tilfredsstillande måte, sjå til at kommunen årleg vert gjenstand for forvaltningsrevisjon og sjå til at det vert ført kontroll med kommunen sine eigarinteresser i selskap.

Kommunedirektør

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar og er bindeleddet mellom administrasjonen og det kommunale politiske organa.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga består av 4,5 stillingar og har ansvar for løpande rekneskapsføring, -rapportering og -analyse. I tillegg har avdelinga ansvar for budsjett-prosessen med utarbeiding av det samla drifts- og investeringsbudsjettet og økonomiplanen for kommunen. Det er eit mål for avdelinga å vere ein aktiv støttespelar og bidragsytar overfor sektorane og administrasjonen i spørsmål og saker der det er naturleg.

HR-avdeling

HR-avdelinga er involvert i mange kritiske og samtidige prosessar, både overordna og i den einskilde sektoren. Det er eit mål at høg aktivitetmengde og -krav retta mot avdelinga ikkje skal gå utover kvaliteten på produktet ein leverer. For å sikre at HR har nok kapasitet til å gjennomføre dei viktigaste og lovpålagde tiltaka, er det avgjerande å gjennomføre målretta leiaropplæring (leie gjennom andre), sikre føremålstenleg systemunderstøtting som fremjar raske og korrekte sakshandsamingsprosessar og utarbeide relevant informasjon på td intranettet og internkontrollsystemet. Eit premiss for måloppnåing er eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde, verneombod og eksterne støtteressursar.

Vi prioriterer å vere synlege ute i avdelingane. Dette er ein føresetnad for å kunne utvikle kommunen sine arbeidsplassar. Gjennom personlege møte med leiarar og tilsette kjem ein nærare kva den einskilde arbeidsplassen opplever både positivt og utfordrande. Slik kan ein utforme meir presise tiltak som kan møte den einskilde arbeidsplassen sine behov.

Det er ei utfordring å finne kvalifisert arbeidskraft innan fleire fagfelt. Stryn kommune må bli stadig dyktigare til å utdanne/lære opp tilsette som allereie er i organisasjonen.

HR-avdelinga er med i fleire prosjekt som bygger opp under prosessar rundt arbeidsmiljø og sjukefråvær (heiltidskultur, turnusordning, rådgjeving i einskildavdelingar osv).

Stryn kommune er i ei positiv utvikling der tilsette og leiarar tek stort ansvar for at organisasjonen skal ta nye steg. I ein organisasjon med så mange tilsette, er det stadig saker som er utfordrande for dei involverte. Sjølv om mange av desse sakene er vanskelege, finn ein oftast løysingar til slutt. Nokre saker medfører likevel ei løysing som kan skape uheldige ringverknader blant dei tilsette. Desse er viktige å handtere på ein føremålstenleg måte. HR har ei sentral rolle i fleire av desse sakene.

Ei utvikling som både treff og bekymrar HR-avdelinga, er einskilde tilsette sin ukritiske bruk av sosiale medium. Veggen er kort frå skuffelse, sinne og glede, til omtaler av situasjonen på td facebook. Dette er saker HR-avdelinga møter stadig oftare og som syner nødvendige av å gjere alle tilsette meir medvitne på teieplikt og konfidensialitet i saker ein kjenner til.

Til slutt er det ein annan tendens som HR-avdelinga ser brer seg, nemleg ein tendens til at tonen blant fleire innbyggjarar hardnar mot einskild-tilsette og fagmiljø i kommunen, ikkje minst gjennom sosiale medium. Det kan vere utfordrande for tilsette å stå i dette over tid.

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Bygg-og vedlikehaldsavdelinga har ansvaret for både å ivareta kommunen sin eksisterande bygningsmasse og gjennomføre vedtekne større rehabiliteringar og nybygg. I tillegg gjennomføre faste rutineoppgåver og oppfølging av ulike tilsyn.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Fagområdet for avdelinga er sentralbord, publikumsmottak, dokumentsender, og politisk sekretariat. Sakshandsaming knytt til alkohollovgjevinga , bustøtte, startlån og utbetringstilskot.

Avdelinga har også ansvaret for kommunen sine kommunikasjonskanalar som intranettside , heimeside, samt informasjon i sosiale media. Utarbeiding av informasjonsmateriell plakatar, brosjerer er også ein del av arbeidsområdet.

IKT området som også er ein del av avdelinga, utfører oppgåver i nært samarbeid med IKT Nordfjord samt eige arbeid knytt til blant anna i samband med utbyggingar og endringar i kommunen sine bygg.

Samfunnshelse

Avdeling for samfunnshelse vart oppretta sept. 2023 som eit resultat av omorganiseringsprosess som vart utført i administrasjonen. Ein så nytteverdien av at rolla til kommuneoverlege og folkehelserådgivar vart tettare tilknytte, og ein gevinst av dette vil kunne vera ein tydelegare raud tråd i det systematiske folkehelsearbeidet. Det er eit klart mål at avdelinga skal jobba tverrsektorielt, og vera til støtte for ulike faggrupper og planarbeid. Det er ikkje auka personellressursar i avdelinga, men kommuneoverlege har no leiaransvar. Kommuneoverlege har dei same lovpålagde oppgåvene som før, inkludert smittevernansvar. Folkehelsekoordinator er sekretær i råd for eldre og funksjonshemma og ungdomsrådet.

8.1.2.Utvikling og utfordringar

Kommunedirektør

Kommunen får stadig nye nasjonale føringar. Desse påverkar både måten vi skal jobbe på og kva vi skal jobbe med. Dette er krevjande for organisasjonen og krev mykje arbeid både i forhold til forankring, iverksetting og oppfølging.

Dialogen mellom kommunen, innbyggjarane, næringslivet, lag/organisasjonar og andre aktørar er viktig.

Det må jobbast vidare med digitalisering av både arbeidsprosessar og tenester overfor innbyggjarane i alle sektorar og avdelingar i kommunen. Dette både for å gjere prosessane meir effektive, og betre involvering og informasjon i innbyggjarane si samhandling med kommunen.

Kommunen ser utfordringar når det gjeld rekruttering innan mange fagfelt. Også i 2023 har fleire tilsette i kritiske stillingar slutta i Stryn kommune, enten gått av med pensjon eller funne nye utfordringar. Store kull går av med pensjon i åra som kjem, samstundes som kulla med godt utdanna ungdom blir stadig mindre. Undersøkingar tyder på at mange unge (innleiingsvis) ikkje vil arbeide i kommunesektoren. Samstundes ser vi også at stadig fleire unge eldre vel AFP som ei løysing, og at ein ser tendensen til at dei nye generasjonane blir kortare tid på kvar arbeidsplass. Løn og endring styrer retninga i større grad og ein ser og eit stadig større press på lønsstrukturen i kommunen. Konsekvensen av rekrutteringsutfordringane er at ein del stillingar har stått vakante eller har teke lang tid å fylle, ein realitet som har teke mykje ressursar frå fleire avdelingar.

Gjennom 2023 har vi fortsatt arbeidet med fleire omstillings- og organisasjonsprosessar. Sjølv om målet med desse prosessane er å styrke organisasjonen og tilbodet til brukarane og innbyggjarane, er det tidvis utfordrande for dei tilsette å inngå i slike prosessar. Ein opplever likevel at dei tilsette, når desse blir godt involverte i dei ulike stadia, syner stor evne og vilje til fleksibilitet og løysingsorientering. Stryn kommune er i ei positiv utvikling der tilsette og leiarar tek stort ansvar for at organisasjonen skal ta nye steg.

Mange i organisasjonen ønsker seg fleire tilsette, men med ein strammare kommuneøkonomi og innsparingskrav må ein heile tida vurdere kvar ein skal styrkje ressursane eller om ein kan løyse oppdraga på ein anna måte. Det er eit viktig mål for kommunedirektøren og leiargruppa at ein fyrst må gjennomføre gode analysar med mål om å avklare om ein har ei formålstenleg arbeidsfordeling, gode rolleavklaringar og eit arbeidsmiljø som fremjar jobbegasjement framfor konflikter og arbeidsrelatert sjukefråvær. Fyrst når desse faktorane er sjekka ut, er neste steg å vurdere ressursbehovet.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga har mål om å vere proaktive som støttefunksjon til organisasjonen og bidra til synleggjering av økonomiske konsekvensar av alle kommunen sine aktivitetar. Rett rapportering til rett tid, økonomisk analyse og god dialog med det politiske miljøet vil vere viktig. Det er ei utfordring å nå dei målsette nøkkeltala innanfor drift, soliditet og økonomisk handlingsrom. 2023 vart eit økonomisk bra år - om enn ikkje så godt som det føregåande ved måling av økonomiske nøkkeltal.

2024 er godt i gang og gjennom budsjettprosessen og vedtak av årsbudsjett i kommunestyret, ser ein at driftsåret blir krevande. Økonomiavdelinga vil uansett vektlegge tett og god oppfølging gjennom året med målsetjing om å nå vedtekne drifts- og investeringsbudsjett i kommunen.

HR-avdeling

HR-avdelinga er involvert i mange kritiske og samtidige prosessar, både overordna og i den einskilde sektoren. Det er eit mål at høg aktivitetmengde og -krav retta mot avdelinga ikkje skal gå utover kvaliteten på produktet ein leverer. For å sikre at HR har nok kapasitet til å gjennomføre dei viktigaste og lovpålagde tiltaka, er det avgjerande å gjennomføre målretta leiaropplæring (leie gjennom andre), sikre føremålstenleg systemunderstøtting som fremjar raske og korrekte sakshandsamingsprosessar og utarbeide relevant informasjon på td intranettet og internkontrollsystemet. Eit premiss for måloppnåing er eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar, tillitsvalde, verneombod og eksterne støtteressursar.

Vi prioriterer å vere synlege ute i avdelingane. Dette er ein føresetnad for å kunne utvikle kommunen sine arbeidsplassar. Gjennom personlege møte med leiarar og tilsette kjem ein nærare kva den einskilde arbeidsplassen opplever både positivt og utfordrande. Slik kan ein utforme meir presise tiltak som kan møte den einskilde arbeidsplassen sine behov.

Det er ei utfordring å finne kvalifisert arbeidskraft innan fleire fagfelt. Stryn kommune må bli stadig dyktigare til å utdanne/lære opp tilsette som allereie er i organisasjonen.

HR-avdelinga er med i fleire prosjekt som bygger opp under prosessar rundt arbeidsmiljø og sjukefråvær (heiltidskultur, turnusordning, rådgjeving i einskildavdelingar osv).

Stryn kommune er i ei positiv utvikling der tilsette og leiarar tek stort ansvar for at organisasjonen skal ta nye steg. I ein organisasjon med så mange tilsette, er det stadig saker som er utfordrande for dei involverte. Sjølv om mange av desse sakene er vanskelege, finn ein oftast løysingar til slutt. Nokre saker medfører likevel ei løysing som kan skape uheldige ringverknader blant dei tilsette. Desse er viktige å handtere på ein føremålstenleg måte. HR har ei sentral rolle i fleire av desse sakene.

Ei utvikling som både treff og bekymrar HR-avdelinga, er einskilde tilsette sin ukritiske bruk av sosiale medium. Veggen er kort frå skuffelse, sinne og glede, til omtaler av situasjonen på td facebook. Dette er saker HR-avdelinga møter stadig oftare og som syner nødvendige av å gjere alle tilsette meir medvitne på teieplikt og konfidensialitet i saker ein kjenner til.

Til slutt er det ein annan tendens som HR-avdelinga ser brer seg, nemleg ein tendens til at tonen blant fleire innbyggjarar hardnar mot einskild-tilsette og fagmiljø i kommunen, ikkje minst gjennom sosiale medium. Det kan vere utfordrande for tilsette å stå i dette over tid.

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Tilbake i 2022 starta vi opp med eit byggforvaltningsprogram for å kunne dokumentere gjennomføring av rutiner og oppgåver, både for eigen del og for å kunne dokumentere ting godt nok ved tilsyn. Arbeidet er vidareført i 2023.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Arbeidet med å levere gode tenester til publikum hovudfokus i tenestene for service og kommunikasjon, det å ta i bruk dei nasjonale tenestene som tilrettelagde for kommunenane gjennom KS er ei prioritert oppgåve. Desse tenestene blir kalla Fiks tenestene. Ei utfordring for kommunen og landet for øvrig, er trusselbiletet knytt til angrep på IT tenestene, dette trusselbiletet er i stadig endring. IKT Nordfjord arbeider saman med kommunane for å sikre at vi i størst mogleg grad har løysingar og rutiner som er i tråd med råd frå statlege organ som td NSM og Datatilsynet.

Samfunnshelse

Etter oppstart av avdeling haust 2023 har eit stort fokus vore å få ei heilskapleg forståing av ansvarsområde og organisering i administrasjonen. Kommuneoverlege og folkehelserådgivar har tidlegare hatt mindre kontaktpunkt. Samtidig må lovpålagde oppgåver og skal/må prioriterast fortløpande. Avdelinga ser me er tydeleg etterspurde både internt i ulike faggrupper og planarbeid, men også eksternt i kommunen. Her kan spesielt ny samfunnsplan og ny "heilskapeleg risiko og sårharheitsanalyse blir nemnd (hROS). Samtidig er det ei klar forventning, men også viktig for kommunen, at avdeling bidreg i samarbeidsarenaer mellom nabokommunar, helseregion og fylke.

Kommuneoverlegenettverket som er kommuneoverlegane i kommunane tilknytta helse Førde ansvarsområdet sitt er ein svært viktig arena for samarbeid, men av erfaring er nordfjordsamarbeidet mellom kommuneoverlegane minst like viktig i det daglege arbeidet. Spesielt viktig er dette i ei tid der ein ser aukande behov og belastning i helsesektoren, samtidig med oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta og færre senger på sjukehusa. Her har kommuneoverlegane ei viktig rolle i støtte av dei kommunale leiarane og den kommunale helsetenesta. Samtidig er det behov for å stå sterkt saman i dialogen og samarbeidet med helseføretak, nasjonale styresmakter og Statsforvaltaren. Utfordringar knytte til barselavdeling / "God Start" og "Skadepoliklinikken" på Nordfjord Sjukehus er to døme.

Kommuneoverlege fullførte spesialistutdanning i samfunnsmedisin hausten 2023. Spesialistutdanninga har vore viktig for å vera ein god medisin fagleg rådgivar for heile kommunen, ikkje berre inn mot helsesektoren. I 2023 har kommuneoverlegen hatt auka førespurnader frå publikum om ulike bekymringar knytt til helse. Dette blir hovudsakleg tolka som eit resultat av meir synlighet i rolle dei siste åra. Her har rolla hovudsakleg ein rådgivande funksjon, men i enkelte tilfelle blir det teke vurderingar om bruk av «Lov om psykisk helsevern».

Det er ein tendens til at det blir fleire saker inn mot både helsesektoren og oppvekst som er meir komplekse enn før, og krev tett samarbeid med fleire aktørar. Det er svært viktig å ikkje gløyma barn og unges oppvekst i ei tid der helsesektoren vil trenga auka ressursar. Prosjektet "Ungdommen si stemme i Stryn" er eit viktig prosjekt i dette sambandet, og folkehelse rådgivar leier dette viktige arbeidet vidare.

8.1.3. Viktige hendingar

Kommunedirektør

Vi viser til kommunedirektøren si innleiing og oppsummering av året.

Økonomiavdeling

I 2023 starta vi arbeidet med "Innkjøpsstrategi" og "Innkjøpsreglement" for Stryn kommune. Strategien vart vedteken i kommunestyret i mars 2024 og vil bli følgd opp med reglementet våren 2024.

HR-avdeling

Leiarutviklingsprogrammet som har vore pågåande i fleire år vart avslutta i 2023. I samarbeid med KS har ein over tid hatt som mål å gje alle leiarane i kommunen fagleg påfyll og å trygge desse i leiarrolla. Det har vore viktig at leiarane skal sjå på kvarandre som ein ressurs ein kan nytte i leiarskapen.

Det har gjennom 2023 vore omfattande omorganiseringsprosessar i administrasjonen. Prosessen er i denne omgang ferdigstilt, og dette har vore eit ressurskrevjande arbeid.

Utover dette har vi stort fokus på nærværarbeidet i kommunen og å arbeide for ein heiltidskultur der tilsette som ønsker det får jobbe i større stillingar. HR har og ei delaktig rolle i arbeidet knytt til organisasjonsutvikling i Stryn kommune.

Det har i 2023 vore skifte av HR sjef. Det har vore ein hektisk haust der ein av spesialkonsulentane på HR avdelinga var konstituert som HR sjef nokre månadar.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Samarbeidet med Digi Vestland har vore ei viktig kjelde for å halde seg oppdatert på dei nasjonale fellesløysingar for digitale tenester som er utvikla under paraplyen "Fiks skatte og inntektsopplysningar" nokre tenester er lansert og fleire tenester er under utvikling og lansert fortløpande. Eit døme på tenester som er teke i bruk er tenesta "Redusert foreldrebetaling i barnehage, som no kan handsamast raskare ved at sakshandsamar har tilgang til skatt og inntektsopplysningar.

Ei anna nasjonal fellesteneste tenteste *Fiks folkeregister*, eit digitalt folkeregister der kommunen sjølv styrer tilgangen, med førehandsdefingerte oppsett som gjer at sakshandsamarar på dei ulike områda får dei rette opplysingane.

Felles for alt dette er at dette er nasjonale tenester som skal sikre raskare og betre sakshandsaming basert på tilgang på nødvendige og rette data.

Samfunnshelse

- Ny avdeling september 2023.
- Kunnskapsgrunnlag om folkehelse og påverksande faktorar 2023-2027, behandla i kommunestyret des. 2023.
- Prosjektleiing heilskapleg Risiko og Sårbarheitsanalyse (hROS) for Stryn kommune.
- Oppfølging flyktninghelse.
- Prosjektleiing «Ungdommen si stemme i utvikling av Stryn kommune».
- Ferdig spesialistutdanning i samfunnsmedisin.

8.1.4. Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap		Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023			
10-Politisk styring	4 699	5 330	4 954	-376	-7,6 %
11-Kommunedirektør	5 455	3 752	2 830	-922	-32,6 %
12-Økonomiavdeling	3 777	4 162	3 824	-338	-8,8 %
13-HR-avdeling	6 267	6 009	6 008	-1	0,0 %
15-Bygg- og vedlikehaldsavdeling	35 006	39 206	40 575	1 368	3,4 %
16-Avdeling for service- og kommunikasjon	14 465	15 345	16 836	1 491	8,9 %
17-Samfunnshelse	24	2 787	2 601	-186	-7,1 %
18-Kyrkjelege fellesråd	7 174	7 348	7 251	-98	-1,3 %
Sum	76 869	83 940	84 879	939	1,1 %

Kommentar til status økonomi

Politisk styring

"Politisk styring" inneheld kommunen sine kostnader vedr. den politiske aktiviteten, såsom løn til ordførar/varaordførar, kostnader til gjennomføring av vålet samt kostnader til kontrollutvalet og revisjon.

Samla sett var det budsjettert med MNOK 4,9 til desse postane i 2023 og rekneskapen viser MNOK 5,3 - ei overskriding på knapt MNOK 0,4.

Overskridingane skriv seg frå under-/feilbudsjettering av kontingentar til KS og Nordfjodrådet samt overskridingar knytt til politiske møter.

Kommunedirektør

Avdelinga har eit samla negativt budsjettavvik i 2023 på MNOK 0,9. Dette skuldast at ein budsjetteknisk har lagt heile effektiviseringskravet i "Sentraladministrasjonen" på MNOK 1,5 på avdelinga til kommunedirektøren. Effekten av innsparinga er i rekneskapen plassert der den har konkret fått effekt i administrasjonen. Dermed er tala noko misvisande.

I løpet av 2023 er kommuneoverlegen flytta til eiga avdeling "Samfunnshelse". I tillegg er stillinga som kontorsjef avslutta i løpet av 2023.

Økonomiavdeling

Økonomiavdelinga har samla sett eit meirforbruk på omlag MNOK 0,3. Lønsskotnadane på avdelinga er innafor budsjettamma og det er øvrige kostnader som har overskriding. Årsaka til avviket er at ein har unntale å fordele kostnader knytt til programvarelisensar og driftsavtalar til felles bruk.

HR-avdeling

Rekneskap for HR-avdelinga vart som budsjettert.

Bygg- og vedlikehaldsavdeling

Samla kostnadsramme på "Bygge- og vedlikehaldsavdelinga" var budsjettert med MNOK 47,9 i det regulerte budsjettet frå august 2023. Når året er ute viser rekneskapen at kostnadsbruken kom ut med MNOK 47,3 - ein har altså klart å halde seg innanfor tildelt ramme. På inntektssida var det budsjetterte med MNOK 7,3 og rekneskapen kom ut med MNOK 8,1 - eit positivt avvik på MNOK 0,7.

Bygge- og vedlikehaldsavdelinga har mange områder det blir utført tenester for. På dei fleste er det positive budsjettavvik i 2023. Av det samla kostnadsbudsjettet utgjør MNOK 13,4 området "Drift og vedlikehald av skulelokale". Her vart det ei overskriding på MNOK 1,3. For dei to områda "Butilbod i institusjon" og "Butilbod utanfor institusjon" var det budsjettert med ei samla kostnadsramme i 2023 på MNOK 9,9. Rekneskapen viser samla kostnadsbruk på MNOK 10,3 - ei overskriding på MNOK 0,4. På desse store tenestområda med krevande drifts- og vedlikehaldsoppgåver, vurderer vi overskridingane som moderate og akseptable.

Det er krevande å budsjettere rammer for bygge- og vedlikehaldsaktivitetane. Mange uforutsette ting dukkar opp gjennom året - som det er vanskeleg å planlegge for. Sjølv om ein har negative avvik på enkelte tenester innanfor avdelinga, har ein kompensert dette med mindreforbruk på andre tenester.

Vi opplever god kontroll i 2023, på ei avdeling det er store drifts- og vedlikehaldsoppgåver som har vore spesielt krevande i 2023 med mellom anna vesentleg og noko uforutsigbar prisvekst.

Samla sett har Bygge- og vedlikehaldsavdelinga eit positivt budsjettavvik på MNOK 1,4.

Avdeling for service- og kommunikasjon

Mindreforbruk i høve til budsjett, dette skriv seg frå mindreforbruk på drift IKT Nordfjord

Samfunnshelse

Avdeling for samfunnshelse vart oppretta september 2023. Årsrekneskapen viser eit mindre negativt avvik relatert til driftsutgifter og lønnsvekst som det ikkje var budsjettert for i ny avdeling.

Avdelinga har ikkje hatt eigne tiltak knytt til seg etter ho vart oppretta i september 2023.

Kyrkjelege fellesråd

Samla kostnader overfor kyrkja og kyrkjelege oppgåver harmonerer godt med budsjettet i 2023. Totalt var det budsjettert med overføringar frå kommunen til kyrkja med MNOK 7,25 og rekneskapen enda på MNOK 7,34.

8.1.5.KOSTRA Nøkkeltal

	Stryn 2022	Stryn 2023	Stad	Gloppen	Volda	Kostra- gruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet								
Administrasjon, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	6 106	6 231	5 098	7 186	4 910	5 883	5 464	5 409
Kontroll og revisjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	170	180	178	243	87	185	97	114
Netto driftsutgifter Administrasjonslokaler Utgifter for bygg fordelt per	207	168	268	421	221	512	515	548
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	1,4 %	1,3 %	1,1 %	1,1 %	0,9 %	1,0 %	1,0 %	1,0 %
Politisk styring og kontrollvirksomhet, kommune nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	698	781	810	793	528	830	603	615

Gjennom KOSTRA-rapporteringa frå kommunane til SSB blir det utarbeidd mange og ulike indikatorar som blant anna fortel kor stor ressursbruk ein har pr. innbyggjar på ulike tenester samanlikna med andre kommunar. Statistikken er utarbeidd med utgangspunkt i innrapporterte tal - både i kroner og mengder. Det er klare rekneskaps- og konteringsreglar som skal sikre at alle kommunar plasserer kostnader m.m. på same og rett plass i rekneskapen. Det er imidlertid ulikskapar mellom kommunane på korleis ein er organisert og ein kan derfor oppleve at kostnadane er behandla noko ulikt. Samanlikningane er imidlertid gode og viktige og blir brukt i eiga vurdering og analyse. Både vi og andre kommunar har stadig fokus på rett kostnadsføring slik at tala som kjem fram i KOSTRA blir mest mogleg rette og samanliknbare.

Kommunane i Noreg er oppdelt i ulike KOSTRA-grupper. Målet med desse gruppene er å sette saman kommunar som har like føresetnadar som til dømes innbyggartal og økonomiske råmeføresetnader (dette kan vere kostnadar som varierer mellom kommunane grunna ulike demografiske, sosiale og geografiske forhold). Basert på dette har Stryn kommune hamna i KOSTRA-gruppe 01 saman med over 30 andre kommunar.

Tabellen over er nokre få utvalde KOSTRA-tal som viser eiga utvikling frå 2022 til 2023 og samanlikning med nabokommunar, kostragruppa vår osv. - innanfor tenester som ligg under "Sentraladministrasjon". Desse nøkkeltala seier ingenting om kvalitet, kun ressursbruken.

Dersom du klikkar på ">" framfor kostra-indikatoren, får du opp grafikk og eventuelle tilleggskommentarar frå oss.

8.1.6. Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Nordfjordakademiet	50	I arbeid	Samarbeidet pågår ihht avtale. I 2023 vart det sett i gang med sommarskule for "superkreftene". Stryn kommune var inne med stønad for å sette i gang denne satsinga.
Turismehandtering	180	Ferdig	Prosjektet er gjennomført som forutsett i budsjettet. Disse kr. 180.000,- er brukte som forutsett til reingjering av toalett på cruisekaia i Olden og toalettvogner i Lodalen.
Sum	230		
Nye tiltak			
Arrangere Nordfjordtreffet	75	Ferdig	Arrangementet vart gjennomført i påska med Stryn som vertskommune. Stor oppslutning - ein suksess.
Tilskot Arena Stryn	672	Ferdig	Årskostnaden er betalt med kr. 548.000,- i 2023 (sum renter og avdrag vedr. lånet Stryn T&IL har i Sparebanken Sogn og Fjordane) direkte til banken.
Budsjettjustering etter budsjettvedtak IKT Nordfjord og IKT Strategi 2023	1 983	Ferdig	IKT Nordfjord/IKT Strategi utarbeider årlege driftsbudsjett som blir fordelt mellom deltakar-kommunane utfrå vedteken nøkkel. Justeringa i tråd med vedteke IKT-Nordfjord-budsjett for 2023.
Sum	2 730		
Sum tiltak	2 960		

8.1.7. Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Rekneskap	Status	Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.				
2 nye varebilar - Bygg og vedlikeholdsavdelinga	1 000	646	1 000		646	Ferdig	Ein fann to brukte, tenlege bilar - som medførte at ein held seg godt innanfor vedteken ramme for kjøp av 2 nye bilar til avdelinga.
EPC - Alternativ 2	16 000	18 784	0		295	Iht. plan	Kostnaden på MNOK 0,3 bokført på prosjektet i 2023 er konsekvens av avtalen med leverandør der ein i ein treårsperiode etter ferdigstilling skal påsjå at forventa energieffektivisering skjer. Vi oppnådde positive tal i 2023 vedr. dette og "gevinsten" blir delt mellom kommunen og leverandør utfrå avtalt fordelingsnøkkel.
Forskottering til Statens Vegvesen planlegging Rv. 15 Skjåk-Stryn KS-016/22	0	174	0		174	Iht. plan	Kommunestyret vedtok i 2022 ei ramme på MNOK 2 dersom behovet skulle oppstå for forskottering. Så langt har det ikkje vore større behov, men i 2023 har det vore ein del aktivitet i samband primært med analyse av straumbehov (utført i regi av Stranda kommune) - og vi har kostnadsført MNOK 0,17 i prosjektet i 2023.
IKT Nordfjordnett - skifte fiberkabel	500	217	500		217	Ferdig	Prosjektet er slutført, og det er eit mindreforbruk i høve budsjett.
IKT-prosjekt Nordfjordnett	2 424	4 892	2 424		2 030	Iht. plan	Nokre investeringar for IKT Strategi planlagt i 2023 er utsett til 2024 dette gjeld fagsystem for barnevern og fagsystem helsestasjon. IKT Nordfjord har gjennomført sine planlagde prosjekt. Samla for IKT Nordfjord og IKT Strategi er investeringskostnadane lågare enn budsjettert.
Kjøp av leilighet Setrevegen 4, gnr 57, bnr 297, seksjon 7	3 750	3 866	3 750		3 866	Ferdig	Leilegheita i Setrevegen 4 vart kjøpt i tråd med kommunestyrevedtaket for MNOK 3,75. I tillegg er det kostnadsført tinglysingsgebyr. Husbanken gav gledeleg nok investeringstilskot med MNOK 2,052 som reduserte investeringskostnaden og finansieringsbehovet tilsvarande.
Klatrepark i Oppstryn - 2023	125	113	125		0	Ferdig	Investeringa er budsjettert i 2023, men vart gjennomført i november/desember 2022 - og investeringskostnaden er derfor ført i 2022. Kostnaden vart som planlagt.
Nordsida skule - sikring parkeringsplass	313	313	313		313	Ferdig	Dette nødvendige sikrings-tiltaket som oppstod i 2023 er gjennomført som framlagt for kommunestyret og innanfor vedteken kostnadsramme.
Rehabilitering klatrepark Stryn sentrum - 2023	750	698	750		698	Ferdig	Rehabiliteringa i Stryn sentrum vart gjennomført som planlagt og innanfor vedteken kostnadsramme.
Stillas bygg og eigedom -2023	125	100	125		100	Ferdig	Stillas er innkjøpt og teke i bruk som planlagt.
Stryn omsorgssenter - nytt gjerde	213	213	213		213	Ferdig	Investeringa i høgare gjerde i hagen ved Stryn omsorgssenter er gjennomført som bestemt i kommunestyrevedtaket.
Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik	2 625	1 211	2 625		1 211	Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt og sett i drift. Kostnaden vart lågare enn investeringsramma la opp til.
Varmepumpe Stryn arbeidssenter	750	955	750		955	Ferdig	Prosjektet er ferdig og sett i drift. Overskridinga er på grunn av ekstraarbeid vedr. røropplegget innvendig. Prosjektkostnaden var estimert på førehand, men uforutsett meirarbeid måtte kommunen ta.
Sum andre prosjekt	0	19 833	0		1 620		
Sum	28 574	52 014	12 574		12 339		

8.1.8.Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,10 %	5,85 %	6,95 %
Årleg sjukefråvær 2020	1,35 %	3,15 %	4,50 %
Årleg sjukefråvær 2021	1,41 %	3,71 %	5,12 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,29 %	2,44 %	4,73 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,11 %	3,01 %	5,12 %

8.2.Oppvekst

8.2.1.Tenesteområdebeskriving

Oppvekstetaten

Skule- og kulturetaten dekker tenesteområda: Administrasjon oppvekst, grunnskule, skulefri, barnehage, PPT og vaksenopplæring.

Stryn kommune skal vere ein god stad å vekse opp, bu og leve i. Barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar er viktige i å sikre dette.

Kommunen har sju grunnskular, alle har SFO-tilbod, sju kommunale og ein privat barnehage, eiga PP-teneste, eit vaksenopplæringscenter for flyktningar/innvandrarar. Nordsida, Oppstryn og Loen har samlokalisering av barnehage og skule med felles leing. Med ein desentralisert skule- og barnehagestruktur er det ganske store skilnader på tal barn/elevlar på dei ulike einingane. Einingane med flest barn/elevlar ligg i Stryn sentrum.

Per desember 2023 var det 283 tilsette i etaten, fordelt på 249 årsverk.

Per 01.10.2023 var det 903 elevlar i grunnskulen og per 01.12.2023 333 barn i barnehage - 189 under tre år, 144 over tre år.

Vi ønskjer bidra til at barn og unge får skapt gode opplevingar og relasjonar til heimstaden/kommune sin, slik at dei også i framtida ønskjer å bu og leve i Stryn kommune.

Administrasjon oppvekst

Etter omlegginga i kommuneadministrasjonen er det to tilsette i administrasjonen for etaten oppvekst. Ein har fagleg og organisatorisk ansvar for barnehage, skule og SFO.

Grunnskule

Det grunnleggande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Det vert lagt vekt på godt skulemiljø med relasjonsbygging og god klasseleing. Det er rundt 20 % elevlar med minoritetsspåkleg bakgrunn. Talet på elevlar med fleirspråkleg bakgrunn har vore ganske stabilt i fleire år. I 2023 så har det kome ein del barn og elevlar frå Ukraina i tillegg til barn av arbeidsinnvandrarar.

Arbeidet med nye læreplanar, og implementering av desse er framleis ei viktig satsing. Hausten 2024 trer ny opplæringslov i kraft. Digitalisering er eit sentralt tema, og vil vere det i åra framover. Kunstintelligens er på fullfart inn i skulane. Dette vil utfordre skulane i skuledagen og i opplærings situasjonane. Dette krev både kompetanse og opplæring, og vil krever bruk av ressursar. I 2023 har ein satsa på kompetanseheving ved å starte arbeidet med å innføre PALS. Elevane må bli rusta for for å delta i eit samfunn i stadig utvikling, slik at dei meistrar både utdanning og arbeidsliv.

Skulefri

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar. Alle skulane skal kunne tilby SFO, også i skuleferiane ved behov. Ved små einingar skal ein kunne sjå SFO saman med barnehage der det er muleg. Tal deltakarar i SFO aukar og ein må rigge seg for å ta i mot denne auken i framtida.

Barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring, språkutvikling og sosial kompetanse. Barnet sitt beste er eit grunnleggjande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode moglegheiter for utvikling, og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre skulegang og vaksenliv. Der vart i 2022 politisk vedteke at barnehagane skal legge tilrette for utvida opningstid for å møte behov i lokalsamfunnet.

PPT

Stryn kommune har eige PPT-kontor med fire fast tilsette. PP-tenesta gir råd og rettleiing til barnehagane, skulane og vaksenopplæringa i Stryn kommune. PP-tenesta samarbeider tverrfagleg på lokalt nivå, med helsetenesta og barneverntenesta, på regionalt nivå med Nordfjord BUP og på statleg nivå med t.d. Statped og/eller spesialisthelsetenesta.

PP-tenesta skal bidra til komeptanse- og organisasjonsutvikling i høve born og unge med behov for særskilde tilretteleggingar. PP-tenesta syter for at det vert skrive sakkunnig vurdering der lova krev det. PP-tenesta har både individ og systemretta arbeidsoppgåver. PP-tenesta kan også bistå i skulemiljøsaker knytt til §9A og i saker som gjeld skulefråvær. Målet er at dei får et inkluderande, likeverdig og tilpassa pedagogisk tilbod.

Vaksenopplæring

Stryn Vaksenopplæringa har ansvar for opplæring etter vaksenopplæringslova, introduksjonslova/integreringslova og opplæringslova. Her får deltakarane opplæring i norsk- og samfunnskunnskap eller i grunnskulefag. Målet er å gje innvandrarar gode norskkunnskapar, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og varig tilknytning arbeidslivet. Vaksenopplæringa har i 2023 hatt ein auke i tal deltakarar, då i særleg grad personar frå Ukraina. Tal deltakarar variere ein del gjennom året. Dette er utfordrande for organiseringa av undervisninga.

8.2.2.Utvikling og utfordringar

Administrasjon oppvekst

Viktig at etaten vert utvikla og rigga for å møte utfordringane på individ- og organisatorisk nivå. Må ha nok ressursar til å løyse oppgåvene i etaten. Viktig med kompetanse på alle nivå skal ein oppnå ønska utvikling i framtida.

Grunnskule

Ei utfordringa for skulen i Stryn, er at ut frå prognose vil elevtalet gå ned i framtida. Redusert elevtal vil på små skular kunne vere utfordrande i forhold til skulemiljø og sosialisering sjølv om elevane har det trygt og godt. Vi må ha skular som er robuste nok for alle elevane. Stryn må vere attraktiv å flytte til. Vi må få fleire til å flytte til Stryn kommune enn dei som flyttar ut. Vi må ha samfunn som gjev mulegheit

for barnehage, skule, bustad og arbeid. Vi må ha varierte tilbod som er attraktive og tilpassa brukarane sine behov.

Ei anna utfordring i åra framover er å kunne møte behov til elevar og føresette. Det er forventning om at skule ikkje berre skal gje god opplæring i fag, men skal ta større del i barn si utvikling på alle plan. Skulane opplever i større grad enn før at dei ikkje har god nok kompetanse og nok ressursar til å møte dei utfordringane mange elevar har.

Dei største skulane har utfordringar i høve nok rom og plass. Dette for å kunne møte elevar med særskilde behov, nye læreplanar, variert undervisning og gruppedeling. Det kan bli ekstra press på skulane i Stryn sentrum ut frå tal flyktningar som kjem til Stryn.

Digitalisering i skulen er ei utfordring ein må ta tak i i åra som kjem. Den digitale utviklinga går fort og det er ei stor utfordring for skulane å følgje denne utviklinga. Bruk av digitale hjelpemiddel aukar og det vert meir og meir utfordrande å kontrollere bruk av desse hjelpemidlane, jfr. kunstig intelligens(KI).

Levetida på ein Pc eller Cromebook er ca fem år. Det krev ressursar til å halde seg digitalt oppdatert. Vi treng også å ruste oss for framtida i høve digital heimeundervisning.

Stryn ungdomsskule har utfordring med gammalt skulebygg. Tiltak rundt skulebygget og utearealet har vore sett på vent i fleire år. Skulen i 2023 blitt reovert.

Tonning skule har lite plass og treng renovering/nybygg i nær framtid. Elevtalet for skulen har stabilisert seg rundt 350 elevar. Nye byggefelt i nærleiken av Stryn sentrum kan føre til at skulen ikkje kan ta i mot alle elevar i høve kapasiteten i dag.

Som i 2022 har det i 2023 vore utfordrande å få tak i vikarar og ført til eit ekstra press på dei andre tilsette, og leiinga ved einingane.

Skulefri

Det har i 2023 bli lettare å søke om SFO plass ved alle skulane. Ved auke i tal deltakar kan det bli utfordringar med plass/rom for SFO.

Barnehage

Det er utfordrande at barnekulla kan endre seg forholdsvis mykje frå eit år til eit anna. Prognosane er at ein vil få færre barnekull i framtida.

Tilrettelegging av barnehageplassar bør ta omsyn til barnetal og framtidige busettingsmønster. Olden barnehage hadde ikkje i 2023 plass til å ta imot alle barn busett der. Olden har mange barn av arbeidsinnvandrar. Dette er vanskeleg å planlegge.

Barnehagebussen ved Tonning barnehage har eit aukande behov for vedlikehald. Bussen er gammal og det må gjerast vurderingar i høve innkjøp av ny buss, eller vurdere om ein må organisere den "avdelinga" på anna måte. Barnehagebussen er ei populær avdeling.

Det er svært utfordrande å få tak i vikarar ved sjukefråvær, og dette kan føre til større belastning på resten av personalet.

PPT

PP-tenesta opplever at det har vorte fleire og meir krevjande saker. Utfordringane i skulen viser igjen i PPT, og dei opplever fleire og meir krevjande saker i høve skulemiljø.

PP-tenesta ser utfordringar og behov for at foreldre i større grad kan få tilbod om rettleiing og råd i kraft av foreldrerolla. PP-tenesta opplever eit behov for eit tilbod til foreldre i ein tidleg fase før evt. tilvising til PP-tenesta eller andre hjelpe-instansar.

PPT opplever auka behov for rettleiing og tiltak, spesielt i skule, men også i barnehage.

Det ser ut til at fleire saker vert meir komplekse og krevjande. Det stiller også større krav til tverrfagleg samarbeid på alle nivå.

Vaksenopplæring

Det siste året har kommunen hatt auke av deltakarar frå Ukraina. Utfordringa her er at det ikkje er så lett å vite kor mange deltakarar ein har frå år til år. Dette er utfordrande både i høve lærarressursar, lokale og økonomi.

Det er vanskeleg budsjettere sidan ein ikkje veit kor mange flyktningar som kjem kvart år og kva tilskot ein får. Det einaste som er konstant er grunntilskotet. Det er også slik at dersom deltakarane flyttar eller går over i fulltid på vidaregåande, så vil tilskotet til kommunen reduserast. Ein ser at tendensen dei siste åra er at ein ikkje har fått nok tilskot til i forhold til det som er budsjettert.

8.2.3.Viktige hendingar

Etablering av stillingane som miljørettleiarar er viktig for skulane. Det er eit stort behov for denne kompetansen på einingane.

Etter OU-prosess vart skule og kultur etaten endra. Kultur vart flytta til samfunnsutvikling, og etaten vart endra til Oppvekst.

8.2.4.Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
20-Oppvekst Administrasjon	3 305	3 012	2 974	-38	-1,3 %
21-Grunnskule	107 076	117 637	115 923	-1 714	-1,5 %
22-Skulefri	1 910	4 234	4 055	-178	-4,4 %
23-Barnehage	63 672	68 037	68 068	31	0,0 %
24-PPT	3 661	4 026	4 087	61	1,5 %
25-Vaksenopplæring	2 247	1 814	1 092	-721	-66,1 %
27-Kultur	11 633	0	0	0	0,0 %
Sum	193 505	198 759	196 200	-2 560	-1,3 %

Kommentar til status økonomi

Administrasjon oppvekst

Rekneskapen for oppvekst etaten viser samla eit overforbruk på kr. 2 559 635 ut frå eit budsjett på kr. 117 098 231,- Dette utgjør eit avvik på -1,3 %. Generelt kan avvik på dei ulike ansvarsområda knytast til omfang av vikarbruk og overtid ved sjukefråvere samt refusjonar som ikkje dekkjer alle utgifter. Det Nokre av tenesteområda har elles avvik mellom budsjett og rekneskap av ulike årsaker. Ein merkar tydeleg at prisane på mange varer gjekk mykje opp i 2023. Dette vart det ikkje regulert for, og er litt av grunnen til overskridingar. Det var også ein ganske stor auke i lønsutgiftene etter lønsoppgjøret 2023, men dette vart stort sett regulert inn.

Grunnskule

Grunnskule har eit overforbruk på kr. 2 214 600 . Utgiftene til drift har auka mykje. Alle utgifter, utanom løn har eit overforbruk på 33,4%. For nokre skular har det vore eit krevjande år med ein del uforutsette tiltak som har ført til auka kostnad, t.d til spesialundervisning og tiltak knytt til tett oppfølging av enkelt

elevar. Tre av grunnskulane er samlokalisert med barnehage og SFO. Desse rekneskapen må sjåast noko i samheng grunna felles innkjøp, men det blir arbeidd med å fordeling av utgifter så rett som muleg i rekneskapen. Det har i 2023 vore ein auke i overtid på ein del skular. Dette grunna mellom anna fordi ein ikkje har klart å få tak i vikarar. Skulane har då måtte nytte det personalet som allereie har full jobb. Dette har vore utfordrande, og ført til at ein må bruke overtidsbetaling. Skulane har merka aukande prisar i 2023. Det er utfordrande å budsjettere i høve pris- og lønsvekst. Det blir brukt over ein million på It-utstyr i skulane, dette er det ikkje eige budsjett til. I 2023 har ein eit til dels stort avvik til husleige. Her er det eit overforbruk på kr. 600 000,- Berre til symjehallen er utgiftene på kr.660 000,- Grunnskule har kr. 1 600 000 ,- over budsjett i inntekter. Det meste av det er rammeoverføring i høve flyktningar som skulane tek i mot. På nokre skular har ein måtte tilsette ekstra personale for å kunne gje eit tilbod til dei flyktningane som kjem. Mellom anna så har Tønning skule hatt eiga gruppe med undervisning for flyktningar.

Skulefri

SFO har eit overforbruk på 4,4 % . I hovudsak er dette litt manglande inntekter, og er eit lite overforbruk. Kommunen si bemanningsnorm seier ein vaksen per 14 elevar, men grunna nokre barn med særlege behov, har ein i periodar måtta auka opp for å oppfylle lova om forsvarleg bemanning. Ein vil kunne måtte auke budsjettet i SFO for å møte forventningar og meir krevjande arbeidssituasjon i SFO.

Barnehage

Kommunale barnehage har eit underforbruk i 2023; 2,7 %. Styrka barnehagetilbod har ein overforbruk på 30 %, men har eit forbruk som tilsvara rekneskapen for 2022.

PPT

PPT er så å seie heilt på budsjett, med eit underforbruk på 1,5 %.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa står med eit netto overforbruk på 721 498 kr. Dette skuldast litt overforbruk på drift og resten er manglande inntekter.

Vaksenopplæringa er i stor grad finansiert gjennom grunntilskot og norsktilskot frå IMDI. Kor mykje dette blir kvart år er svært uforutsigbart ettersom ein ikkje veit kor mange flyktningar kommunen buset for kvart år, og kor mange av dei ein buset som er vaksne.

Grunntilskotet er ein fast sum kvart år (i 2023 var den 643 900,-). Medan norsktilskotet er eit persontilskot som følgjer visse satsar (i 2023 kom dette på 2 720 590,-). For flyktningane frå Ukraina som har kollektiv beskyttelse er det eit eingongstilskot på kr 45 000,- + kr 27.450 ved 6 mnd. ekstra med norskundervisning. For dei andre flyktningane som kjem til kommunen får ein norsktilskot i 3 år (år 1 - kr 39 700,- år 2 - kr 78 900,- og år 3 – kr 54 400,-).

Ei utfordring i høve budsjett er at ein får dette eingongstilskotet for ukrainarane i eitt budsjettår, medan ein ofte fortset undervisninga i neste budsjettår utan tilskot. Ukrainarane har rett på gratis norskopplæring i 1 år + ev. 6 mnd. ekstra, og har rett på gratis norsk- og samfunnskunnskapsprøver.

Kommunen busette 85 flyktningar i løpet av 2023. Av desse var det 38 ukrainarar og 5 frå andre land som starta på vaksenopplæringa.

Ellers er det to postar i forhold til drift som bør kommenterast. Dette gjeld lærebøker og programvarelisensar. Grunnen til at utgiftene har blitt større enn budsjettet er fordi progresjonen og løpet til ukrainarane gjer at dei fleste fullfører 3 nivå i norsk innanfor tida dei går på norskundervisning, og må ha bøker og lisensar til desse nivåa. Dette blir då ein større kostnad enn ein hadde forventa.

8.2.5.KOSTRA Nøkkeltal

	Stryn 2022	Stryn 2023	Stad Gloppen	Volda	Kostra- gruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo	
Prioritet								
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	12,4 %	12,7 %	13,7 %	14,5 %	15,9 %	13,6 %	14,9 %	14,2 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år	116 629	129 250	119 078	123 447	125 155	122 357	119 707	115 393
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år	5 478	11 537	7 004	8 394	11 978	12 010	15 528	13 592
Produktivitet								
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. bruker	26 892	30 667	26 268	30 858	37 031	36 482	39 275	38 717
Korrigerte brutto driftsutgiftertil grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	142 798	158 740	155 082	159 329	162 615	161 241	158 015	153 326
Dekningsgrad								
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	6,9 %	8,3 %	3,2 %	7,7 %	5,6 %	9,7 %	7,7 %	8,1 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	5,1 %	4,3 %	6,2 %	6,6 %	6,3 %	5,0 %	6,2 %	5,9 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO	67,0 %	72,2 %	53,6 %	52,2 %	67,0 %	59,3 %	69,8 %	66,6 %
Kvalitet								
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	10,8	10,4	10,7	10,9	11,6	12,0	12,3	12,5
Andre nøkkeltal								
Netto driftsutgifter (202) Grunnskole	108 582	119 686	141 346	89 499	155 818	3 993 255	9 300 637	66 186 223

8.2.6.Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak			
Vidareføring av styrkingstiltak i skulane våren 2023	437	Ferdig	Ekstra midlar til styrking våren 2023 er avslutta, men det er framleis store utfordringar knytt til elevar med særskilde behov i skulane. Behov for ekstra midlar til styrkingstiltak varierer. Behov for særskilte tiltak kan vere akutte og er såleis vanskeleg å planlegg med ressursar som skal vere i tiltaka.
SFO - utvida opningstider	800	I arbeid	Det er no SFO-tilbod ved alle skulane, med utvida tid om det er behov for det. Ein skal også gje tilbod om SFO i skuleferiane gjennomåret bort sett for tre veker om sommaren. Dei utvida tidene vert etablert ut frå om foreldre søker om plass. Det er ulikt om ei har utvida tid og ope i feriane. Størst press er det på Tønning SFO, dei vil etterkvart ha mangel på plass.
Miljøterapeut i skulen	1 250	I arbeid	Dei to miljørettileiarane har arbeidd eit halvt år. Dei har stort ansvarsområde ut frå at dei skal virke ute på alle skulane. Ein skulle vore fleire miljørettileiarar ute på skulane. Det er behov for personale med anna kompetanse enn kva lærarane har. Dei har etablert samarbeid og arbeider ut frå det. Ein av miljørettileiarane vil også vere PALS-rettileiar i prosjektet som

Årsmelding 2023

Tiltak	Ramme år	Status	Beskriving
	1		ein starta opp hausten 2023. Dei arbeider som støtte til lærarane både i undervisningssituasjonar og i frimnutta. Dei deltek også i temabaserte opplegg.
Sum	2 487		
Sum tiltak	2 487		

8.2.7. Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status	Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap		
Barnehage Loen	13 500	14 555	0	1 195	Ferdig	Tiltaket er ferdig. Ny avdeling er teke i bruk.
Renovering Stryn Ungdomsskule	9 300	4 053	5 000	4 053	Iht. plan	I høve renovering av Stryn ungdomsskule er det gjort mykje ferdig. Arbeidet vil bli vidareført våren 2024.
Sum	22 800	18 608	5 000	5 247		

8.2.8. Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	1,59 %	3,88 %	5,47 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,01 %	4,89 %	6,90 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,48 %	6,00 %	8,48 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,48 %	4,07 %	7,55 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,90 %	3,45 %	6,36 %

Status sjukefråvær og HMS

Det totale sjukefråværet for 2023 har gått ned med 7,55% i 2022 til 6,36% i 2023. Administrasjonen oppvekst hadde eit forholdsvis høgt sjukefråvær 2023, sjølv om ein gjekk ned frå 16,82% til 7,77%. Siste halvår 2023 har det vore lite sjukefråvær i administrasjonen, såleis reknar ein med at prosent sjukefråvær vil synke i 2024. . For grunnskulen har sjukefråværet gått ned til 4,74% i 2023, og vaksenopplæringa har omtrent ikkje sjukefråvær i det heile. Dei har eit fråvær på 1,29%. PPT har hausten 2023 hatt eit langtidsfråvær, så der har sjukefråværet gått opp. Også i barnehage og SFO har fråværet gått opp siste år. Barnehagane har i 2023 eit fråvær på 9,32%. Kanskje kan dette sjåast i samheng med auka belastning og vanskar med å få tak i vikarar.

Det er viktig å heile tida ha fokus på nærvær og arbeide for å få det totale fråværet så lågt som muleg. Alle leiarane starta opp kursing av NAV arbeidslivssenter i 2023. Der er arbeid med førbygging og oppfølging av sjukefråvær eit sentralt tema.

8.3.Helse og sosial

8.3.1.Tenesteområdebeskriving

Administrasjon helse og sosial

Tenesteområdet Administrasjon helse og sosial omfattar kostnader knytt til etaten som ikkje er direkte knytt mot ei av einingane/avdelingane, samt øvste leing av etaten. Administrativ leing av sektoren er samansett av kommunalsjef og nestleiar.

Eksempel på kostnader under administrasjon er interkommunale tenester som krisesenter, psykologteneste, overgrepsmottak, samhandlingskoordinator, samt sals- og skjenkekontrollar, frivilligsentralen, Husbanksaker m.m.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta jobbar med busetjing og oppfølging av flyktingar i Stryn kommune.

Dette arbeidet inneber å skaffe bustad, følgje opp dei vaksne flyktingane som deltek i introduksjonsprogrammet, informere og hjelpe flyktingar til rette i kommunen i samarbeid med andre kommunale instansar og eksterne aktører som frivillige, næringsliv, lag og organisasjonar.

Veiledning og oppfølging blir gitt utifrå den enkelte person eller familie sine behov, og ofte i mange år etter busetjing i Stryn.

Pleie- og omsorg Vikane

Område Vikane består av Vikane Omsorgssenter, heimesjukepleie, heimehjelp og dagsentertilbod.

Ved Vikane Omsorgssenter er det ei skjerma eining for personar med demens, med 9 plassar, og ei somatisk avdeling med 16 plassar. Vi har dagsenter knytt til institusjonen, og eige dagtilbod for heimebuande personar med demens. Vi har eige kjøkken og vaskeri knytt til institusjonen noko vi set stor pris på.

Heimesjukepleia i Vikane dekker bygdene Tistam, Utvik, Innvik, Olden og Oldedalen.

Pleie- og omsorg Stryn

Området Stryn gir kommunale helsetenester som langtids plass i sjukeheim, korttids plassar, avlasting, rehabiliterings plassar og lindrande behandling i livets siste dagar. Vi har 40 omsorgsbustader som er heildøgns bemanna. Langtids plass i sjukeheim og omsorgsbustader med heildøgns bemanning er øvst i omsorgs-trappa til Stryn kommune. Brukarar har behov for høg grad av teneste.

Kjøkkenet på Stryn omsorgssenter produserer mat til dei som bur på omsorgssenteret, og heimebuande med vedtak om mat i området Stryn

Dagsenteret for demente er open 2 daga pr veke. Brukarane blir henta heime, og kjørt heim når dagen er over.

Heimesjukepleien har fått ei dreining av oppgåver dei siste åra. Hovudoppgåvene er fortsatt å gi bistand til eldre, men det er blitt fleire oppgåver innan psykiatri og rus.

Miljø- og velferd

Eining for miljø- og velferdstenester yter tenester til personar med funksjonshemming og personar med psykisk helse- og ruslidingar. I eininga er det følgjande avdelingar:

- psykisk helse og rus

- samtaletilbod v/ psykisk helsearbeider inkl. psykisk helsearbeidar barn og unge
- aktivitetstilbod
- heimetenester
- arbeidssenter for funksjonshemma
- bufellesskap/oppfølging i heimen, funksjonshemma
- avlastningsbustad

Helsetenester

Eining for helsetenester har følgjande tenestetilbod:

- legekontor, lokal daglegevakt og interkommunal legevakt kveld og helg
- kommunale og privatpraktisernade fysioterapeutar inklusiv frisklivssentral
- helsestasjon- og skulehelseteneste inklusiv jordmorteneste

Sosiale tenester (NAV)

Sosiale tenester er ein del av NAV Stryn. Dei tilsette jobbar integrert ilag med dei statlege tilsette. Til kommunen si portefølje er følgjande tenester

- Opplysning, råd og rettleiing til dei som har behov for dette
- Økonomisk sosialhjelp
 - vert utmål etter individuelle behov basert på statlege og kommunale retninglinjer
- Kvalifiseringsprogrammet
 - Kvalifiseringsprogrammet skal bidra til at personar som er sosialhjelpsmottakarar eller står i fare for å bli langtidsmottakarar av sosialhjelp, skal bli i stand til å sørge for sitt eige livsopphald
- Midlertidig bustad for dei som er bustadlause og har akutt behov for bustad
- Økonomisk rettleiing og gjeldsrettleiing

NAV ble våren 2023 interkommunalt, der Stad kommune er vertskommune.

Barnevern

Barnevernets hovedoppgave er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Barnevernet skal bidra til trygge oppvekstkår for alle barn og unge.

8.3.2.Utvikling og utfordringar

Flyktingtenesta

Det skjedde store endringar i Flyktingtenesta sitt arbeid i grunna krigen i Ukraina. Etter tidlegare å ha teke imot mellom 16 og 28 flyktningar i Stryn, kom det i løpet av 2022 91 flyktningar til kommunen. I 2023 tok vi imot 85 personar.

Denne store auka i busetjingar har sjølv sagt påverka Flyktingtenesta sitt arbeid på alle vis, både i volum og i karakter. Det er først og fremst mange fleire menneske å ta seg av og følgje opp. Nytt lovverk og endringar i regelverk for ukrainarar med midlartidig kollektiv beskyttelse har ført til at det også vore

mykje nytt å setje seg inn i for å kunne utføre det daglege arbeidet med alle som er i introduksjonsprogrammet. Det er også mange som er ferdige i introduksjonsprogrammet og som likevel treng oppfølging vidare. Det er også behov for auka kompetanse innan migrasjonshelse i kommunen. Dette er eit felt som er utfordrande og der ein kan sjå på interkommunalt samarbeid.

Dei siste åra med så stor auke i tal flyktningar har gjort at også andre tenester knytt til flyktningar har merka eit auka press, då tildøme helse og skule. Ein merkar også no at der ikkje er så mange ledige bustadar i markedet, spesielt i områder der det er tilbod om kollektivtransport. Målet for introduksjonsprogrammet for flyktningar er at når dei er ferdig skal komme ut i arbeid eller utdanning. Mange av dei som er ferdig i introduksjonsprogrammet kjem seg ut i arbeid, spesielt i høgsesongen for reiselivet.

Pleie- og omsorg Vikane

I dei seinare åra har kommunane fått stadig større ansvarsområde, og oppgåver er flytta frå stat til kommune. Pasientar og brukarar får stadig større rettigheter i mottak av tenester. Det er høge forventningar om kva kommunen skal yte av tenester, og at kommunen innfrir omsorg og behandling, rehabiliteringspasientar skal få nødvendig opptrening, osv.

Vi ser også at brukarane som har behov for institusjonsplass har eit større hjelpebehov og er meir pleietrengjane enn tidlegare. Noko som stiller større krav til kompetanse hos dei tilsette.

Vi blir stadig fleire eldre. Målet er at alle skal få bu heime så lenge som mogeleg. Dette krev tilrettelegging av bustad og hjelpemiddel, og truleg eit større behov for heimesjukepleie. Vi ser at det er fleire som treng tenester på tenestenivå mellom institusjonsplass og det å kunne bu heime i eigen bustad. Det vil truleg bli behov for auka bemanning i heimesjukepleien for å møte dei utfordringane vi står ovanfor i framtida. I dag er ein kun ein person på vakt i heimesjukepleien i Vikane på kveld og natt.

Ei av utfordringane vi ser er mellom anna utfordringar med tanke på rekruttering til ledige stillingar. Samstundes er det viktig å ta vare på dei tilsette vi har.

Pleie- og omsorg Stryn

Området Stryn har i deler av omsorgssenteret gamal bygningsmasse. Bl.a. deler brukarar bad på sjukeheimen. Det fører til brukarane både får ei dårligare oppleving av tenestene, men og at Stryn som kommune scorar lavt på kommunebarometeret. For å kunne yte gode og verdige tenester, samt ha betre arbeidsforhold til tilsette, er det begynt å jobbe med Byggesteg II.

I Området Stryn ser vi at vi får fleire pasientar tidligare frå sjukehusane. Førde sjukehus vil framover få plass til færre pasientar, og det kan få konsekvensa. Området Stryn har tett samarbeid med fysio/ergo avdeling og jobbe aktiv med å få til gode rehabiliteringsopphald, og å gi god lindrande behandling på både på sjukeavdelinga og i våre andre avdelingar.

Miljø- og velferd

Hausten 2023 fekk vi tilsett barnekoordinator i Stryn kommune. Barnekoordinator arbeider tett med koordinerande eining, og er tilsett i Miljø og Velferd.

Barnekoordinator er ei ny teneste for familiar som har eller ventar barn med alvorlig sykdom, skade eller nedsett funksjonsevne. Familiene må ha behov for langvarige og koordinerte tenester for å ha rett på tenesta. Barnekoordinator er heimla i helse og omsorgstenesteloven og i pasient og brukerrettighetsloven som ein rett for familiar. Det er koordinerande eining i Stryn kommune som vurderer behovet for barnekoordinator, koordinator og individuell plan.

Barnekoordinator skal sørge for at tenestene er heilskaplege og tilpassa barnet og syte for at barnet si stemme blir ivareteke. Barnekoordinatoren skal veilede familiarne i ulike tenestetilbod og

velferdsordningar og sørge for å ivareta kommunen sitt ansvar for oppfølging. Barnekoordinator har og ansvar for framdrift i arbeid med individuell plan.

I haust fekk vi endeleg på plass ny bil på arbeidssenteret. Vi har derfor igjen kunne utføre alle arbeidsoppgåver vi har utanfor huset. I tillegg blir den brukt så brukarane kjem seg på tur, og våre rullestolbrukarar kan vere med. Bilen er trygg og er i daglig drift, også helg og kveld er den periodisk i bruk når brukarane skal på arrangement. Blir brukt både i arbeidssituasjonar og fritidsarrangement.

I Stryn er vi organisert med mange singelbustadar, noko som krev mykje bemanning gjennom døgnnet. Det blir ekstra ressurskrevjande ved å måtte ha mange på jobb, samt mykje arbeid for avdelingsleiar å fordele ressursar. Slik vi er organisert er det fast personale i små grupper, noko som gjere det lite fleksibelt å flytte personal ved for eksempel fråvær. Bakgrunn for små grupper er å ha få personale pr. brukar, men på grunn av sårbarheit ved fråvær blir det likevel ikkje stabilitet for brukar med tanke på fast personale.

Helsetenester

Helsestasjonen starta opp utdanning av PMTO-terapeut, dette blir ein viktig ressurs inn mot å hjelpe familiar. Helsestasjonen meirkar nedgang i barnefødsler, ein direkte konsekvens av dette er at skolelegerressursen og helsestasjonslegerressursen i 2023 vart slått saman, det er ikkje lenger like stort behov for legerressursar på Helsestasjonen.

Frisklivssentralen starta opp eit prosjekt innan Digital heimeoppfølging, medan legekantoret avslutta eit prosjekt. Fellesnemnaren for begge prosjekta er at dei er gjorde i samarbeid med andre kommunar og/eller Helse Førde. Det blir viktig framoverå følgje desse prosjekta slik at gevinstar kan haustast.

Det er også gjort ein auka innsats med systematisk oppfølging av personar med demens. Det ble påstartet et arbeid med strategi for vidare utvikling av fysioterapitenesta i kommunen, dette blir fullført i 2024. Fysio- og ergoterapiavdelinga gjennomførte kompetanseheving i motiverande intervju på tampen av året.

Barnevern

Sjå tilstandsrapport.

8.3.3. Viktige hendingar

Administrasjon helse og sosial

Administrasjonen har i 2023 hatt tilsett ein person i eit engasjement for å jobbe systematisk med velferdsteknologi og digital heimeoppfølging (DHO), Det har vorte gjort eit svært viktig kvalitetsforbedringsarbeid på dette området. Velferdsteknologi og DHO vil bli ein svært viktig del av tenestetilbodet framover, så vi ser verdien av å ein dedikert person med eit overordnet ansvar for denne delen av tenesta.

Flyktingtenesta

I 2023 vart det busett 85 flyktingar i Stryn kommune. Den største andelen var frå Ukraina. Når det gjeld aldersfordelinga, så tok vi i mot alt frå små born til eldre personar over 80. Den største andelen vi tok i mot var personar i yrkesaktiv alder. For dei vaksne som var ferdige i introduksjonsordninga i 2023, var det 55,6 % som gjekk ut i jobb og 24,4 som fortsette på utdanning.

Kommunen busett også ein del barn, og dei fleste borna i 2023 var i skulepliktig alder. Vi har busett familiar i fleire grender i kommunen. Det starta tilsaman 10 born i Tonning skulekrets (inkl. ungdomsskule), 6 i Oppstryn, og 8 i Vikane saman med Olden Ungdomsskule.

Det er viktig for oss å nytte grendene til busetting og det har lokalt blitt gjort mykje godt for å ta i mot dei som kjem. Det er ikkje mange av dei som kjem til kommunen som flytter vidare og det er lokalsamfunnet ein viktig bidragsytar til.

Pleie- og omsorg Vikane

Vikane Omsorgssenter flytte inn i nyoppussa lokaler våren 2023, etter eit og eit halv år med oppussing/renovering. Det har blitt lyse, fine lokalar, med godt tilrettelagde rom. Alle rom har fått egne bad, med vendbare toalett og vask som kan hevast og senkast. Eit av bebuaromma er tilrettelagt for ektefelle, men dobbelt kleskap og innredning. Tre av pasientromma er lydisolerte, og fem av romma har fått montert takheis. Omsorgssenteret har også fått nytt pasientvarslingsanlegg, og det er tilrettelagt for bruk av meir velferdsteknologi i tenestene.

Etter oppussing gjekk Vikane Omsorgssenter frå 31 til 25 institusjonsplassar. Dette medførte også reduksjon i bemanning i pleien og på reinhald. Somatisk avdeling reduserte bemanning med 1,53 årsverk, og reinhald reduserte med ca. 1 årsverk etter ombygginga.

Det er også bygd nytt avdelingskjøkken, dette på bakgrunn av erfaringar som vart gjort under covid - pandemien når ein måtte dele institusjonen inn i kohortar.

Det har vore ein krevjande prosess, med ombygging av omsorgssenteret, medan har budd og jobba midt oppi det. Vi er glad for å ha fått flytta inn att i lokala, og fått opna opp at omsorgssenteret for ulike aktivitetar.

Pleie- og omsorg Stryn

Det vart i 2023 vedtatt å starte eit forprosjekt for byggesteg II på Stryn omsorgssenter. Det er høgst nødvendig å få til bygningsmessige endringar på dagens Fiolen for å gi betre arbeidsforhold for våre tilsette, og betre oppleving av opphald hos våre pasientar. Særleg bad og toalett er kritikkverdig, og fleire dele bad. Det føre og til at Stryn kommune score lavt på kommunebarometeret.

I 2023 vart 2 prosjekt, kor hensikten var å se på kven som gjør kva og når, avslutta. Resultata av prosjekta er gode, og har skapt forståelse og innsikt i å effektivisere oppgåver og drift.

Miljø- og velferd

I 2023 har vi jobba vidare med læringsnettverkt og fagnettverket vi har delteke i. Datagrunnlaget vi har skaffa oss om tenesta tek vi med oss vidare inn i arbeidet med TØRN som vi startar opp vinteren 2024. CRPD-nettverket jobbar vi vidare med å implementere inn i eininga sånn at det blir ein del av tenesteytinga vår. Vi jobbar kontinuerleg med kompetanseheving, både gjennom kursing og vidareutdanning. På utlyste stillingar har vi hatt gode søkertal og kvalifiserte søkarar. Vi ser og at vi har tilsette som er interessert i og melder seg på vidareutdanning både på høgskulenivå og fagnivå; vi har behov for begge yrkesgrupper.

Vi ser at det er auka behov for barneavlastning, så i haust kjøpte vi ein bustad nr 2 og vi har difor drift i 2 bustader pr i dag. Vi samarbeider med Tønning skule, og dei nyttar bustaden ein del på dagtid til elear som har behov for skjerming.

Vidare har vi fått på plass barnekoordinator i 100% stilling, og vi har hatt auka søkertal på koordinator etter lovendringa om barnekoordinator kom på plass. Barnekoordinatoren har allereie mange saker som ho føl opp.

Elles blir det meldt ein del utfordringar med el-bilane på vinterstid, med tanke på framkommelegheit og rekkevidde.

Helsetenester

Alle fastleghjemlene vart besett i 2023, dette er ein stor milepær etter mange år med rekrutteringsutfordringar. Det vart påstarta utdanning av PMTO-terapeut på Helsestasjonen, og fysioterapiteneste gjorde eit kompetanseløft inn mot fysioterapi på skulen. I tillegg til generell kompetanseheving i motiverande intervju.

8.3.4.Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2022	2023	2023		
30-Administrasjon helse og sosial	7 815	7 886	8 445	559	6,6 %
31-Flyktingtenesta	9 100	16 856	19 663	2 807	14,3 %
32-Pleie- og omsorg Vikane	41 567	45 162	46 025	863	1,9 %
33-Pleie- og omsorg Stryn	78 919	88 353	84 213	-4 140	-4,9 %
34-Miljø- og velferd	52 331	59 451	59 094	-357	-0,6 %
35-Helsetenester	34 283	35 674	34 068	-1 606	-4,7 %
36-Kommunale bustadar	-9 621	-10 409	-11 718	-1 310	-11,2 %
37-Sosiale tenester (NAV)	9 028	10 817	9 096	-1 721	-18,9 %
38-Barnevern	10 259	10 894	10 806	-88	-0,8 %
Sum	233 680	264 683	259 692	-4 991	-1,9 %

Kommentar til status økonomi

Flyktingtenesta

Samla sett gjekk flyktingtenesta med mindreforbruk. Dette er hovudsakleg knytt til mindreforbruk på utbetaling av introduksjonsløn, då denne vil variere gjennom året ut i frå kor mange deltakara ein har, og kor lenge dei blir i introduksjonsprogrammet. Enkelte postar i budsjettet er overskredet, men det er vanskeleg å føresjå kvar behovet er før ein har busett.

Pleie- og omsorg Vikane

Rekneskapet for 2023 område Vikane visar eit positivt avvik på 1,9 % for 2023.

Både institusjon og heimesjukepleien har nytta ein del overtid i 2023. Dette relatert til vakante stillingar, og at fast tilsette må nyttast på ekstravakter. Samstundes har vi eit mindre forbruk med tanke på fastlønn. Dette er også knytt til at vi har vakante stillingar, som vi ikkje har fast personale i.

Vi har i 2023 brukt 1,8 millionar kr mindre på kjøp av vikartenester samanlikna med 2022. Ein av årsakene til dette er at vi har fått fleire nyttilsette i 100 % stilling, og fleire fast tilsette har fått stillingsauke.

Pleie- og omsorg Stryn

Rekneskapet for 2023 vise at det er eit samla meirforbruk for Området Stryn på 4,9 %. Det er ein oppgang frå 2022 på 1,3 %. Området Stryn har eit stort området å dekke, og drifter eit stort omsorgssenter med mange sjukeheimplassar og omsorgsbustader med heildøgns bemanning. Dei siste års resultat har vist at budsjettet har eit stort avvik i forhold til forbruk.

Dagtilbod og heimehjelp har mindreforbruk. Det er fordi at dei ikkje har utgifter til vikarar ved sjukdom eller ferievikarar.

Når det gjelder bruk av vikarbyrå er det i 2023 brukt byrå for 1.7 millionar i 2023, mot 6,7 millionar i 2022 - altså ein nedgang på kr 5 millionar. Samtidig er det eit stort meirforbruk i overtid og ei auke frå 2022. Det er behovet for kompetanse som fører til høg bruk av overtid.

Når det gjelder andre lønnsutgifter er det ein meirforbruk i bruken av ferievikarar. Det til tross for feriestenging på dagsenter, dagaktivitetstilbud og heimehjelp. Det er kjent at kontoen er underbudsjettert.

Miljø- og velferd

Vi ser at hovudutfordringa i Miljø og Velferd er å klare å halde oss innanfor lønnsbudsjettet. Vi nyttar i hovudsak eige personal til å dekke opp ledige vakter, dette både pga mangel på tilkallingsvikarar, vakante stillingar spesifikt på helg, samt krav om kompetanse grunna tvangsvedtak eller helseutfordringar som krev spesifikk kompetanse.

Alle kommunar som yter helse- og omsorgstenester til ressurskrevjande brukarar kan søke om delvis refusjon av direkte lønnsutgifter knytt til disse tenestene. Beregningsgrunnlaget for refusjon er faktisk påløpte direkte lønnsutgifter fråtrukke brukarbetaling, samt eit innlagspunkt på 1.526.000kr. Tilskotet utgjer 80% av restbeløpet.

Helsetenester

Det overordna økonomiske biletet for Helsetenestene er at tenestene held seg i stor grad til budsjettet. Vi må korrigera noko for kjøp av interkommunale tenester (legevakt) og inntektsbilete på fysioterapi er litt feil.

Legekontoret hadde også i 2023 store vikarutgifter, med ein samla kostnad på 3.7 millionar - dette er likevel ein nedgang på 1.2 million frå 2022. Dette kjem av at legekontoret fekk dekt to fastlegeheimlar hausten 2023.

Barnevern

Sjå eiga tilstandsrapport.

8.3.5.KOSTRA Nøkkeltal

	Stryn 2022	Stryn 2023	Stad	Gloppen	Volda	Kostragruppe 01	Vestland	Landet uten Oslo
Prioritet								
Diagnose, behandling, re-/habilitering nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	3 872	4 316	3 445	3 804	3 266	3 368	3 512	3 317
Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde beløp per innbygger (kr)	1 093	810	797	1 186	1 044	1 036	1 001	1 000
Helse- og omsorgstjenester i institusjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	9 836	11 073	8 904	5 518	9 634	9 376	10 380	9 673
Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	13 088	14 376	18 739	27 183	17 536	16 203	14 462	14 449
Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B)	737	945	1 340	701	1 578	1 373	1 465	1 676
Råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr)	923	1 058	1 737	1 560	408	1 257	1 355	1 297
Produktivitet								
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	4 533	5 236	4 711	7 678	4 251	5 451	5 029	5 274

Årsmelding 2023

Dekningsgrad

Årsverk i barnevernet/1000 barn (0-17 år)	3,9	3,9	3,9	4,0	5,3	5,7	6,5	6,1
---	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----	-----

Kvalitet

Andel brukerretnede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	76,8 %	72,9 %	74,3 %	79,7 %	78,9 %	78,7 %	76,7 %	77,5 %
---	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------	--------

Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	46,4 %	82,1 %	100,0 %	90,0 %	96,9 %	95,2 %	95,6 %	94,8 %
--	--------	--------	---------	--------	--------	--------	--------	--------

Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	59,3 %	52,6 %	103,6 %	78,6 %	81,6 %	94,2 %	94,2 %	88,4 %
---	--------	--------	---------	--------	--------	--------	--------	--------

Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	11,2	11,1	9,8	15,4	10,8	11,0	9,4	9,8
--	------	------	-----	------	------	------	-----	-----

Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	48,1	47,0	44,0	41,1	68,1	57,4	59,1	53,0
---	------	------	------	------	------	------	------	------

Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	373,4	387,6	435,2	426,6	361,7	346,1	332,3	328,5
--	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

Grunnlagsdata (Nivå 3)

Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	14,2	16,2	14,5	15,2	17,1	12,7	13,7	13,0
---	------	------	------	------	------	------	------	------

Andre nøkkeltal

Bosatte flyktninger per 1000 innbyggere (B)	12,0	11,7	5,3	11,8	12,6	8,2	5,9	6,6
---	------	------	-----	------	------	-----	-----	-----

Flyktninger - Faktisk bosetting - antall personer	87	85	51	70	140	2 214	3 836	
---	----	----	----	----	-----	-------	-------	--

8.3.6. Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Nye tiltak		
Vertskommunesamarbeid NAV - øk. verknad frå 2025	0	Ferdig Interkommunalt samarbeid starta 01.05.23. Vil gje økonomisk effekt frå 2025.
Besøksheim løn	26	Ferdig Justert budsjett ut frå behov 2023
Justering tilskot Frivilligsentralen	30	Ferdig Tilskot utbetalt til Frivilligsentralen i første kvartal.
Drivstoff - tenestebilar	60	Ferdig Justert budsjett ut frå behov 2023
Leasingbil, 1 stk, heimhjelp område Vikane	86	Ferdig Bil er levert til Vikane omsorgssenter.
Leasingbil, 1 stk, heimhjelp område Stryn	86	Ferdig Bil er levert til Stryn omsorgssenter.
Barnekoordinator - inntekt via rammetilskot - kostnad synleggjort her	283	Ferdig Barnekoordinator tilsett 01.09.2023
Lør/søn - tillegg. Endring av tariff frå 01.01.23	686	Ferdig Justert budsjett ut frå behov 2023
Stryn omsorgssenter, avd. Symra og Kvisten, auke grunnbemanning - 2 fagarbeidarstillingar	1 300	Ferdig Uttale frå einingsleiar: Etter drøfting, og gjennom en prosess med dei tilsette, er det kome fram at det beste er å nytte det nye årsverket på dagtid kvardaga. Det begrunna i meir ro i avdelingane med både personale og brukarane da ein har litt betre tid til oppgåvene. Mange oppleve og at det ikkje er fullt så tungt å jobbe helg fordi dei ikkje har slite seg heilt ut på vaktene midtveke. Det er diskutert å nytte årsverket til styrke

Årsmelding 2023

Tiltak	Ramme år	Status	Beskriving
	1		av helg og natt, og dette temaet vil truleg bli tatt opp igjen. Det er pr d.d. ikkje tilsett nokon i stillingane pga manglande kvalifiserte søknader. Vi har likevel brukt lønnsmidlane til innleige av vikar. Det har vore mykje bruk av ugfaglærte arbeidstakarar Såleis har det ikkje vore noka praktisk endring med tanke på auke i fagpersonale. Det er framleis slik at det er vanskeleg å dekke inn for alt fråveret, men fordi det no skal vere 6 personale på jobb på dagvaktene midtveke, er det lettare for folk å takke ja til ekstra vakter. Einingsleiar si vurdering er at det ville vore svært vanskelig å drifte utan dei ekstra årsverka, og at dagens bemanning på dagtid midt i veka er meir rett bemanning i forhold til arbeidsbelastning.
Endringer i forhold til budsjett sosiale tjenester i NAV	1 837	Ferdig	Justert budsjett i høve auke i mottak av flyktningar.
Introduksjonstønad, justering Ukraina flyktningar	3 600	Ferdig	Budsjett justert pga mottak av fleire flyktningar
Sum	7 994		
Sum tiltak	7 994		

8.3.7. Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		Kommentar
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status	
Bekkenspylere Stryn omsorgssenter - 7 stk	750	563	750	563	Ferdig	Det blei bevilga 700 000,- til 7 nye bekkenspylere. Det blei kjøpt 6 stk, til ein samla kostnad på kr 442 386,-. Det er gjort avtale om serviceavtale med leverandør som eit tiltak for at maskinane skal ha lengst mogleg levetid.
Bil til Stryn Arbeidssenter 2023	415	419	415	419	Ikkje vurdert	Det ble kjøpt ny bil til Arbeidssenteret.
Ladestasjonar ved omsorgssentra og Stryn Helsecenter	1 000	895	1 000	895	Forsinket	Ladestasjonane er etablert. Dette var eit viktig tiltak å få på plass for dei nye elbilane som heimetenestene nyttar i teneste.
Stryn omsorgssenter - prosjektering 2. byggetrinn	10 000	81	500	81	Iht. plan	Det er starta eit forprosjekt til Byggesteg II med ei ramme på 8 000 000,-.
Vikane omsorgssenter - rehabilitering	58 750	44 734	0	6 343	Iht. plan	Våren 2023 flytta Vikane Omsorgssenter inn i renoverte lokalar. Etter denne ombygging av institusjonsavdelinga ved Vikane omsorgssenter har vi fått redusert plasskapasitet med 6 plassar. Alle bebruarane ved omsorgssenteret har no rom med eigne bad. 5 rom er tilrette lagt med takheis, og det er lagt til rette for meir bruk av velferdsteknologi.
Sum andre prosjekt	0	1 531	0	409		
Sum	70 915	48 223	2 665	8 710		

8.3.8.Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2019	2,00 %	6,49 %	8,49 %
Årleg sjukefråvær 2020	2,39 %	7,11 %	9,50 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,37 %	7,91 %	10,29 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,07 %	5,50 %	8,57 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,34 %	6,03 %	9,37 %

Status sjukefråvær og HMS

Det akkumulerte fråværet for Helse og sosial har gått litt ned frå 2022 til 2023, men eit totalt fråvær på nesten 10 % er likevel for høgt. Det er dei store einingane Miljø- og velferd, omsorgssentera i Vikane og Stryn som trekkjer opp. Dette er einingar med turnusarbeid og til tider tungt arbeid både fysisk og mentalt. Tett oppfølging av fråvær og tett samarbeid med NAV og BHT vil halde fram.

I løpet av 2023 vart det innført eit nytt tiltak i kommunen kalla "Dialogmøte 0", vi håpar å sjå effektar av dette i 2024. Målsetjinga er at arbeidsgivar skal fanga opp dei som er i fare for å gå ut i sjukmelding på eit tidleg tidspunkt, slik at kompenserande tiltak kan setjast inn for å unngå sjukmelding. Dette ilag med stort fokus i du ulike avdelingane og på leiarnivå håpar vi vil gi resultat.

8.4.Samfunnsutvikling

8.4.1.Tenesteområdebeskriving

Samfunnsutvikling adm.leiing

Omfattar administrativ leiing, sakshandsaming. Kontroller funksjon, økonomi samfunnsutvikling. Administrative støttefunksjonar. Grunnlag kommunale gebyr. Løn og personalsaker for samfunnsutvikling.

Kart og oppmåling

Kart og oppmåling har ansvar for: eigedomsskatt, arbeid etter matrikkellova, kart, oppmåling, sal av kommunale bustadtomter og adressering.

Plan

Har ansvar for sakshandsaming etter plan og bygningslova, tilsyn i byggesaker. Handsaming av detaljreguleringsplaner, områdeplan og kommuneplan.

Brann- og ulykkesvern

Brann og redning.

2023 har vore eit normalt år i forhold til antal hendingar. Vi ligg på mellom 50 og 60 hendingar med stort og smått per år. Hendingane er fordelt mellom brann, trafikk, vann/elv , luftfart, helsereelatert både til Helse Førde og kommunal helseteneste. Brannvesenet blir også nytta i dei tilfella politiet er langt vekke, og vi kan gjere ein forskjell.

Brann og redning er godt organisert, og alle mannskap går med utkallings terminalar. Dette fører til at respons tida er kort. Brann og redning blir brukt meir og meir, og oppdraga er vidtrekkande. Slik det er

no er ut kall til brann relaterte hendingar i mindretal, ut kall til trafikk uhell er stabilt, medan det aukar til helse-opdrag, oppdrag i samband med vatn / elv og hendingar i samband med fritidsaktivitetar.

i 2023 var brann og redning ukalla til 6 hendingar der liv gjekk tapt. 1 i hus brann, 3 i elv / vatn, 1 trafikk uhell (nabokommune) og 1 luftsport. 2023 var eit år med mange hendingar med tap av liv, dette setter preg på mannskapet. Brann og redning har rutinar for oppfølging av mannskap etter slike hendingar.

Utvik brannstasjon vart tatt i bruk. Ny stasjon i leigde lokalar tilpassa vår drift med reine og skittne soner. Ein fin og god stasjon.

1 bil vart skifta ut.

1 mannskap slutta, og ny vart tilsett.

Akutt ureining.

Stryn kommune er med i Nordfjord IUA (Interkommunalt utval mot akutt forureining). I Stryn er det lager med diverse oljevernustyr, båtar etc. Kystverket har også lager i Stryn med oljelenser og diverse anna utstyr i forhold til akutt ureining mest til sjø. Stryn brann og redning har vedlikehaldet med utstyret, og skal gjennomføre 1 - 2 øvingar pr år med mannskapet. Kystverket leigar Stryn brann og redning til vedlikehald, og leiger lager. IUA kjøper inn utstyr og vi må halde dette ved like og betale lagerleige.

I 2023 var det gjennomført ei øving i IUA som gjekk over 2 dagar. Frå Stryn deltok vi med 6 mannskap.

I 2023 var det ikkje noko akutte hendingar med akutt ureining.

Brann førebyggjande avdeling for Gloppen, Stad og Stryn kommunar.

Kommunane Gloppen, Stad og Stryn har inngått samarbeid om det brann førebyggjande arbeidet. Stryn er vertskommune, og der er 3,2 stillingar knytt til dette samarbeidet. 1 stilling som fagleg leiar og 2 stillingar som inspektørar. I tillegg er brannsjef i Stryn inne med 20 % som administrativ leiar. Samarbeidet omhandlar også feiarane eller brannførebyggjarane som det heiter no, men desse er tilsett i eigen kommune - og møter i eigen kommune.

Samarbeidet er etterkvart begynde å gå seg til, og resultatene av arbeidet er begynde å "bære frukter".

Avdelinga har ein fagleg leiar som er har god utdanning, og er flink i arbeidet sitt. Avdelinga har to fast tilsett inspektørar som har noko fagleg bakgrunn, men som får opplæring og pålagte kurs på brannskulen, desse og gjer ein god jobb.

Dette er eit godt døme på eit vellukka samarbeid.

Feiing og tilsyn av piper og eldstadar.

Etter Forskrift om brannforebygging frå 2016 skal alle bygningar med pipe og eldstad ha feiing og tilsyn. Dette skal vere etter behov. Tidlegare hadde vi kartlagt alle heilårsbustadar, fritidsbustadar i tettbygd strom og hytter. No har vi også kartlagt alle andre fritidsbygg. Det betyr at alle hytter og liknande langt frå veg skal ha eit besøk. Dette er eit stort arbeid, og tar ein del tid. Vi er godt i gang.

Stryn kommune har tilsett 2 personar i 100 % stilling som brann forebyggjar / feiar. (Brann forebyggjar er den nye landsomfattande tittelen på det som tidlegare var feiaren). Ein personen er tilsett som " vaksenlæring" , og skal ta fagbrev etter endt opplæringstid.

Feiar vesenet har godkjent forskrift i forhold til gebyr, og Momentum er innleidd for å berekne gebyret kvart år. Feie vesenet har også fond som eit evt overskydd / underskott blir justert mot. Feiar vesenet er sjølvkostområdet.

Kommunalteknikk

Tenestoområde kommunalteknikk omfattar får og med 1. januar 2024 områda:

- Drift og vedlikehald av kommunale vegar
- Produksjon av vatn
- Distribusjon av vatn
- Handtering av avløp her under spillvatn og overvatn
- Innhenting av slam og tømning av septiktankar
- Avfallshandtering
- Stell av kommunale parkar og grøntanlegg
- Drift og vedlikehald av kommunale bygg
- Bygg og eigedomsforvaltning
- Kommunale reinhaldstenester
- Gjennomføre prosjekt for kommunen

Tidlegare låg forvaltning drift og vedlikehald av bygg, og reinhald til eigen stabsfunksjon i kommunen.

Berekraft og næring

Frå 01.09.23 har det vore slik bemanning på avdelinga:

Avdelingsleiar: 100%

Spesialkonsulent næring: 100%

Sakshandsamar miljø: 100%

Fagkonsulent jordbruk: 80 %

Fagkonsulent skogbruk: 70 %

Eigedomsforvaltar: 70 %

Avdelinga sitt ansvarsområde er landbruksforvaltning, viltforvaltning, miljøvern og berekraft, kjøp og sal av kommunale areal. I tillegg ligg det til avdelinga å vere kontaktpunkt for næringsliv, reiseliv, bygdeutviklingslag og andre lag og organisasjonar.

Kultur

Innanfor kultur har ein 14,8 årsverk fordelt på 31 tilsette.

Stryn kommune skal tilby kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur.

Vi har som mål at innbyggjarar og tilreisande får gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Stryn kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Kulturtiltak

Stryn kommune prioriterer og stimulerer det frivillige kulturlivet med driftsmidlar og midlar til særskilde tiltak, lokale kulturbygg, aktivitet for ungdom og driftstilskot til turløyper og skianlegg, for å skape aktivitet og tiltak i heile kommunen. I 2023 vart Ungdommens kulturstipend utdelt til Gjertlin Elidotter Kirkeeide og kulturprisen fekk Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen.

Det har vore fasilitert nye møteplassar for ungdom gjennom stillinga ungdomscoordinator og kommunen har eit stort fokus på ungdomsmedverknad i prosess og gjennomføring, t.d. Gatebilklubben sitt lokale på Perhusvegen 37. Stryn ungdomsråd er representantar frå ungdomsskulane og vgs, og har

faste møter lokalt i Stryn opp mot dei politiske sakene som vedkjem dei, samt regionale møter med dei andre ungdomsråda i Nordfjord.

Kulturavdelinga legg til rette/arrangerer aktivitet som UKM, Den lokale kulturelle skulesekken, Robust ungdom (utført på ungdomsskulane) og Kultur natt. I 2023 vart det arrangert Alle med-dugnad, og i samarbeid med Stryn Frivilligsentral og lag/org er det sett i gong arbeid med lokal frivilligpolitikk.

I samband med søknad om spelemidlar for idrettsanlegg rullerer kommunen handlingsprogram årleg og jobbar aktivt med idrettsrådet og aktuelle idrettslag eller andre til å levere gode søknadar på spelemidlar.

Stryn kulturhus, symjehall og kino

Stryn kulturhus, symjehall og kino har 7,05 årsverk fordelt på 16 tilsette. Kulturhuset har som mål å vere ein møteplass for heile befolkninga i Stryn kommune og dekke eit variert kulturtilbod som treff alle grupper i kommunen, enten det gjeld barn, ungdom, vaksne eller seniorar. Kulturhuset er myke brukt av ulike grupper og organisasjonar og det er aktivitet på huset kvar dag heile veka, morgon og kveld.

Symjehallen er i bruk sju dagar i veka frå morgon til kveld. I tillegg til offentleg opningstid er brukargruppene skular, barnehagar og idrettslag i frå Stryn kommune.

Stryn kino har under normal drift kinovisningar fire dagar i veka med 8 visningar pr. veke. Vi har eit breitt tilbod av filmar med stort fokus på barne og familiefilmar.

Bibliotekteneste

Stryn bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek, folkebibliotek for Stryn kommune og skulebibliotek for Stryn VGS, plassert i lokala til Stryn VGS. Biblioteket har 37 timar opningstid i veka, i tillegg til meirope. Biblioteket har 2,5 årsverk fordelt på 4 tilsette der fylkeskommunen betalar tenester for 0,5 årsverk.

I 2023 hadde vi 46 000 utlån. Besøktala er aukande, og i fjor hadde vi tilsaman 58 000 besøkande. I Norsk kulturindeks for 2022 kom Stryn bibliotek på 29. plass.

Biblioteket er eit kunnskapssenter, kultursenter, informasjonssenter og sosialt senter. Biblioteket bidreg i dag på fleire områder i kommunen, som møteplass, utjamning av sosial ulikskap, berekraft, integrering, hjelp til digital kompetanse, og leselyst blant barn, unge og vaksne. Mykje av dette arbeidet skjer i samarbeid med andre etatar i kommunen, frivillige organisasjonar, andre bibliotek i regionen, bibliotekutvikling Vestland og Nasjonalbiblioteket.

Kulturskulen

Stryn kulturskule hadde i 2023 3,7 årsverk med 14 tilsette gjennom året. Stillingsstorleiken varierte i frå 1,71 % til 100 %. Fem av desse er fast tilsette, medan resten er vikarar. I juni hadde kulturskulen 184 elevplassar og 22 på venteliste. I desember var tala hhv 177 elevplassar og 11 på venteliste. Elevtala kan variere litt frå semester til semester, men dei har holdt seg relativt stabile dei siste åra. Hovudtyngda av elevane får instrument- eller songundervisning. Stryn har fekk ein del ukrainske tilflyttarar i 2023, og fleire ukrainske born og unge søkte seg til blant anna visuell kunst på kulturskulen. Det vart derfor oppretta ei ekstra kunstgruppe dette skuleåret. Breiddetilbodet kulturkarusell vart starta opp i 2022 og vidareført i 2023. Kulturskulen hadde eit rektorbyte i løpet av 2023. Med den nye rektoren vart kompetansen knytt til hardingfele og fele styrka, og det har vorte fleire elevar i dette faget gjennom haustsemesteret.

8.4.2. Utvikling og utfordringar

Kart og oppmåling

Fortsetje arbeidet med å få vegadresser på dei siste vegane som manglar namn, skilting av vegnamna. Kvalitetsikre/oppdatert matrikkel og kart. Ha gode digitale tenester innafor området til publikum og sakshandsamarar.

Plan

- Kommunal planstrategi må reviderast i løpet av 2024, med ny prioritering av kommunale planoppgåver
- Sikre vidare framdrift av viktige, pågåande kommunale planar, som til dømes samfunnsdelen til kommuneplanen, kommunedelplan for Vikane og områdereguleringsplan for Stryn sentrum
- Lage gode rutiner for behandling av private framlegg til reguleringsplan

Brann- og ulykkesvern

Brann og redning

Brann og redning har ein del utfordringar.

- Prosessen med å få på plass ein ny brannstasjon i Stryn sentrum drar ut i tid. Dette fører til at vi ikkje har fullgode lokalar i forhold til rein og skitten sone. Garderobeforhold, vaske lokalitetar, kontor for alle tilsette på ein plass er manglande og gjer drifta til tider utfordrande.
- Mykje av utstyret er klart til utskifting. Dette er kostbart utstyr som brannbilar, tankbil, frigjeringsutstyr etc. Dette blir sett opp som tiltak, men ofte utsett eller stroke.
- Brannvesenet er ikkje lenger berre til brann og trafikk. No blir vi kalla ut til "det meste". Brann og redning er den aktøren som er igjen i bygda når politi og ambulanse reduserer sine vaktordningar. Sidan brann og redningsvesenet blir nytta til fleire oppdrag, vil det også føre med seg meir opplæring, meir øvelsar og krav til meir utstyr. Dette fører til overforbruk på spesielt kurs og lønnsbudsjett.
- Etter kvart som utstyret blir eldre blir det meir kostbart å halde vedlike. Dette er utfordrande med dei budsjetta som vi har i dag. Dette fører også til overforbruk - brannbilane og utstyret må vere i orden og godkjent.
- Der er også mange arbeidsoppgåver som ikkje blir gjort godt nok, fordi vi er for lite folk til det daglege arbeidet. Dette skuldast auka krav til dokumentasjon, øvelsar, meir utstyr, planverk. Rolla som Beredskapskoordinator er også lagt til brannsjef. Det må på plass ei eiga stilling som leiar beredskap som kan ta seg av nokre av desse arbeidsoppgåvene som t.d. øvingar, vedlikehald av utstyr, holde oversikt over utstyr etc. Halde kontroll og vedlikehald av oljevernutstyret til IUA Nordfjord og Kystverket er også brann og redning som utfører. Med rett mann på denne plassen vil ein også kunne gjere meir sjølv av vedlikehald.

Akutt ureining

Ingen store utfordringar.

Noko uavklart rundt IUA si organisering etter at Vågsøy vart ein del av Kinn . Dette blir det jobba med.

Brannførebyggjande avdeling for Gloppen, Stad og Stryn

Ingen store utfordringar. Er endå i etableringsfasen, og litt på opplæring av branninspektørar.

Feievesenet:

Ingen store utfordringar.

Kommunalteknikk

Utvikling

Avdelinga må utvikle seg i høve til nye regelverk og samarbeid. Avdelinga omfattar no vaktmeistertjenester og reinhaldstjenester som medfører eit vidt spekter av tenester ut til kommunale einingar og til publikum

Utfordringar

Tidlegare plan og næring vart i 2022/2023 slått saman med teknisk avdeling til etat for Samfunnsutvikling. Dette vart ein større etat, og med bygg og eigedomsforvaltning, vaktmeistertjenester og reinhald under avdeling for kommunalteknikk er det viktig å finne gode måtar å samarbeide/samhandle på for å skape best mogeleg tenesteyting. Avdeling for kommunalteknikk tel ca. 50 tilsette (ca. 44 årsverk). Ei utfordring framover er å handtere ei stor mengde faktura, ei stor mengde bestillingar og forventningar til brukarar av kommunale bygg, og forventning om gjennomføring av kommunale prosjekt. Dette krev ei god og ryddig organisering, og godt samarbeid mellom dei tilsette

Drift og vedlikehald av kommunale vegar vil bli ei stor utfordring i framover. Stort etterslep på fornying og opprusting vil koste mykje. Meir utfordrande vèr, spesielt regn vil medføre større skader på vegane. Manglande veggrøfter langs vegar i bratte bygder i kommunen vil være utfordrande å halde operative.

Styresmaktene og Mattilsynet set framover større fokus på drift av god og sikker vassforsyning. Det er større fokus på lekkasjereduksjon og fornying av leidningsnett. Dette medfører auka kostnad for kommunen sine abonnentar

EU sitt avløpsdirektiv vil bli innført som norsk lov i løpet av hausten 2024, evt. tidleg 2025. Dette medfører vesentleg strengare krav til utslepp og dermed oppgradering av kommunale anlegg. Saman med vassforsyning vil dette krevje meir fokus, større investeringar og fleire tilsette for å følgje opp krav.

Berekraft og næring

Framleis omorganisering første halvdel av 2023. Ny stilling kom til i avdelinga sept 2023; Spesialkonsulent næring som skal fungere som ein kontaktperson opp møt næringsliv/reiseliv. Bestemt resertifisering som Miljøfyrtårn, fyrst administrasjonen. Sette fokus på dette ved nyansetting av sakshandsamar miljø i sept 2023.

Kultur

Kulturtiltak

Ungdomsarbeidet i kommunen har blitt styrka med tilsetting av ungdomskoordinator med større fokus på mellom anna opne møteplassar og medverknad. Stillinga 50 % i eit prosjekt, og ein ser utfordringar med dette. Stillinga burde vore 100% og fast, slik at ein kan jobbe meir kontinuerleg med ungdomane i kommunen.

Stryn kulturhus, symjehall, kino

Kulturhuset begynner å bære preg av at møterom, garderobar og toalett er godt brukt oppgjennom åra. Mykje er nedslite og det er behov for oppussing og modernisering av lokala våre. Det er også alltid ei utfordring å vere konkurransedyktig med tanke på sceneteknisk utstyr og teknologi til arrangement og konsertar, det er kostbart utstyr som stadig er i utvikling som gjer det vanskeleg å halde seg oppdatert i forhold bransjestandardar.

Stryn symjehall

Vi får framleis tilbakemeldingar og klager i frå publikum og tilsette i symjehallen etter at lysa vart skifta i 2021, tilbakemeldingane går på at det er mørkt, utriveleg og vanskeleg å sjå botnen etter at dei nye lysa vart sett inn. Vi har også ei utfordring med auka utgifter på kjemikalier, noko som i hovudsak skuldast den globale marknaden.

I 2023 fylde symjehallen 50 år. Mykje at teknisk utstyr er ikkje skifta ut sidan det vart sett inn i 1973 og tilstanden bær preg av dette. Klormiljøet fører til at utstyr rustar opp og betongkonstruksjonen smuldrar. Det er behov for utskifting av utstyr og oppussing slik at vi kan sikre drifta for brukarane våre, slik tilstanden er no er vi svært sårbare for teknisk svikt.

Kino

Kinomaskina som var ny i 2011 er ikkje lenger stabil i drift, grantien har gått ut og delar som må byttast er svært kostbare. Det er behov for å skifte ut maskina og leveringstida på ny kinomaskin er 12 mnd. noko som gjer at det hastar med å få ny slik at vi slepper ekstrautgifter for å halde drifta i gong på den gamle maskina.

Vi ser utfordringar med kombinasjonen av fleirbruksrommet med kinosal og kultursal. Det er viktig å ha eit forutsigbart og kontinuerlig kinoprogram, men i høgsesongane for konsertar og kulturarrangement er det vanskeleg å kombinere kinovisningar med kulturarrangement på grunn av rigging, øvinga og liknande. Det hadde vert svært fordelaktig om ein kunne separere desse to slik at ein ikkje var avhengig av å tilpasse kinotilbodet opp i mot kulturarrangementa.

Bibliotekteneste

For å kunne oppfylle dei krava som ligg til eit moderne folkebibliotek, og ikkje minst bidra inn til kommunen sine innbyggjarar på ein måte som vil utvikle lokalsamfunnet er det viktig å ha på plass ein del grunnleggande funksjonar. Eit moderne lokale med sentral plassering i sentrum, med inngang på bakkeplan, som er enkelt å besøke er viktig her. Det må vere så stort at det har plass til alle funksjonane til eit moderne bibliotek, og ha gode arbeidstilhøve for dei tilsette. Dette har ikkje dagens biblioteklokale.

Lokalet til Stryn bibliotek er for lite i forhold til boksamlinga og aktivitetane som går føre seg på biblioteket i dag. Det er ikkje forskriftsmessig pauserom, kun to kontorplassar på fire tilsette og altfor lite lagerplass. Bokhyllene er frå 1970-talet, store og tunge å flytte på ved arrangement, og ikkje tilpassa moderne bibliotekdrift.

Litteratur og lesing blir utfordra gjennom sosiale medier og ulike underhaldningstilbod. Dette gjer ikkje biblioteket mindre viktig, heller tvert om. Biblioteket kan bidra til å motverke skilnadar i samfunnet gjennom å gje tilgang til fysiske og digitale samlingar, og dei tilsette kan rettleie i bruk av samlingane og bidra med informasjonstenester og informasjonssøking. Vi ser at leseferdigheitene går ned nasjonalt, og endå meir lokalt. Det krevst difor eit skikkeleg leseleift i kommunen. Her kan biblioteket spele ei viktig rolle saman med skulane og barnehagane. Det må likevel settast inn ekstra ressursar for å få det til. Dette må kommunen ta innover seg.

Kultur er viktig for at folk skal trivast i ein kommune. Biblioteket er allereie aktive med mange gratis tenester og arrangement. Det er særst viktig at biblioteket har denne rolla i ei tid med auka prisar og dårlegare råd for mange. Gratisprinsippet gjer biblioteket lett tilgjengeleg og gjev brukarane informasjon, kunnskap og mogelegheit til å delta i aktivitetar og arrangement. Vi bidreg gjennom møteplassfunksjonen vår til inkludering og likestilling. Bibliotek er trygge stadar for jenter som av ulike grunner opplever sosial kontroll. Materialet og utstyret er felleseige, noko som bidreg til utjamning i samfunnet. Ved å satse på bibliotek er kommunen med på å oppretthalde og styrke desse funksjonane, og såleis oppfylle FN sine berekraftmål.

Kulturskulen

Kulturskulen prøver å synleggjere aktiviteten sin meir, samt ha rekrutteringskonsertar. Dette har ført til auke og stabilitet i elevtalet. Vi er likevel eit godt stykke frå Norsk kulturskuleråd si målsetjing om at 1/3 av grunnskuleelevane i kommunen skal vere elevar i kulturskulen. Rekrutteringsarbeidet vert derfor noko vi jobbar jamleg med framover, samt mogelegheitene for å tilby fleire fag, til dømes knytt til digital musikkskaping.

Det er framleis ei utfordring å skape eit meir likeverdig tilbod i heile kommunen. I dag har vi hovudtyngda av tilboda våre i sentrum, og nokre andre tilbod i bygdene rundt, med unntak av Innvik og Utvik, der vi ikkje har undervisning i skuleåret 2023/2024. Det er særskild viktig å kunne oppretthalde og styrke tilboda i bygdene, då det er langt å reise ifrå utkantane til sentrum.

Kulturskulen har som mål å tilsetje ein musikkterapeut som kan bidra inn i kulturskuletilbodet på ein ny måte. Kulturskulen ønskjer å samarbeide på tvers av etatane i kommunen og kunne tilby personar med særskilde behov og eldre gode musikk- og kulturopplevingar på ein profesjonell måte.

8.4.3. Viktige hendingar

Kart og oppmåling

Det er utarbeida sjekklister til bruk i saker etter matrikkellova. Det er gjort ein jobb for å kvalitetsheve data som ligg i matrikkelen.

Plan

Arbeid med samfunnsplanen er godt i gang. Handsamingstida etter plan og bygningslova har gått ned.

Brann- og ulykkesvern

Brann og redning :

- Ny brannstasjon i Utvik - gode lokalar tilpassa bruken. Fornøgd tilsette , godkjent i forhold til krav.
- Ny bil til befalsvakta
- Tilsetting av ny brannkonstabel i Olden.

Akutt ureining

- Felles øvelse mellom IUA, kommunane, kystverket

Førebyggjande avdeling mellom Gloppen, Stryn og Stad kommune.

- Ikkje noko viktig utan om gode resultat av det førebyggjande arbeidet.
- Gode relasjonar kommunane mellom
- Ny bil til avdelinga - el bil.

Feievesenet :

- Ingen store viktige hendingar.
- Feievesenet gjer eit godt arbeid med førebyggjande brannvern i bolighus, hytter og fritidshus.

Kommunalteknikk

Oppstart av prosjekt i Solvik i samarbeid med Vestland Fylkeskommune, eit av dei største prosjekta kommunen har hatt, er viktig for kommunen, entreprenørbransjen og innbyggjarar i kommunen. Det vert no gong og sykkelsamband mellom Rake/Oppheim og heilt inn til Loen. Dette vil leggje tilrette for gåande/syklende som tek turen til Hoven via Loen Skylift, eller som går andre vegen opp til Oppheim og vegen opp til Hoven. Kommunen vonar dette vil stimulere til meir fysisk aktivitet og ei betre trafikkavvikling i sommarsesongen med mange turistar.

Berekraft og næring

Omorganisering i avdelinga. Nyoppretta stilling som Spesialkonsulent Næring, som skal jobbe som kontaktperson opp mot næring og reiseliv.

Oppstart prosess med Miljøfyrtårn-sertifisering av administrasjonen i 3.etg. Stilling saksbehandlar miljø fått ansvar for prosessen.

Kultur

Stryn kulturhus, symjehall

Stryn symjehall feira 50 år i 2023.

Bibliotekteneste

Biblioteket fekk i 2023 eit eige pop-up bibliotek i form av ein el-kassesykkel. Denne er meininga å bruke aktivt i formidling av bøker. Første på Vestland så vidt vi veit! Dette fekk vi i stand ved å søkje på midlar frå ulike stadar. Biblioteket byrja arbeidet med å skifte biblioteksystem i 2023. Dette blir fullført i april 2024, og medfører mykje ekstra jobb for personalet.

Kulturtiltak

Byrja på arbeidet med lokal frivilligpolitikk.

8.4.4.Status økonomi

Beløp i 1000

Tenesteområde	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2023	Avvik i kr	Avvik i %
40-Samfunnsutvikling adm.leiing	1 965	2 139	1 183	-956	-80,9 %
41-Kart og oppmåling	2 076	1 527	1 825	298	16,3 %
42-Plan	4 165	4 796	5 508	712	12,9 %
43-Brann- og ulykkesvern	6 875	8 379	8 719	340	3,9 %
44-Kommunalteknikk	15 529	21 429	15 471	-5 958	-38,5 %
45-Berekraft og næring	5 207	6 549	6 593	44	0,7 %
46-Kultur	0	14 903	15 316	413	2,7 %
Sum	35 818	59 722	54 615	-5 108	-9,4 %

Kommentar til status økonomi

Samfunnsutvikling adm.leiing

I budsjettet for 2023 vart Samfunnsutvikling pålagt å spare kr. 660.000.- i lønsutgifter. Budsjettposten vart ikkje fordelt ut over dei ulike tenesteområda, men budsjettert på administrativ leiing, av den grunn viser dette tenesteområde ei overskriding.

Formannskapet løyve kr. 250.000 til å gjennomføre analyser i forbindelse med Merket for berekraftig reisemål. Prosjektet vart gjennomført med ei overskriding på ca. 66.000,-

Kart og oppmåling

Samla sett er det innafor budsjett på ansvarsområde 4100 Kart og oppmåling. Ein kan likevel kommentere at under teneste 12029 Eigedomsskatt vart det ikkje leigt inn konsulenthjelp og få klager førte til at det ikkje vart brukt så mykje på møtegodtgjersle. På teneste 30320 Kart og oppmåling (sjølvkost) fekk vi inn berre omlag 50 % av budsjettert inntekt og ein måtte bruke av oppspart fond for å kome i balanse.

Plan

Overforbruk på teneste 30110 Plansakshandsaming på grunn av innleige av konsulent i samband med "Stedsutvikling i Vikane".

Brann- og ulykkesvern

33910 Brannvesenet :

konto 10532 : Dette er lønn til øving og utrykkingar for mannskapet. Brannvesenet har siste åra fått breiare oppgåver i forhold til hendingar som vi blir kalla ut til. Dette krev meir øving på hendingar. Brannvesenet må også tilfredsstillе krava i HMS, dette blir gjort mykje med trening og opplæring. Rekneskapet som viser omlag 1.200.000,- i brukte midlar på øvingar og utrykkingar er ikkje mykje pr brannkonstabel. Dette utgjør omlag 95 timar på jobb, av dette er omlag 50 timar øvingar. Dette budsjettet må aukast opp, noko som har vore påpeika i lengre tid.

konto 11990 : Dette er utgifter til 110 sentralen i Bergen. Der er den faste avgifta fastsett, og er innanfor budsjett. Sentralen skal etter pålegg oppgradere utstyret. Denne kostnaden var ikkje lagt inn i budsjett i si heilheit. Overskridinga skuldast høgare kostnad på nytt utstyr. Dette vil fortsett i fleire år.

konto 12410 : Dette er kostnad til drift og abonnement av naudnettet, og årleg kostnad til Bliksund (intern kontrollsystem på utstyr, opplæring og mannskap i brannvesenet). Drift og abonnementet til naudnettet aukar, etterkvart som terminalane vere blir eldre så aukar vedlikehaldskostnadane. Bliksund vart erstatta i 2023 av eit system som gjekk ut, det nye var litt høgare abonnement kostnad på.

konto 11712 : Forsikring. Dette har auka, men eg kan ikkje gjere så mykje med dette. Blir fordelt av økonomi.

Ser ellers at kostnadar til vedlikehald av transportmiddel, sambandsutstyr og utstyr ellers aukar, og er overskride budsjett. Dette skuldast rett og slett aldrande utstyr, og auka kostnad med vedlikehald. Kostnad med å halde ved like dei store brannbilane kostar mykje. Terminalane og anna utstyr til nød nette er også begynde å bli mykje reparasjonar på.

33920 Beredskap mot akutt forureining:

Overforbruk skuldast mest høgare husleige, pluss felleskostnadar der vi leiger på Visnes.

Kommunalteknikk

Teneste 33310 - Kommunale vegar

Tabellen under viser i hovudsak overforbruk på teneste 33310.

12300	Vedlikehald, byggtenester	216 845	0	100,00 %	216 845	
12310	Vedlikehald av bygningar	0	1 470		0	
12321	Vedlikehald kummar og anlegg	0	541 423		0	
12322	Vegvedlikehald - vinter	3 370 705	5 244 681	-55,60 %	3 370 705	155,60 %
12323	Vegvedlikehald - sommar	590 144	766 294	-29,80 %	590 144	129,80 %
12324	Vedlikehald parkar og utomhusanl.	6 334	0	100,00 %	6 334	
12325	Brøyteberedskap	2 241 758	2 610 600	-16,50 %	2 241 758	116,50 %
12329	Anna anleggsvedlikehaldsarbeid	523 322	0	100,00 %	523 322	
12330	Vedlikehald av utstyr	39 281	1 500	96,20 %	39 281	3,80 %
12400	Serviceavtalar og reparasjonar	0	159 301		0	
12410	Driftsavtalar	15 102	8 482	43,80 %	15 102	56,20 %
12500	Materiale til vedlikehald	533 825	0	100,00 %	533 825	
12521	Materiale tilvedlikeh. Av kummar/anlegg	0	133 407		0	
12522	Materiale vegvedlikehald - vinter	0	395 216		0	
12523	Materiale vegvedlikehald - sommar	-200 000	328 602	-264,30 %	-200 000	-164,30 %
12530	Materialar til vedlikehald av utstyr	0	81 244		0	

Vegvedlikehald vinter har ein negativ differanse på ca. 1,9 MNOK
 Vegvedlikehald sommar har ein negativ differanse på ca. 176.000,- NOK
 Brøyteberedskap har ein negativ differanse på ca. 369.000,- NOK
 Materiale til vedlikehald har ein negativ differanse på ca. 404.000,- NOK
 Overforbruk løn utgjer ca. 362.000,- NOK
 Samla utgjer dette ca. 3,2 MNOK av samla overforbruk på ca. 3,3 MNOK.

Dette viser i hovudsak at kostnadar med brøyting aukar, samstundes om tilstanden på kommunale vegar stadig vert dårlegare, noko som medfører auke i kostnad til vedlikehald.

Teneste 33330 - Gatelys

2023 var eit kostbart år for vedlikehald av veglys i Stryn kommune. Året starta med at store deler av Hogane i sentrum var mørklagd, og dette viste seg vanskeleg å finne ut av. Årsaka var at eksterne hadde

skada veglyskabelen under gravearbeid fleire år i forvegen, og dette først gjorde utslag no. Det var og skade på kabel på Rake som måtte skiftast ut, dette grunna dårlege omfyllingsmasser og tele som over tid skada kabelen. Kommunen har ikkje informasjon om løyve og ansvar for desse arbeida då dei vart utførte når Stryn Energi hadde veglysansvaret.

Det har og vore strekk som har falle ut grunna gamle linjer som rammar ned, t.d. Utvik, Olden og Loen. Her har vi måtte skifte heile strekk med kabel, og i Loen sitt tilfelle tok dette svært lang tid grunna vanskar med å få arbeidsløyve av fylkeskommunen.

Loen hadde og ein del ekstrakostnadar for veglys langs nyevegen bak fryseria til NK. Her vil det truleg bli problem i framtida då det ikkje vart lagt opp til tilknytning i ny trafostasjon, og eksisterande nett er underdimensjonert. Det måtte etablerast to nye punkt for skuleveg bak Mattilsynet.

I Indrebøen kom ein ekstrakostnad på ca 30 000 då veglyskabel vart gløymd når Linja la ned luftstrekket og det måtte gravast oppatt. Her burde Linja involvert kommunen betre for å få heilheitleg løysing, noko som har vore utfordring fleire stader.

